



OPPRØR, INFILTRASJON OG INTERVENSJON

Korleis FN og UNOGIL medverka til at den libanesiske krise i 1958 vart løyst

MAGNUS ELDØY
MASTERAVHANDLING I HISTORIE
UNIVERSITETET I BERGEN, AHKR
2010



Forsida: Grappa tek i mot generalsekretær Hammarskjöld på flyplassen i Beirut. Rajeshwar Dayal (frå høgre), Galo Plaza og generalsekretær Dag Hammarskjöld. Foto: UN photo/MB.

Innhold

Abstract of the thesis	iii
Forord	iv
Kapittel 1: Innleiing	1
UNOGIL i Libanon	1
Problemstilling	3
Avgrensing	4
Disposisjon	5
Om FN, observatøroperasjonar og borgarkrig	6
Omgrep, stadnamn og språkbruk.....	8
Kjelder og kjeldebruk.....	8
Eksisterande forskingslitteratur	12
Kapittel 2: Bakgrunn for opprøret i Libanon	17
Innleiing	17
Osmansk styre	17
Mandatstyre og vegen mot sjølvstende	18
Nasjonalpakta	19
Den fyrste presidenten.....	20
President Camille Chamoun	22
Fragmentering og opprør.....	36
Forhandlingar i Tryggingsrådet.....	39
Kapittel 3: UNOGIL og infiltrasjonen	45
Innleiing	45
UNOGIL vert skipa	45
Stillediplomati	51
Kvar er alle infiltratorane?	57
Førespurnad om intervensjon	64
Kapittel 4: Amerikanarane intervenere	70
Innleiing	70
Kanonbåt diplomati eller internasjonal solidaritet?	70
Tryggingsrådet handterer den amerikansk intervensjonen	81
Kapittel 5: Krisa vert løyst	92
Innleiing	92
Presidentval –generalen som ikkje ville vera politikar.....	92
Ein ny runde i FN	97
Beirut.....	107
Kapittel 6: Oppsummering og konklusjon	116

Ein intern konflikt utanom det vanlege?	116
Kva innverknad hadde FN og UNOGIL på løysinga av krisa i 1958?	118
Bibliografi	121
Arkivkjelder	121
Publiserte FN-kjelder	121
Publiserte arkivsamlingar	122
Publiserte kjelder	122
Litteraturliste	123
Vedlegg:	127

Abstract of the thesis

On the 11th of June 1958 the United Nation Security Council decided to dispatch an observation group; United Nation Observation Group in Lebanon (UNOGIL), “(...) so as to ensure that there is no illegal infiltration of personnel or supply of arms or other materiel across the Lebanese borders.”¹ The decision was due to a complaint by the Government of Lebanon, who blamed the United Arab Republic (UAR) for intervening in Lebanon’s internal affairs. The UAR was accused of smuggling arms and infiltrating irregular soldiers to support the Lebanese opposition who at that time was waging war against their own government. This thesis aims to answer the broad question: How did Dag Hammarskjöld’s silent diplomacy and UNOGIL’s presence, -nationally and internationally respectively, contribute to the solution of the Lebanese crisis in 1958?

Earlier studies tend to emphasis the American intervention on the 15th of July, or the succeeding American diplomatic effort as the most significant contribution in solving the crisis. The objective of this thesis is hence to fill the gap in the discourse regarding UN and UNOGIL’s role in solving the conflict.

The crisis in Lebanon can be divided into two phases, separated by the landing of US forces in Beirut. In the first phase UN and UNOGIL was implementing the resolution of the 11th of June in order to put an end to the infiltration. Mr. Hammarskjöld conducted his silent diplomacy and managed to get UAR to withdraw their support, while UNOGIL presences had a positive effect on the quantity of infiltration. When the US Marines intervned, the internal conflict in Lebanon was already coming to an end, making the American forces part of the problem rather than the solution. This second phase of the crisis had a more international character, and was subject to debate in a Special Emergency Session in the UN General Assembly, where USSR demanded the immediatly withdrawal of US forces. With a new resolution of the 21th of August, Mr. Hammarskjöld and UNOGIL managed to secure Lebanon’s integrity and independence while arranging for the withdrawal of American forces.

Magnus Eldøy (b. 1984) is a student of Middle Eastern history at the University in Bergen. This thesis was completed in the spring of 2010.

¹ S/4023, 11. juni 1958. *Resolution adopted by the Security Council at its 825th meeting on 11th June 1958.*
<http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10).

Forord

Are Knudsen ved Chr. Michelsen Institutt (CMI) sette meg på sporet av United Nation Observation Group in Lebanon (UNOGIL) og interessa vart vekt då eg fann ut at denne FN-operasjonen knapt nok var nemnt i forskingslitteraturen. Historia om UNOGIL synt seg å verta veldig spanande og interessant så eg vil takka Are Knudsen for den gode ideen.

Professor og leiar for Senter for Midtaustenstudiar (SMI) ved UiB, Anders Bjørkelo har vore rettleiar gjennom to år og sjølv om det somme tider gjekk litt tid mellom kvar gong eg sendte inn utkast har han vore tolsam og har kome med gode faglege innspel og idear gjennom heile prosessen, takk.

Stor takk til medstudentar og kameratar på Midtausten-seminaret som gjennom gode faglege attendemeldingar, diskusjonar om semikolon og sosialt samvere har gjort desse to åra veldig lærerike og hyggjelege. På lesesalen og i sofakroken har eg hatt veldig godt selskap av andre komande historikarar som har gjort det til ein sær morosam og sosial periode! Lunsjquiz, Fjordland og whisky har vore fellesnemnar og bærebjelke.

Helikopterteknikar Tor Hoff som er ein av få attlevande nordmenn som tok del i UNOGIL har vore hjelpsam og gjeve meg løyve til å nytta nokre av bilete av Libanon i 1958, takk.

Familie og vener: språkvaskarane mamma (Mathilde) og mormor, historieinteresserte pappa (Jostein), Terje og Ralph Erik, - takk for støttande ord og ikkje minst alle dei gode og viktige attendemeldingane.

Til slutt vil eg takk mi kjæraste Henriette. Du har heile tida hatt trua på meg og prosjektet, sjølv når dagane vart sær lange og det var mangel på akademisk sjølvtilitt. Augo dine avslørte dårlege setningar, manglande ord og vonlaust design. Takk.

Eventuelle feil, både grammatiske og metodiske, er eine og aleine mitt ansvar.

Bergen, 17. mai. 2010

Kapittel 1: Innleiing

*There was a row in Lebanon,
Nobody knew the reason,
Some said it was a civil war,
Some other called it treason.*

*The President in his palace sat,
His doors he locked and bolted;
Impervious to his people's call,
In anger they revolted.*

*Chamoun said he'd be President,
For yet a second term,
He'd change the Constitution,
And the Deputies'id sure confirm.²*

UNOGIL i Libanon

I midten av juni 1958 vart fleire norske offiserar sendt til Libanon på oppdrag for FN. Tenestevåpenet vart lagt attende i Noreg for dette var eit uvæpna observasjonsoppdrag der offiserar frå tjuein land skulle implementere resolusjonen frå FN sitt Tryggingråd om å, ”(...) ensure that there is no illegal infiltration or personnel or supply of arms or other materiel across the Lebanese borders”³

Bakgrunnen for resolusjonen til Tryggingrådet var ein klage rådet hadde motteke frå den libanesiske regjeringa den 22. mai 1958.⁴ Den libanesiske regjeringa skulda den Sameinte Arabiske Republikken⁵ for å intervenere i Libanon sine indre tilhøve. I følgje den libanesiske regjeringa var interveneringa i form av våpen, materiell, økonomiske resursar, regulære og irregulære soldatar. Våpna og materiellet gjekk til den libanesiske opposisjonen som tidligare same månad gjorde opprør mot regjeringa, medan dei regulære og irregulære soldatane dreiv med trening av opprørarar og sabotasjeaksjonar.

² Dikt funnen i både Dag Hammarskjöld og Odd Bull sine private arkiv. Diktet har 12 vers og eg nyttar to eller tre vers føre kvart kapittel. Hammarskjöld fekk det tilsend av Dayal som òg gjev inntrykk av å vera forfattaren. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958, Correspondance, L179:105

³ FN, Tryggingrådet, resolusjon S/4023.

⁴ S/4007, 23. mai 1958. *Letter dated 22 May from the representative of Lebanon addressed to the President of the Security Council*, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁵ Den Sameinte Arabiske Republikken (frå no av; UAR). Union mellom Syria og Egypt som vart skipa den 22. februar 1958.

Opposisjonen i Libanon tok til våpen etter fleire år med misnøye knytt til politikken regjeringa førte i høve utlandet, utfrysing av politiske leiarar og dei politiske ambisjonane til president Camille Chamoun.⁶ Det er vanskeleg å peike på ein utløysande faktor for det væpna opprøret, ein må heller sjå opprøret som eit resultat av ein kombinasjon av fleire politiske hendingar. Nokre av desse hendingane var knytt til utanrikspolitik og regjeringa si avgjersle om å ikkje gje diplomatiske støtte til Egypt under Suez-krisa i 1956. Dette plasserte Libanon i ein vestleg interessesfære, eit inntrykk som vart forsterka då regjeringa i mars året etter godkjende Eisenhower-doktrinen.⁷ Innanrikspolitisk vart personlege konflikhtar mellom politiske leiarar forsterka under valet på nasjonalforsamlinga i 1957. Utstrakt valfjusk førte til at mange tradisjonelle politiske leirar vart fråteken makt og, som ein siste dråpe i begeret, vart det hevda at president Chamoun ville sitja ein ny runde som president, noko som var i strid med grunnlova. Desse politiske hendingane var i strid med Nasjonalpakta⁸ og dermed eit kraftig brot på tilliten mellom dei forskjellige konfesjonelle gruppene i landet.

På 1950- og 1960 talet var det fleire politiske straumar i Midtausten. Den sterkaste var panarabismen,⁹ som president Gamal Abdel Nasser frå UAR stod i spissen for. Nasser vart rekna som ein folkehelt i regionen og for mange bar Nasser von om sjølvstende, samhald og fridom frå europeisk imperialisme og sovjetisk klassekamp. I Libanon snudde opposisjonen seg til president Nasser og UAR for å finne støtte i kampen mot regjeringa, som var venleg innstilt mot Europa og USA. President Nasser var ikkje vanskeleg å be og han sette i gong eit massivt propagandaapparat som retta skytsa mot president Chamoun. Då opposisjonen tok til våpen våren 1958 smugla UAR inn våpen og spesialistar for å støtte opposisjonen i Libanon.

Då president Chamoun tok saka til FN svara Tryggingrådet med å senda observatørar til Libanon; United Nations Observation Group In Lebanon.¹⁰ FN-observatørane vart ståande i Libanon fram til byrjinga av desember 1958 då konflikten i Libanon enda. UNOGIL talde på det meste 591 observatørar og var spreidd utover heile landet, men med hovudtyngda i grenseområda mellom Libanon og Syria.

Konflikten i Libanon kom i verda sitt søkjelys då FN skipa UNOGIL i 1958, men

⁶ Camille Chamoun vart fødd inn ein prominent maronittisk familie i 1900. Juristutdanninga tok han i Frankrike. Vart valt inn i nasjonalforsamlinga i 1934 og kjempa for sjølvstende. Sat deretter samanhengjande i nasjonalforsamlinga fram til han vart valt til president i 1952.

⁷ Eisenhower-doktrinen var retta mot alle land i Midtausten og hadde som mål å hindre spreinga av kommunismen. Alle land som gjekk med på avtalen ville få hjelp av USA dersom dei var trua av internasjonal kommunisme. Eisenhower-doktrinen vil verta handsama nærare seinare i avhandlinga.

⁸ Nasjonalpakta er ein munnlege avtale frå 1943 mellom dei forskjellige konfesjonane i Libanon. Hovudlinjene er at Libanon er eit arabisk land med arabisk kultur. Den ligg òg føringar for fordelinga av poster i makt- og statsapparatet, samt utanrikspolitikken.

⁹ Panarabisme, eller arabisk nasjonalisme, er ideen om kulturelt og politisk einskap mellom dei arabiske landa.

¹⁰ United Nations Observation Group in Lebanon vert frametter forkorta til UNOGIL.

konflikten vart ei internasjonal krise den 15. juli då amerikanske marinesoldatar gjorde landgang i Beirut etter ein insisterande invitasjon frå president Chamoun. Intervensjonen vart teken i mot på ein særskild negative måte av Sovjetunionen, som i Tryggingrådet og Generalforsamlinga rasla med sablane og kravde endefram attendetrekking. Dermed fann Libanon seg i spenningsfeltet mellom dei to supermaktene og det vart enno viktigare å finne ei rask løysing, ikkje berre på dei interne problema i Libanon, men og lause floka mellom dei to supermaktene.

Storparten av forskningslitteraturen knytt til krisa i Libanon legg hovudvekta på den amerikanske intervensjonen og at marinesoldatane var ein avgjerande faktor i å løyse konflikten i Libanon. Då er det eit paradoks at president Nasser allereie den 22. juni 1958 lova å innstille all støtte til opposisjonen i Libanon,¹¹ medan president Chamoun gjekk offentleg ut den 9. juli og annonserte at han ikkje ville stille til val.¹² Soleis var hovudårsakene til krisa løyst allereie *før* USA intervenerte. Samstundes førte den amerikanske intervensjonen til at UNOGIL og FN sin generalsekretær Dag Hammarskjöld¹³ fekk ein ny resolusjon. Generalforsamlinga ba generalsekretæren om å leggje til rette for:

(...) such practical arrangements as would adequately help in upholding the purposes and principles of the Charter in relation to Lebanon and Jordan in the present circumstances, and thereby facilitate the early withdrawal of the foreign troops from the two countries.¹⁴

I denne avhandlinga vil eg difor studere kva rolle generalsekretær Dag Hammarskjöld og UNOGIL spelte i å løyse krisa, høvesvis internasjonalt og nasjonalt.

Problemstilling

UNOGIL si rolle i krisa i Libanon kan delast i to fasar der kvar fase vart prega av ein resolusjon frå høvesvis Tryggingrådet og Generalforsamlinga i FN. Den fyrste resolusjonen var eit resultat av UAR si innblanding i indre libanesiske tilhøve, medan den andre kom som ein følgje av den amerikanske intervensjon i Libanon. Ei problemstilling som skal dekkje over både desse resolusjonane og halda seg til ein kontekst som er så dynamisk må formulerast

¹¹ *Memorandum etter møter med president Nasser, av Dag Hammarskjöld, 22 juni 1958*, Secret, side 1, I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10-July 20. L179:104.

¹² *The Times (London)*, "Mr. Chamoun to leave Presidency", 9. juli 1958

¹³ Dag Hammarskjöld (1905-1961) tok imot doktorgraden sin i økonomi i 1933. Han jobba i den svenske sentralbanken og i den svenske utanrikstenesta der han var utanriksminister. Hammarskjöld tok over som generalsekretær etter Trygve Lie i 1953. Lie hadde mista legitimiteten ovanfor Sovjetunionen så den svenske diplomaten utan tilhøve i noko politisk parti vart rekna som ein god kompromisskandidat til rolla som FN sin øvste leiar.

¹⁴ A/3905, *Resolutions adopted by the General Assembly during its Third Emergency Special Session from 8 to 21 August 1958*. Side 1, 1237 (ES-III) Questions considered by the Security Council at its 838th meeting on 7th August 1958. Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

nokså breitt:

Korleis medverka stillediplomatiet til Dag Hammarskjöld og nærvere til UNOGIL, høvesvis internasjonalt og nasjonalt, til at krisa i Libanon i 1958 vart løyst?

Forskingslitteraturen er sær s mangelfull når det kjem til handteringa av rolla til FN og UNOGIL i løysinga av krisa i 1958. I arbeidet med sjølvbiografiane til FN tenestemenn som tenestegjorde i Libanon og forskingslitteraturen, fann eg ut at det ikkje var noko samsvar mellom korleis tenestemennene og forskingslitteraturen omtalar rolla til FN i krisa. Odd Bull¹⁵ ytrar allereie i føreordet til sjølvbiografien sin at ”(...) generalsekretær Dag Hammarskjöld og FN’s observasjonsgruppe spilte en betydelig rolle for løsningen av denne meget alvorlige internasjonale situasjonen.”¹⁶ Dette står i sterk kontrast til forskingslitteraturen som generelt kvilar på følgjande idear om rolla til FN og UNOGIL: at krisa i stor grad var løyst *før* UNOGIL i det heile var store nok til å ha noko innverknad, at UNOGIL mangla verkemiddel som kunne gjort dei i stand til å ha ein reell innverknad på løysinga, eller at den amerikanarane intervensjonen løyste krisa.

Om det er forskingslitteraturen eller Odd Bull og andre som var på oppdrag for FN som har feil inntrykk av rolla til FN og UNOGIL i krisa, står att å sjå.

Avgrensing

Tidsavgrensing

UNOGIL var operativ i omlag fem månadar; frå den libanesiske regjeringa la fram klagen i Tryggingrådet den 6. juni 1958, til den 16. november då klagen vart sletta frå sakslista til Tryggingrådet. Den tidsmessige avgrensinga er etter måten enkel å halde seg til sidan perioden har ei så tydeleg byrjing og ending. Samstundes hevda den libanesiske regjeringa at infiltrasjon over grensa var massiv *før* UNOGIL starta med patruljeringa den 11. juni, og opposisjonen i Libanon tok til våpen allereie i mai, difor må eg ta med ein del hendingar frå *før* UNOGIL kom til Libanon. Dette vert lagt til kapittel to som ein del av den historisk bakgrunnen.

¹⁵ Odd Bull (1907-1991) frå Oslo var yrkesoffiser som starta karrieren i som pilot i det norske flyvåpenet før 2. verdskrig og var med på attoppbyggjinga av det norske luftforsvaret og var flykommandør for Sør-Noreg då han reiste til Libanon for FN i 1958. Deretter var han generalløytnant og sjef for det norske luftforsvaret før han reiste til Midtausten att i 1963 for å leia UNTSO.

¹⁶ Bull 1973, side 10.

Aktøragrensing

Kjeldene i avhandlinga er basert på arkiva etter enkeltpersonar, FN og utanriksdepartementa til aktuelle statar. Hovudfokuset er likevel knytt til FN: General Odd Bull, Galo Plaza og Rajeshwar Dayal var medlemmer i *Gruppa* som organiserte og leia observatørane i Libanon.¹⁷ Desse kjem til å spela ei viktig rolle i relasjonen mellom UNOGIL og lokale politiske leiarar og diplomatar i Libanon. Dag Hammarskjöld spelar òg ei viktig rolle i krisa og gjennom kjeldene som generalsekretæren har etterlata seg, kjem fleire aktørar inn i historia. Mange av desse er statsleiarar, politikarar og diplomatar.

Avgrensing av tema

Krisa i Libanon vert studert i om lag eit halvt dusin bøker. Dei handsamar krisa på forskjellig måte og legg særskild vekt på tre einiskilde tema; den amerikanske intervensjonen, arabisk nasjonalisme eller libanesisk politikk. Felles for alle bøkene er at rolla til FN i krisa ikkje vert handsama i noko særskild grad. Dette holet i historieskrivinga om krisa i 1958 vonar eg at avhandlinga kan hjelpe til med å fylla.

Gjennom dei fem månadane skjer det mange viktige hendingar som må forklarast utan avbrot for å skjønna kva som skjer i neste omgang. Alt heng nøye saman uavhengig av om det skjer i Beirut, Washington, Kairo eller New York. Difor høver ei kronologisk framstilling best i denne avhandlinga.

Jordan spelar òg ei rolle i denne historia, i alle fall regionalt og internasjonalt. Jordan vart òg utsett for negativ propaganda i regi av UAR. Den jordanske monarken bad om støtte og den 17. juli intervenerte Storbritannia med nokre tusen fallskjermsoldatar. Sovjetunionen og UAR var særskild skeptiske til ei slik handling, og i FN-institusjonar vert problema til Libanon og Jordan handsama side om side. Sjølv om Jordan dukkar opp med jamne mellomrom i avhandlinga har eg valt å sjå heilt vekk i frå kva som skjer i Jordan, då eg reknar krisene i desse landa som uavhengig av kvarandre.

Disposisjon

I dette fyrste kapitelet ynskjer eg å introdusere temaet og problemstillinga, plassera avhandlinga i høve til eksisterande forskingslitteratur, og gjera greie for kjeldebruk og problem med desse. Kapittel 2: Bakgrunn for opprøret i Libanon vil eg nytta til å gje ei

¹⁷ Dayal, Plaza og Bull operere ofte som ei stemme. Difor er det nyttig å somme tider omtale dei under eit felles namn som då syner dei felles ytringane og oppfatningane til Gruppa.

innføring i historia til Libanon fram til 1958 for å setje temaet inn ein historisk kontekst. Denne historia er komplisert, så det er etter måten mykje bakgrunnsinformasjon og hendingar i relasjon til korleis krisa utvikla seg som må presenterast i dette kapitlet.

Dei neste tre kapitla utgjer hovuddelen av oppgåva. Kapittel 3: UNOGIL og infiltrasjonen. tek føre seg skipinga av UNOGIL, *stillediplomatiet*¹⁸ til Dag Hammarskjöld og misnøya den libanesiske regjeringa med funna til FN-observatørane. Dette skjer innanfor den fyrste månaden UNOGIL var utplassert i Libanon og det daglege verket til FN-observatørane vert ei form for ramme rundt alle hendingar. Kapitlet endar med at president Chamoun insisterer på ein militær intervensjon. Kapittel 4: Amerikanarane intervenere, handsamar den amerikanske intervensjon i Libanon, og kva følgjer dette får for Libanon og UNOGIL. Den påfølgjande diskusjonen i Tryggingrådet vert òg handsama og korleis dette endrar rolla til UNOGIL i Libanon. Kapittel 4, Krisa vert løyst, tek føre seg valet på ny president, det ekstraordinære møtet i Generalforsamling og den nye resolusjonen og kva konsekvensar dette får for UNOGIL, Libanon og attendetrekking av marinesoldatane. Kapitlet endar med at krisa tek slutt og FN-observatørane reiser heim.

I kapittel 6, Oppsummering og konklusjon, vil eg knytta saman alle lause trådar og finna svar på problemstillinga som vart presentert i innleiinga.

Om FN, observatøroperasjonar og borgarkrig

Hovudføremålet til Dei sameinte nasjonane (FN) er å oppretthalde internasjonal fred og tryggleik. På vegne av alle medlemslanda har Tryggingrådet plikt til å gripe inn når det er naudsynt for å hindra brot på føremåla og prinsippa til FN slik det står skildra i Charteret.¹⁹ For å handheve internasjonal fred og tryggleik har Tryggingrådet to typar tvangsmiddel til disposisjon. Det fyrste er alle tiltak som ikkje omfattar bruk av makt, til dømes mekling, forhandlingar, diplomatisk brot eller forstyrra handel og kommunikasjon.²⁰ Dersom desse tiltaka ikkje er nok, kan Tryggingrådet nytta militær makt for å atterreise internasjonal fred og tryggleik.²¹

¹⁸ Stillediplomati, eller "quiet diplomacy" er på mange måtar det motsette av kanonbåt-diplomati. Det vil sei at det ikkje ligg nok klår trussel bak diplomatiet. Stillediplomati er skjult frå ålmenta og er utført på eit høgt nivå, anten direkte mellom statar eller av ein tredjepart. Sjå *Options and Techniques for Quiet Diplomacy* av Collins, Craig og Packer, John, i *Conflict Prevention Handbook Series* 2006, Initiative on Conflict Prevention through Quiet Diplomacy saman med Folke Bernadotte Academy. <http://www.hri.ca/pdfs/Vol.%201%20%20Options%20&%20Techniques%20for%20Quiet%20Diplomacy.pdf> (Kontrollert den 26.04.10) Generalsekretær Dag Hammarskjöld var kjent for å nytte denne forma for diplomati. Qubain 1961, side 96.

¹⁹ FN sitt Charter, kapittel V, artikkel 24. <http://www.un.org/en/documents/charter/> (Kontrollert 14.05.10)

²⁰ Sjå FN sitt Charter, kapittel VII, artikkel 42. <http://www.un.org/en/documents/charter/> (Kontrollert 14.05.10)

²¹ Sjå FN sitt Charter, kapittel VII, artikkel 43. <http://www.un.org/en/documents/charter/> (Kontrollert 14.05.10)

Sidan skipinga av FN har det vore fleire observatøroperasjonar i Midtausten. United Nations Truce Supervision Organization (UNTSO) vart sendt til grenseområda mellom Israel og hennar respektive arabiske naboland i 1948 for å overvaka implementeringa av våpenkvileavtalane. UNTSO er framleis operativ og i 1958 medverka organisasjonen med observatørar til UNOGIL. FN-observatørar har vorte sendt til grensa mellom India og Pakistan på 1950- og 1960 talet (UNIMOGIP/UNIPOM), mellom Jemen og Saudi Arabia (UNİYOM), mellom Iran og Irak (UNIIMOG), og så bortetter.²²

Eit felles trekk for dei fleste FN-operasjonar med mandat om å observera, er at FN-observatørar har vorte sendt til ei konfliktsone *etter* at krisa eller krigen tok slutt, gjerne for å overvaka implementeringa av ein våpenkvile eller fredsavtale. I så måte skil UNOGIL seg frå dei fleste observatør-operasjonar, både før og etter 1958. UNOGIL vart sendt til Libanon for å overvaka grensa mellom Libanon og Syria (UAR) utan at det hadde vore krig eller krigsliknande tilhøve mellom dei to statane. UNOGIL skulle dekkje Tryggingrådet si pressande trong for å finne ut om det var noko infiltrasjon i regi av UAR, slik president Chamoun hevda. Hovudproblemet låg internt i Libanon og UNOGIL var på mange måtar dømt til å verte involvert i indre nasjonale problem. Slik dreiv UNOGIL med nybrottsarbeid då det var fyrste gong FN involverte seg i ein nasjon som var råka av borgarkrigsliknande tilhøve, sjølv om dette nybrottsarbeidet eigentleg ikkje var ein del av resolusjonen.

Krisa i Libanon vert av somme omtala som ein borgarkrig medan andre kallar krisa for ein revolusjon.²³ Det var utan tvil eit opprør retta mot regjeringa men om det utvikla seg til ein full borgarkrig varierar ut i frå korleis ein definerer omgrepet.²⁴ Støtte frå utlandet og ein konflikt som raskt vart fastlåst, i alle fall militært, talar for å nytta omgrepa krise eller opprør, men det endrar ikkje faktumet at konflikten var mellom innbyggjarar i same stat og at mellom 1000 og 2000 menneskeliv gjekk tapt.²⁵ Uavhengig om konflikten skal omtalast som ein revolusjon, opprør, krise eller borgarkrig så tok konflikten ein internasjonal retning då saka var presentert føre Tryggingrådet og verdsamfunnet blanda seg inn både med fredelege og militære verkemiddel, dimed vel eg å nytta omgrepa *krise* og *opprør*.

Det er fleire teoriar for korleis ein borgarkrig endar, men generelt kan ein dele prosessen

²² Sjå Marki 2003 for oversikt over alle observatøroperasjonar i regi av FN.

²³ Bull omtalar krisa som ein borgarkrig, Bull 1973, side 17, president Chamoun kallar krisa for ein freistnad på revolusjon, Chamoun 1963, side 411

²⁴ Det er mange måtar ein kan definere omgrepet borgarkrig. Nokre tel talet på offer, ander vurderer kva ein sloss om, men hovudpoenget er at det er borgarar i den same staten som sloss og tek livet av kvarandre.

²⁵ Tala på kor mange menneskeliv som gjekk tapt under krisa i 1958 varierar. *Time Magazine* melder om om lag 2000 drepne ("Lebanon: The search" 4. august 1958.), Attié skriv at hæren rapporterte at innan den 22. juni 1958 var 1400 drept (Attié 2005, side 190)

inn i tre steg. Fyrst må dei kjempande bestemme seg for å gå i gong med samtalar, så må det forhandlast fram ein avtale som fjernar kjeldene til konflikten. Til slutt må avtalen implementerast.²⁶

Omgrep, stadnamn og språkbruk

For dei som er kjend med det breie spekteret av politiske parti ein finn i Libanon kan inndelinga i *opposisjon* og *loyalistar* framstå reduksjonistisk. Det var sjølvsagt politiske parti og grupper som heldt seg utanfor konflikten, men då desse var i klårt mindretal og ikkje var tydelege aktørar under krisa, vel eg å sjå vekk frå utanforståande parti og grupperingar. Generelt var maronittane knytt til loyalistane medan muslimane (særskild sunnimuslimane) var knytt til opposisjonen. Dette er òg ei rasjonalisering av røyndommen, men sidan avhandlinga har hovudvekt på europeiske kjelder og ser konflikten frå ein internasjonal ståstad, vert det for omfattande å ta høgde for alle muslimane som støtta president Chamoun og vice versa. Når det er sagt, er det verdt å nemne den maronittiske patriarken Boulos Boutros Meouchi, som var ein bitter motstandar av politikken som trusbroren president Chamoun førte ovanfor muslimane.²⁷

I avhandlinga er det aktørar frå alle delar av verda og sjølv om engelsk språk er dominerande i kjeldene møter ein på arabiske person- og stadnamn med jamne mellomrom. Fransk var mykje nytta i Libanon etter mandattida, dermed finn eg det høveleg å nytte den franske forma for transliterasjon av arabisk. Camille Chamoun er den franske forma av *Kamīl Sham'ūn* som er transliterasjon av كميل نمر شمعون

Fleire stadnamn er ålmenn kjent, desse skriv eg som normalt. Til dømes Bekaadalen og ikkje Biqâ- eller Beqaa-dalen. Andre stadnamn som er meir ukjende vil eg nytte den franske forma som ein finn på kart frå 1950 talet.

Kjelder og kjeldebruk

Denne avhandlinga er tufta på to typar kjelder som er av svært ulik natur; biografiske bøker og statlege eller private arkiv. Kjelder frå statlege institusjonar som vert samla i dokumentsamlingar er òg viktige. Dei biografiske bøkene er ført i pennen av hovudpersonane sjølv eller av ein forfattar. Dokumenta frå arkiva er laga av statlege institusjonar eller privatpersonar, ofte utan tanke på at dokumenta ein gong skal offentleggjerast og skil seg

²⁶ Walter 2002, side 19.

²⁷ Kanaa 2005, side 176-7. Sjå same forfattar for meir om dei einskilde konfesjonelle gruppene i Libanon og deira rolle under krisa i Libanon i 1958.

såleis klårt frå biografiar som er tekstar skriven med tanke på publisering. Arkivkjeldene er i all hovudsak henta frå tre arkiv, men deponert av særskilte personar og institusjonar. Det private arkivet etter Generalsekretær Dag Hammarskjöld i Nasjonalbiblioteket i Stockholm, privatarkivet etter general Odd Bull som vart deponert i Riksarkivet i Oslo, arkivet etter det Norske Utanriksdepartementet som ligg same stad og arkivet etter U.S State Department i som ein finn i Washington.

Kjeldene denne avhandlinga baserar seg på kjem i all hovudsak frå arkiv i Europa eller USA og, ein får dermed eit internasjonalt innfallsvinkel på krisa. Hovudtynga av kjeldene er frå arkiv etter FN eller personar knytt til denne organisasjonen, så det er primært perspektivet til FN som vert skildra og fortalt i avhandlinga. Ved å nytte kjelder frå UAR (Egypt og Syria) og Libanon kunne ein potensielt fått eit anna og meir lokalt perspektiv, men det er ikkje målet med avhandlinga. Dessutan er det ein kjent sak at Libanon manglar eit riksarkiv, medan Egypt og Syria ikkje er interessert i å dele dokumenta sine med resten av verda. Dersom det ein dag vert opna for forskning i dei nemnte arkiva, er det mykje spanande informasjon som kan kome fram og såleis kan kaste eit nytt lys over krisa.

Privatarkiva til generalsekretær Dag Hammarskjöld og general Odd Bull i høvesvis Stockholm og Oslo.

I Stockholm hjå det Kunglige Bibliotek ligg arkivet etter generalsekretær Dag Hammarskjöld; *Dag Hammarskjölds Samling, Middle East Conflict (Lebanon), 1958*. Arkivet vart flytta frå FN sitt hovudkvarter i New York til Stockholm etter at Hammarskjöld omkom under ei reise i samband med intervensjonen til FN i Kongo i 1961. Arkivet er mangfaldig og eg fann åtte arkivboksar om UNOGIL som var av stor interesse. Møtereferat, brev og notat, som er av ein privat karakter, syner tankane til Hammarskjöld og står som eit godt prov på det aktive stillediplomatiet han utøvde sommaren 1958. Dei same arkivboksane inneheld brev- og telegramkorrespondanse mellom Hammarskjöld og leiarane for UNOGIL i Beirut, samt resolusjonar, rapportar og liknande.²⁸ Desse dokumenta frå arkivet etter Hammarskjöld gir nyttig og tidvis unik informasjon om private vurderingar og arbeidet opp mot alle partar i forhandlingar om resolusjonar og utveksling av meiningar.

Privatarkivet etter General Odd Bull er deponert ved Riksarkivet i Oslo og inneheld mange arkivboksar frå heile den militære karrieren til Bull. Alle dokument om UNOGIL er

²⁸ Nokre resolusjonar, rapportar, møtereferat frå Tryggingrådet finn ein òg på FN sine heimesider; <http://www.un.org/en/documents/index.shtml>. Alle dokumenta til organisasjonen vert lagt ut på verdsveva etter kvart som dei vert digitalisert.

samla i ein arkivboks og er fritt tilgjengeleg for ålmenta. Bull var ein av tre leiarar i Gruppa som organiserte og leia FN-observatørane. Med militære bakgrunn hadde Bull eit særskild ansvar for observatørane og overvakinga av grenser på bakken og frå lufta. I likskap med dokumenta til Hammarskjöld er møtereferata og private notat etter Bull særskild interessante. Ei nesten komplett dagbok gir god innsikt i kvardagen for ein FN-tenestemann i Libanon i 1958.

Arkivet etter Utanriksdepartementet ved Riksarkivet i Oslo

Arkivet etter utanriksdepartementet, *Utanriksdepartementet, saksarkiv 1950-1959, serie DZA, ekse 1302, 1303 og 1304*, var ikkje ferdig katalogisert, så eg var nøydd til å søkje riksarkivaren om særskild innsyn grunna personopplysningar som framleis skal vera unnateke for generell innsyn.²⁹ Storparten av dokumenta var gradert fortruleg, hemmeleg eller strengt hemmeleg, men alt vart nedgradert og opna for avgrensa innsyn i 1989. Arkivet inneheld for det meste rapportar og korrespondanse mellom departementet i Oslo og tenestemenn i utlandet. Ambassaden i Ottawa sendte ofte interessante telegram sidan det kan verke som om Noreg og Canada samkøyrde handlingar i høve FN og USA. Korrespondanse mellom UD og den norske delegasjonen til FN i New York er òg aktuell sidan Noreg la fram resolusjonar og samarbeida tett med generalsekretær Hammarskjöld. Ein noko særskild kategori er rapportar frå ambassadesekretær Leif Edwardsen som vart sendt til Beirut for å assistere Odd Bull.³⁰ Edwardsen skriv om tilhøva i Libanon og har mykje innsideinformasjon om handlingane til UNOGIL og samtalar ofte med personar frå diplomatkorpset i Beirut. Rapportane ber somme tider preg av å ha vorte skrivne same dagen som ei hending fann stad, ofte for å rekkja ein kurer som skulle mot Europa. Eg reknar ikkje dette for å vere negativt då det syner eit fyrstehandsinntrykk av hendingar i ein kontekst som endra seg raskt.

Ved same arkiv fann eg nokre mapper om UNOGIL høvesvis etter Forsvarets Krigshistoriske avdeling (*Serie Ed, eske 152, merka XII-6508 FN-aksjonen i Libanon*). Dei inneheldt ei spørjeundersøking av offiserar som hadde gjort teneste for FN og nokre einskilde skriv.

²⁹ Jamfør Forvaltningslova §13d.

³⁰ Leif Edwardsen tenestegjorde som ambassadesekretær i Kairo, men vart stilt til Odd Bull sin disposisjon med det same UNOGIL vart skipa. Edwardsen si rolle var noko uklar både for han sjølv og leiarane i UNOGIL. Kven rapporterta han *eigentleg* til, men etterkvart vart han oppnemnd til *Chargé d'affaires* og fekk dermed ei meir formell rolle som Noreg sin representant. Det vart seinare misnøye med denne blandinga av roller så Edwardsen vart han tilsett i den sivile administrasjonen som jobba for UNOGIL.

Dokumentsamlingar

Ein anna kategori kjelder som eigentleg stammar frå arkiv etter statlege institusjonar er dokumentsamlingar. Ei dokumentsamling som vert nytta aktivt i avhandlinga er frå utanriksdepartement til USA og vart gjeven ut i serien *Foreign Relations of the United States* i 1992. Dokumentsamlinga er skriven og redigert av The Historian of the Department of State og er ei samling av både opne og tidligare nedgraderte dokument frå den amerikanske utanrikstenesta og frå kontoret til den dåverande presidenten. Den aktuelle samlinga er redigert av John P. Glennon og Louis J. Smith og dekkjer Jordan og Libanon i perioden 1958 til 1960. I innleiinga skriv forfattarane at samlinga "(...) is guided by principles of historical objectivity and accuracy."³¹ Likevel er det føreteke ei utval av dokument og dermed må ein stille seg kritiske til uvalet og om forfattarane kan ha hatt potensielle formål som kan ha ført til at nokre dokument vart heldt attende medan andre vart trekt fram. I følgje forfattarane var det naudsynt å velje ut dokument av omsyn til plass, difor vart krisa i 1958 og den amerikanske intervensjonen prioritert i utvalet. Likevel er dette eit utval føreteke av ein tenestemann som er tilsett hjå staten og ein kan dermed ikkje ta det for gitt at alle aktuelle dokument er teke med. Mange av hendingane eg studerar i avhandlinga finn ein omtala i dokument frå fleire arkiv og kjelder. Det er såleis mogleg å sjekke graden av balanse. Ei slik dokumentsamling har likevel store fordelar då ein har enkel tilgjenge til naudsynte dokument utan å måtte vitje arkiv i til dømes USA.

Ei anna dokumentsamling som vert nytta er *The Lebanese Crisis 1958. A Documentary Study*. Dette er eit utval av dokument som var tilgjengeleg for ålmenta i 1958; avisutklipp, kommuniké, politiske pamflettar og liknande. Mohammed Shafi Agwani er professor i Vestasiatiske studiar ved Indian School of International Studies, Jawaharla Nehru Universty i New Dehli og gav ut samlinga i 1965. Denne stiller seg i eit litt anna lys enn utgjevinga til Glennon og Smith sidan Agwani har samla saman offentlege dokument frå eit breitt spekter av kjelder, og med eit ytra ynskje om å "(...) illustrate the respective viewpoints of the individuals, groups and countries directly or indirectly concerned with the happenings in Lebanon in 1958."³² Eit problem som melder seg er at fleire av kjeldene er samandrag av til dømes ein lang tale. Plassmangel er den openlyse forklaringa, men det gir likevel Agwani høve til å vere selektiv. I likskap med Glennon og Smith gir Agwani si samling av dokument lettare tilgong for oss som ynskjer å studere krisa i Libanon.

³¹ Glennon og Smith 1992, side III (innleiing).

³² Agwani 1965, innleiing.

Eksisterande forskningslitteratur

Det er skrive mykje om historia til Libanon. Landet ligg i kryssingspunktet mellom tre kontinent og dei fleste religionar er representert hjå den vesle folkesetnaden. Dette har ført til fleire konflikhtar av varierende storleik som ser ut til å ha ei viss tiltrekking på forskarar frå heile verda. Borgarkrigane frå 1975 til 1990 er framtrudande i forskningslitteraturen og ein finn bøker innanfor dei fleste samfunnsvitskaplege og humanistiske tradisjonar, som handsamar desse borgarkrigane frå alle moglege innfallsvinklar. Dei få bøkene som handsamar krisa i 1958 har ein tendens til å leggje hovudfokuset på den amerikanske intervensjonen medan FN og UNOGIL vert knapt nok nemnt.

Generell historieskriving om Libanon

For å byrje med oversynsverk som tek føre seg Libanon sin moderne historie finn ein to gode bøker av høvesvis Kamal S. Salibi³³ og Fawwaz Traboulsi³⁴. Verket til Salibi, *The Modern History of Lebanon*, kom ut i 1965 og har sidan vorte rekna som det fyrste verket som tek føre seg historia til Libanon som ei geografisk og politisk eining, og ikkje berre som ein del av Syria, det franske mandatet, eller Det osmanske riket. Salibi hadde eit klart mål med historieskrivinga si. Han ynskte å finne sanninga i historia basert på eit nøysamleg studie av kjelder. Målet er ikkje så uvanleg i seg sjølv, men i Libanon der politiske overtydingar og myter knytt til etymologi legg føringar for historikaren sitt arbeid, var Salibi ganske aleine. Likevel hevdar enkelte at Salibi ikkje berre skildrar Libanon slik landet var, men korleis han meinte det burde vere.³⁵ Den til dels normative historieskrivinga til Salibi synte ein ide om ein særeigen libanesisk identitet knytt til det maronittiske.³⁶ Då Salibi skeiv *The Modern History of Lebanon* trudde han fast på eit Libanon der den kristne majoriteten skulle dominere, men dette endra seg utover 1970 talet med starten av borgarkrigane. Då det vart ålment kjent at maronittane hadde samarbeida med Israel i kampen mot eigne landsmenn omfamna Salibi arabisk nasjonalisme i staden. Dette kjem tydeleg fram i Salibi si bok, *Crossroads to Civil War* frå 1976. Sjølv om Salibi hadde ein agenda då han skreiv *The modern History of Lebanon* er han grundig i kjeldekritikken, og særleg den nyare delen av historia står framleis godt.

³³ Kamal Salibi er frå Libanon og tok doktorgraden sin på Maronittisk historieskriving ved School of Oriental and African studies. No er han professor emeritus ved American University in Beirut.

³⁴ Fawwaz Traboulsi er førsteamanuensis i historie og politikk ved Lebanese American University in Beirut.

³⁵ Choueiri 2003, side 130.

³⁶ Maronittane er ei kristen kyrkje som har vore i kommunjon med Den katolske kyrkja sidan 1100 talet. Opprinninga er noko uklår og dette har vore grunnlag for mange konflikhtar. Myter om opphavet har vorte nytta som argument for eit Libanon dominert av kristne. Maronittar finn ein hovudsakleg i Libanon og dei er den største kristne konfesjonen.

Det var spenning knytt til utgjevinga av boka til Fawwaz Traboulsi, *A History of Modern Lebanon* i 2007. Boka er det fyrste oversynsverket over historia til Libanon sidan boka til Salibi vart gjeven ut 42 år tidligare. Med tanke på alt som har skjedd i Libanon dei siste 40 åra er det ei spanande historie Traboulsi tek føre seg. Traboulsi nyttar fleire nye kjelder frå osmanske arkiv, arkivet etter det amerikansk utanriksdepartementet og sjølvstapt den mangfaldige sekundærlitteraturen frå dei siste 40 åra. Traboulsi har i likskap med Salibi eit mål med verket sitt. Han ser det som eit stort problem at tilhøyrarane av dei forskjellige konfesjonane fortel historia på kvar sin måte. Han meiner det er ein reduksjonistisk tankegang å knytte identitet utelukkande til religiøs trusretning, noko som er alt for enkelt når ein skal fortelja historia til eit land.³⁷ Såleis tek Traboulsi mål av seg å fortelja kva som *verkeleg* har skjedd ved å dra inn klasse, økonomi, geografi og kulturelle forskjellar i staden for leggja hovudtyngda på konfesjonane når ein skal granska og fortelja historia. Det endelege målet er å samla libanesarane rundt ei historisk *sanning* då ”We are told that history does not repeat itself, yet it has a remarkable knack for reactualising past events and scenes.”³⁸

I desse to oversynsverka vert krisa i 1958 handsama over eit par sider, noko anna kan ein ikkje forventa i eit oversynsverk. FN og UNOGIL si rolle vert derimot knapt nemnt. Salibi skriv:

In late June, United Nations observers were sent to report on the situation. The Secretary-General, Dag Hammarskjöld, himself tried to negotiate a settlement by procuring mutual concessions from Abd al-Nasir and President Chamoun. The United Nation mission, however, was not successful.³⁹

Traboulsi nyttar fem linjer på FN sin innsats:

On the other hand, The UN group of observers (UNOGIL) dispatched to investigate the military intervention of the UAR in Lebanese internal affairs confirmed the flow of arms from Syria but not the Lebanese government’s allegations about the participation of Syrian or Egyptian troops in the fighting.⁴⁰

Den libanesiske krisa handsama i forskingslitteraturen

FN og UNOGIL lir same lagnad hjå alle forfattarane som fokuserar på krisa i 1958. Forskingslitteraturen om krisa i Libanon er likevel mangfaldig og fokuset i litteraturen kan delast inn i tre kategoriar; arabisk nasjonalisme, amerikansk intervensjon og den intern libanesisk konflikten.

³⁷ Traboulsi 2007, side viii (innleiinga)

³⁸ Ibid., side 39.

³⁹ Salibi 1965, side 202.

⁴⁰ Traboulsi 2007, side 135.

Litteraturen om arabisk nasjonalisme handsamar temaet stort sett som ei brei rørsle i heile Midtausten. Krisa i Libanon vert ofte nytta som eit døme på korleis stormaktene involverte seg i Midtausten for å stoppa Nasser og leggja ein dempar på draumen om arabisk nasjonalisme.⁴¹

Den amerikanske intervensjonen vert handsama i fleire avhandlingar skriven i USA på 1960- og 1970 talet. Desse forfattarane er mest interessert i den amerikanske intervensjonen i seg sjølv og ytrar seg ofte med sær positive ord om intervensjonen.⁴²

Den siste kategorien, som er mest interessant for denne avhandlinga, er litteratur om sjølve krisa i Libanon. Forskingslitteraturen i denne kategorien fortel mykje om kva som skjedde i Libanon denne sommaren, og vert referert til gjennom heile oppgåva. Den eldste boka, *Crisis in Lebanon*, er skriven av statsvitaren Fahim I. Qubain som leia Middle East Institute i Washington frå 1958. Qubain har eit heilt kapittel som tek føre seg forhandlingane i Tryggingrådet og Generalforsamlinga og presenterer ein gjennomgang av dei fem rapportane som Gruppa skreiv om implementeringa av resolusjonen. Han vurderer resolusjonen av 11. juni som eit kompromiss for å hindre at Tryggingrådet køyrde seg fast, og omtalar den brå auken i talet på observatørar frå august til oktober som høgst tankevekkjande.⁴³ I høve UNOGIL konkluderar Qubain med at UNOGIL i beste fall medverka til løysinga av krisa på eit moralsk nivå med sitt nærvere, men dei "(...) lacked all the elements which would have enabled it to fulfil its mission."⁴⁴ Amerikanarane får derimot betre omtale då Qubain meiner at intervensjonen "(...) is an excellent example of a limited war for limited objectives."⁴⁵

Tre verk av nyare dato er *Notes from the Minefield. United States Intervention in Lebanon and the Middle East, 1945-1958* av Irene L. Gendzier, *Struggle in the Levant. Lebanon in the 1950s* av Caroline Attié og *Lebanon 1860-1960: A Century of Myth and Politics* av Claude Boueiz Kanaan. Dei to fyrste forfattarane støttar seg på amerikanske og britiske kjelder, men fokuserar på høvesvis amerikansk politikk i Libanon og indre tilhøve i Libanon. Kanaan har ein meir antropologisk tilnærming og legg hovudvekt på dei einskilde konfesjonelle gruppene når ho handterer krisa.

Gendzier er professor i statsvitskap ved Boston University. Boka hennar er veldig

⁴¹ Sjå til dømes Louis, Roger Wm. & Owen, Roger (editors), *A Revolutionary Yea. The Middle East in 1958*, 2002, I. B. Tauris Publishers: London, eller Yaqub, Salim, *Containing Arab Nationalism. The Eisenhower Doctrine and the Middle East*, 2004, The University of North Carolina Press: North Carolina.

⁴² Sjå til dømes; Shulimson, Jack. 1966. *Marines in Lebanon, 1958*. Washington: Historical Branch, G-3 Division Headquarters, U.S. Marine Corps.

⁴³ Ibid., side 150.

⁴⁴ Ibid., side 173.

⁴⁵ Ibid., side 175.

spanande då ho nyttar nyleg opna arkiv etter det amerikanske utanriksdepartementet og argumenterer for at hovudårsakene for den amerikanske intervensjonen var å verne vestlege interesser i Midtausten. I følgje Gendzier var planen til amerikanarane å tryggja amerikanske interesser, særskild oljetransporten, gjennom politisk og militær støtte til president Chamoun.

Attié, som har ein doktorgrad i historie frå University of Texas, nyttar mange av dei same kjeldene som Gendzier, men fokuserer hovudsakleg på den libanesisk konteksten. Attié legg vekt på politiske, økonomiske og sosiale utfordringar i Libanon. Ho meiner at fleire brot med nasjonalpakta under styret til president Chamoun førte til at konsensusen mellom dei ulike konfesjonane forvitra. Denne konsensusen er Libanon smerteleg avhengig av og dermed var den væpna krisa eit faktum. Attié konkluderar med at det ikkje kan vere noko tvil om Chamoun ynskte å stille til val som president. Den amerikanske intervensjonen vert òg diskutert. Attié argumenterar for at intervensjonen *ikkje* hadde noko å seie for løysinga då krisa gjekk mot ein ende allereie *før* amerikanarane gjorde landgang. I staden var det hendingar utanfor Libanon som var årsaka til intervensjonen. Når det gjeld FN og UNOGIL meiner Attié at

By the time the UNOGIL was organized and sufficiently equipped to fulfil its mission, a new president of the republic had been elected and the crisis was by then to a large extent defused.⁴⁶

Kanaan er professor i historie ved St. Joseph's University i Beirut. I motsetnad til andre forfattarar som legg vekt på kampen mellom vestleg hegemoni og arabisk nasjonalisme, forklarar Kanaan krisa utifrå ein konflikt mellom maronittane og sunnimuslimane. Ho argumenterar med at kvar konfesjonell gruppe hadde ein nasjonal identitet, som fram mot 1958 gjorde det vanskeleg å skape konsensusen som var naudsynt for å halde nasjonalpakta i hevd. Krisa i 1958 var eit resultat av ein konflikt som oppstod grunna mangel på konsensus. Sjølve innfallsvinkelen er ikkje så ulik Attié, men Kanaan legg hovudvekt på korleis maronittane og sunnimuslimane generelt sett heldt seg til kvarande og dei andre faktorane i krisa. Eit interessant faktum som ho peikar på er at maronittane omfamna UNOGIL då dei kom til Libanon og dei vona at FN ville støtta skuldningane til Chamoun. Opposisjonen var på si side sær negativ til observatørane då dei meinte at krisa var ein intern strid. Då UNOGIL publiserte den fyrste rapporten den 3. juli endra dette bilete seg fullstendig for i rapporten konkluderte observatørane med at dei ikkje hadde observert noko intervensjon. Maronittane svara med å kritisere FN-observatørane medan opposisjonen opna opp for tilgjenge langs

⁴⁶ Attié 2004, side 217.

grensa.⁴⁷

UNOGIL vert studert i to artiklar. I 1964 publiserte Gerald L. Curtis, som er professor i statsvitenskap ved Columbia University, artikkelen ”The United Nations Observation Group in Lebanon” i tidsskriftet *International Organization*. Artikkelen er tufta utelukkande på opne kjelder frå FN og presenterer ein grundig gjennomgang av skipinga av UNOGIL og korleis observatørane opererte i Libanon.

Ein mykje nyare artikkel som òg diskuterar UNOGIL er ”Impartiality and the UN Observation Group in Lebanon 1958” frå 2002 av Ann Hughes. Hughes har ein doktorgrad i internasjonale relasjonar frå Keel University. Som namnet på artikkelen syner tek Hughes føre seg spørsmålet om objektivitet knytt til FN i Libanon. Ut i frå eit universalistisk ideal om objektivitet i arbeidet til fredsvernande operasjonar, argumenterar Ann Hughes for at UNOGIL feila. I følgje Hughes tok Gruppa og Dag Hammarskjöld ein meir kontekstualisert tilnærming til objektivitet i deira rolle som fredsvernarar i Libanon.⁴⁸ Kjeldene til Hughes kjem frå samlinga til Dag Hammarskjöld i Stockholm og arkivet etter det britiske utanriksdepartementet. I så måte ikkje så ulikt kjeldeomfanget i denne avhandlinga.

Den eksisterande forskingslitteraturen er mangfaldig og studerar krisa i Libanon frå mange forskjellige synsvinklar. Likevel er det ikkje noko konsensus i høve kva faktorar som var mest avgjerande for å løysa krisa. Qubain meiner at den amerikansk intervensjon var viktig. Attié peikar på kompromiss i Libanon og nærare relasjonar mellom Egypt og USA, medan Kanaan trekk fram utlandsk mekling i form av amerikanske diplomatar. Ei krise har som regler mange faktorar og det same gjeld naturlegvis for korleis ei krise endar, men det er overraskande få som studerar rolla til UNOGIL og FN i løysinga av krisa.

Qubain studerar mellom anna hendingane i Tryggingrådet og drøftar korleis UNOGIL og FN innverka på krisa,⁴⁹ konklusjonen hans er handtert ovanfor. Curtis og Hughes tek òg føre seg UNOGIL men dei fokuserar ikkje på kva rolle, reint realhistorisk, UNOGIL spela i løysinga av krisa. Dei fleste forfattarane nøyer seg med å omtala innsatsen til UNOGIL og FN over nokre linjer. Denne avhandlingar vil difor freiste å fylla att eit hol i diskursen knytt til krisa i Libanon i 1958.

⁴⁷ Kanaa 2005, side 272-3.

⁴⁸ Hughes 2002, side 4.

⁴⁹ Qubain 1961, side 143-52.

Kapittel 2: Bakgrunn for opprøret i Libanon

*But if perchance it should appear
That in the national forum
The Deputies had other views,
Why, then there'd be no quorum.*

*Loud stormed the Opposition,
"This is a foul design,
If Chamoun does not forthwith go,
Him to Hades we'll consign".⁵⁰*

Innleiing

For å kunne forstå kva som gjekk føre seg i Libanon denne sommaren i 1958 og korleis FN vart involvert i krisa, ynskjer eg å gje ei framstilling av landet sin nyare historie. Det er òg naudsynt å samstundes trekkja linjer til nabolanda og regionale hendingar som hadde mykje å seie for landet sin historie generelt, men særskild i tida fram mot sommaren 1958.

Osmansk styre

Staten Libanon innanfor dei noverande geografiske grensene er ei ny geografisk eining som kom med opprettinga av den franske mandatet i 1920, likevel har det moderne Libanon vore samla under ei og same statsmakta opptil fleire gonger tidligare i historia. Ein kan nesten seie at det moderne Libanon har vore kontrollert av nesten alle hærar og imperia som har hatt fotfeste i regionen; hellenarane, romarane, fatimidane, seljukane, krossfarane, mamelukkane og det osmanske imperiet. Denne store utskiftinga av regime kan forklarast med den laglege geografiske plassering til Libanon ved kysten av Middelhavet i ferdselsåra mellom Asia, Europa og Afrika.

Det raskt ekspanderande osmanske imperiet tok over områda me i dag kallar Libanon, Syria, Israel og Palestina i 1516, dei fann raskt ut at det var best å basera styret på allereie eksisterande maktstrukturar utøvd av lokale stammeleiarar og emirar. Dette førte til at desse lokale leiarane fekk stor grad av autonomi. Mot slutten av 1700 talet byrjar europearane å

⁵⁰ Dikt funnen i både Dag Hammarskjöld og Odd Bull sine private arkiv. Hammarskjöld fekk det tilsendt av Dayal som òg gjev inntrykk av å vera forfattern. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958, Correspondance, L179:105.

lodka tilhøva i regionen og dei involverte seg for fyrste gong sidan krosstoga direkte i Libanon i 1840. Den gongen var det for å hjelpe det osmanske imperiet å vinne attende Libanon og Syria frå den egyptiske guvenøren Muhammad Ali Pasha som tok området i 1831. Då dei europeiske leiarane fyrst hadde hjelpt til med å tvinge Muhammad Ali attende til Egypt, ynskte dei å verna støttespelarane i Libanon. Franskmennene ynskte å setja inn att den kristne Chehab-slekta som emirar, medan britane og osmanarane støtta drusarane i kravet om ein muslimsk emir. Dei europeiske stormaktene fann ei kompromissløyising: Libanon-fjella skulle fordelast mellom maronittane og drusarane.⁵¹ Det heile enda med at maronittiske bønder kom under dusarhøvdingar sitt herredøme og vice versa.⁵²

Europa sin *sjuke mann* vart kallenamnet på det osmanske imperiet som vakla på kanten av stupet. Krevjande krigar mot Russland og blømande nasjonalkjensler fleire stadar i periferien førte til uro. På toppen av det heile allierte dei seg med Tyskland under fyrste verdskrig og den *sjuke mann* var no daud. Frankrike og Storbritannia tok over delar av det gamle imperiet, og gleda var stor hjå maronittane i Libanon-fjella då franske styrker okkuperte Syria og Libanon i 1918 i samsvar med Sykes-Picot avtalen.⁵³

Mandatstyre og vegen mot sjølvstende

Franskmennene synte tidleg at dei hadde planar om å heidra gamle lovnadar om eit Libanon dominert av maronittane. Dette var sjølv sagt til fordel for baa partar; franskmennene trengte eit stabilt og lojalt bru hovud som utgangspunkt for politikken i Syria, medan maronittane og andre kristne grupper ynskte vern av ein mektig ven mot dei panarabiske straumane som vaks fram i regionen.⁵⁴ Sjølv om den fyrste verdskrig var over og det var tid for oppgjær, var eit sjølvstendig Libanon enno ikkje aktuelt då stormaktene meinte at landa i Midtausten generelt ikkje var modne nok til å kunne handtere sjølvstende. I staden vart regionen, med utgangspunkt i Sykes-Picot avtalen, delt opp i mandatområde administrert av Frankrike og Storbritannia.⁵⁵

⁵¹ Drusar er ein folkegruppe som tel om lag 700000 sjeler som held til i Libanon, Syria og Israel. Drusarar meiner at både jødedommen, kristendommen og islam inneheld sanning og drusarane kombinerer element frå alle desse nemnde religionane og gresk og hinduistisk filosofi. Religionen vart skipa på 900 talet og vert praktisert i etter måten lukka samfunn.

⁵² Sjå til dømes Traboulsi 2007, side 24-25, og Salibi 1964, side 62

⁵³ Sykes-Picot avtalen vart forhandla fram våren 1916 av representantar frå britisk og franske styresmakter og i god imperialistisk tradisjon delte dei to stormaktene Midtausten mellom seg; Storbritannia fekk Irak, Transjordan og Palestina medan Frankrike fekk Syria og Libanon. Sjå til dømes Salibi 1964, side 159-62 eller Butenschön 2008, side 82-6 for meir informasjon om Sykes-Picot avtalen.

⁵⁴ Salibi 1964, side 162-63.

⁵⁵ Mandatområda vart givne til sigerherrane under San Remo-konferansen den 28. april 1920 og vart møtt med stor motstand i Damaskus der kong Faisal eigentleg var lova sjølvstende. Maronittane i Libanon derimot, meinte at ein overgangsperiode med Frankrike som mandatmakt var viktig for å sikre deira draum om eit sjølvstendig Libanon

Den 1. september 1920 erklærte den franske representanten i Beirut, General Gouraud, *l'Etat du Grand Liban* under fransk mandat. Den geografiske konstruksjonen tok utgangspunkt i den siste osmanske provinsen med namnet *Mont-Liban* (Libanon-fjella), men franskmennene la til kystbyane Beirut, Sidon, Tyr, Tripoli og Bekaadalen. Grensa til Syria gjekk ved Nahr al-Kabir i nord, ved Antilibanon-fjella i aust og mot Palestina i sør. Med desse grensene var Libanon ein heilt nye geografisk eining.⁵⁶ I likskap med dei andre konstruerte arabiske statane, vart Libanon skipa trass i fleirtalet innanfor dei respektive områda sin vilje.⁵⁷ Til og med hjå maronittane, som var rekna som dei hardaste nasjonalistane, vart det diskutert om ikkje det konstruerte Libanon var for stort. Dei spurde: kor levedyktig er eit kristent heimland der halvparten av innbyggjarane er muslimar?⁵⁸ Trass i motstand frå fleire hald gjennomførte franskmennene prosjektet og i 1926 vart Libanon ein republikk.

Fram mot andre verdskrig var det fleire freistnader på å forhandla fram endeleg sjølvstende, men franskmennene var ikkje interessert i å gje slepp på interessene i Midtausten.⁵⁹ Etter massivt press frå britane, monarkane i Egypt, Saudi Arabia og Irak under andre verdskrig, vart Libanon proklamert ein sjølvstendig stat den 26. november 1941, men det gjekk nokre år før sjølvstende vart ein realitet.⁶⁰

Nasjonalpakta

Den fyrste presidenten i den sjølvstendige republikken Libanon, Béchara el-Khoury, var frå ei maronittisk slekt. El-Khoury sitt religiøse tilhøyre var ikkje tilfeldig, men ein del av nasjonalpakta frå hausten 1943. Det var to politiske hovudretningar i Libanon knytt til nasjonalisme, høvesvis libanesisk og arabisk. Det var ikkje primært to politiske retningar som kjempa om innverknad og makt, men to forskjellige konfesjonar som såg på den andre som ein trussel mot det dei sjølv ynskte Libanon skulle vere. Dei kristne ynskte eit sjølvstendig Libanon med nære band til Europa medan muslimane i staden ville at Libanon skulle vera ein del av dei arabiske nabolanda. Nasjonalpakta var eit svar på denne innbyrdes trusselen og eit munnleg supplement til grunnlova for å gjera greie for nasjonen sin identitet.

Maktposisjonar i statsapparatet og seter i nasjonalforsamlinga var, og er framleis, ei store kjelde til konflikt. Basert på tidligare tradisjon vart ein einige om eit fordelingsprinsipp for nasjonalforsamlinga med fem til seks i føremon for dei kristne. Dei tre viktigaste postane i

dominert av maronittane.

⁵⁶ Sjå kart i vedlegg 2.

⁵⁷ Traboulsi 2007, side 74

⁵⁸ Salibi 1964, side 169 og Traboulsi 2007, side 85.

⁵⁹ Traboulsi 2007, side 101-103

⁶⁰ Salibi 1964, side 186-7.

statsmakta; presidenten, statsministeren og presidenten i nasjonalforsamlinga vart øyremerka for høvesvis ein kristen, ein sunnimuslim og ein sjiamuslim. Det andre hovudmomentet i pakta var knytt direkte opp til nasjonal identitet og vart formulert slik: "[Libanon skulle vera] a country with a Arab profile that assimilates all that is beneficial and useful in Western Civilisation"⁶¹ Dette var meint for å erstatte kravet til muslimane om union med Syria, medan den kulturelle lenkja til vesten skulle erstatte hugen dei kristne kjende for fransk militært nærvær og vestleg vern generelt. Vidare vart det avgjort at "Lebanon shall not be a base or a passageway for colonialism"⁶². Muslimar skulle favoriseras når byråkratar vart tilsett i staten for å få ei meir representativ og rettvis fordeling etter 25 år med fransk favorisering av maronittar.⁶³

Dersom prinsippa i Nasjonalpakta vart følgt vona ein at den eine parten ikkje ville køyre over den andre politisk og slik skulle ein vera sikra politisk konsensus innanfor viktige politiske saker. Likevel, Traboulsi skriv:

Never the less, sectarian pluralism barely concealed Maronite political primacy, represented by the exceptional powers that the constitution bestowed on the president and the republic.⁶⁴

Fleire forfattarar har samanlikna makta til den libanesiske presidenten med det same høge og absolutte nivået som fleire autokratar i nabolanda nyt god av. Meir nøyaktig er det presidenten som utnemner eigne ministrar, vel statsminister og har rett til å avsetje regjeringa. Likeeins kan presidenten løysa opp nasjonalforsamlinga og arrangera nyval, leggja fram forslag til lover og nytta vetoretten sin når andre legg fram lover han ikkje er samd i.⁶⁵

Den fyrste presidenten

Béchara el-Khoury var under mandattida kjend som ein sterk tilhengjar av libanesisk sjølvstende. Han var ikkje av den meste ekstreme typen fordi han meinte at maronittane var nøydde til å samarbeide med muslimane for at landet skulle overleve som ei nasjonal eining.⁶⁶ Han utnemnde Riyad es-Solh, ein anna viktig forkjempar for sjølvstende, som statsminister og saman skipa dei gode diplomatiske relasjonar til både arabiske og vestlege statar. Mest av alt er el-Khoury kjend som særskild dugande til å navigera mellom dei langt større arabiske

⁶¹ Traboulsi 2007, side 110.

⁶² Ibid., side 110.

⁶³ Den siste folketeljinga i Libanon var i 1933. Då var dei kristne i fleirtal. Sjølv om ein ikkje har klåre tal er det brei semje om at muslimane utgjorde kom i fleirtal ein gong på 1950 talet grunna høgare fødselsratar og dei som emigrerte var for det meste kristne.

⁶⁴ Traboulsi 2007, side 109.

⁶⁵ Salibi 1964, side 195.

⁶⁶ Ibid., 1964, side 173.

nabolanda som alle hadde kvart sitt panarabisk prosjekt.⁶⁷

Den interne politikken handterte han ikkje like bra. Nasjonalpakta vart følgt og talet på muslimar i offentleg forvaltning auka, men korrupsjon og klientalisme vart reindyrka under el-Khoury sitt styre.⁶⁸ Alle politikarar verka fyrst og fremst som patronar for eigne klientar heime i landsbyen i staden for å fremja interessene til fellesskapet og nasjonen. Eit nytt kjøleskåp eller løyve til å byggja eit nytt hus vart bytta mot stemmer.⁶⁹ Samstundes vart økonomien sentralisert hjå oligarkar. Ein reknar med at om lag 30 familiar, der 24 var kristne og seks muslimar, kontrollerte storparten av økonomien og desse var knytt til presidenten sin nære familie. På toppen av det heile hadde desse oligarkane viktige postar innanfor økonomisk statleg sektor og tretten mann i nasjonalforsamlinga; fem sat i regjeringa og ein var utnemnt til statsminister.⁷⁰

Under det fyrste valet etter sjølvstende i 1947 vert det hevda at el-Khoury sikra seg fleirtalet i nasjonalforsamlinga ved valfjusk. Året etter endra den nyvalde nasjonalforsamlinga grunnlova slik at el-Khoury fekk særskild dispensasjon til ta fatt på ein ny periode som president. Dette kunne berre tolkast som at el-Khoury ynskte seks nye år i presidentstolen og han fekk ein veksande opposisjon mot seg. Opposisjonen samla seg under partiet *Front socialiste national*. Dette var ein høgst usannsynleg samansetnad under normale tilhøve: Pierre Eddé, Joseph Chader frå Katabparitet, Kamal Joumblatt og Camille Chamoun. Ein felles fiende i el-Khoury var det einaste dei var samde om i 1952. Likevel gjekk dei saman i opposisjon under ei sosialistisk fane.⁷¹ Opposisjonen var misnøgd med den utprega klientalismen, arabisk tap mot Israel i 1948, privilegia til franske selskap i Libanon, presidenten sine menn og deira økonomiske vinning. Den 9. september 1952 erklærde statsministeren, Sami Solh, at ei skjult makt styrte republikken og la hinder i vegen for reformar: "Men with authority hold power without being accountable and they interfere in all the affairs in the state."⁷² Med ei slik skuldning frå sin eigen statsminister kunne ikkje el-Khoury halde fram som president. *Front socialiste national* gjekk til generalstreik og kravde at presidenten skulle gå av og statsapparatet skulle omstrukturert. Like etter var avskjeden

⁶⁷ Traboulsi, side 111.

⁶⁸ Salibi 1964, side 192.

⁶⁹ Za'ama-systemet kan samanliknast med det meir kjende patron-klient relasjonar frå antikken, berre at i Libanon er systemet inkorporert i eit moderne demokrati. Patronen, eller Za'ama, får ei stemme i bytte mot tenester. Relasjonen er ofte innanfor ei stamme eller ein landsby og lojaliteten står sterkt. Dersom det kjem til konflikt forventar Za'ama at klientane kjem og sloss for han. For meir informasjon sjå til dømes Daniel Kvamme si masteroppgåve, *Za'ama systemet i Libanon 1943 – 1975. –ein historiografisk analyse*. Universitetet i Bergen, 2007.

⁷⁰ Sjø Kanaan 2005, side 153-57 eller Traboulsi 2007, side 115-7 for meir.

⁷¹ Kanaa 2005, side 158.

⁷² Traboulsi 2007, side 125.

eit faktum. Den 23. september 1952 vart republikken sin andre president valt, Camille Chamoun.

President Camille Chamoun

President Camille Chamoun sat som president i ein periode på seks år. Perioden var prega av misnøye hjå store delar av folket og særskild hjå andre politiske leiarar som vart marginaliserte. Samstundes var det fleire faktorar som spela inn. Endringane i regionale maktbalansar var dramatiske desse åra. Kupp i både Syria og Irak, alliansar og jamvel unionar vart skipa mellom statar. På den internasjonale arenaen mista Storbritannia og Frankrike rollene som stormakter i regionen, medan USA og Sovjetunionen kjempa eit ideologiske slag og rivaliserte om å få innpass og høve til å påverke dei einskilde statane i Midtausten.

Chamoun vart vald på bakgrunn av lovnadar om at han skulle hevda libanesisk nøytralitet i utlandet, reformera administrasjonen, setja i gong ein granskingskomité for å granska prosedyren for lovgjeving og hindra misbruk av makt. Under nominasjonstalen den 23. september 1952 lova den nyvalde presidenten å nedkjempa korrupsjon, han ville som president ikkje misbruka dei breie fullmaktene posisjonen gav og han lova å fjerna fleire privilegia som var øyremerka for presidenten. Avstanden mellom ord og handling vart synleg då våpenbrørne frå *Front socialiste national* ikkje vart inkludert i regjeringa eller i rådslaginga om den nye politikken. I staden tok Chamoun dei nære støttespelarane til tidligare president el-Khoury inn i varmen og korrupsjonen haldt fram som før. Dette var sjølv sagt ikkje det venene til Chamoun frå *Front socialiste national* hadde vorte førespegla då dei styrta el-Khoury.⁷³ Traboulsi skriv at ”The extent to which the new president did exactly the opposite of what he had committed himself to do is quite amazing.”⁷⁴

Sjølv om Chamoun ikkje gjennomførte det som var forventa av han reint politisk, heldt den økonomiske veksten som var sett i gong av den liberale økonomiske politikken til el-Khoury fram med stor kraft. Chamoun la til rette for økonomiske investeringar ved å innføre eit enkelt lovverk som var til fordel for kapitalistar og handelsmenn frå heile verda. I nabolanda var det nasjonalisering og ofte generelt vanskelege kår for investeringar, samstundes som landa rundt Den persiske golf bygde ut olje- og gassfelt. Difor tok pengesterke syrarar, egyptarar og palestinarar med seg pengane og flytta til Libanon medan prinsane frå Golflanda investerte pengar i Libanon. Chamoun gjorde slutt på toll- og pengeunionen med Syria, noko som var eit skot føre baugen for syrarar som framleis drøymde

⁷³ Salibi 1964, side 196.

⁷⁴ Traboulsi 2007, side 129.

om å inkorporere Libanon i Syria, men derimot særskilt lukrativt for libanesiske handelsmenn som tente pengar på transittandelen med nabolanda. Bankar, kommunikasjon, handel, turisme og konstruksjon bløma i Libanon og gav landet ein raskt vekst i brutto nasjonalproduktet.⁷⁵

Kvinnene fekk stemmerett under Chamoun og han sette i gong arbeidet med å reformere valsystemet for å redusere talet på representantar til nasjonalforsamlinga. Talet på representantar vart redusert frå 77 til 44 og ni valdistrikta vart delt opp i 33 mindre. Målet med reforma var å øydeleggja monopolet som dei tradisjonelle leiarane hadde på setene i nasjonalforsamlinga, men i følgje Traboulsi førte reforma til det motsette og sikra president Chamoun eit lojalt fleirtal i nasjonalforsamlinga.⁷⁶ Chamoun gjorde òg sitt beste for å konsentrere mest mogleg makt i eigne hender gjennom å nytta svake ministrar og byggje ut eit vev av lojale støttespelarar i alle statlege institusjonar. Ein svak statsminister førte ofte til ei svak regjering, som Chamoun då enkelt kunne kontrollere.

Under tidligare president el-Khoury var muslimen Riyad es-Solh statsminister. Den sterke personlegdommen og den store tilhengjarskaren til Es-Solh skapte ei motvekt til presidenten og sørgde slik for at han ikkje kunne misbruke den breie og altomfemnande makta.⁷⁷ Es-Solh vart myrda i Jordan i 1951 noko som historikaren Claude Boneiz Kanaan hevdar var særskilt negativt for den nasjonale konsensusen som nasjonalpakta var tufta på.⁷⁸ Så då Chamoun kom til makta i 1952, var ikkje muslimane i stand til å fremje ein sterk leiar som dei fleste kunne einast om og dermed kunne Chamoun velje mellom fleire svake kandidatar og til dels politisk uerfarne leiarar. Med drapet på Es-Solh mista muslimane som ei gruppa, høve til å påverka styringa av staten på ein effektivt måte.⁷⁹

Det var få som kunne gjera noko med den altomfemnande makta til presidenten, i alle fall innanfor demokratiske institusjonar. Dei fleste historikarar hevdar at makta til Chamoun grensa til å vere autokratisk.⁸⁰ Likevel var det full pressefridom under Chamoun og ingen politiske parti var forbodne. Alle typar parti og opposisjonar fekk ytra seg fritt noko som må sjåast som eit særtilfelle i regionen på 1950 talet. I nabolanda var politisk undertrykking norma og Libanon vart ei frihamn for politiske dissidentar av alle typar avstøypingar.

I lengda vart ikkje desse autokratiske tendensane akseptert av andre libanesiske leiarar og

⁷⁵ Salibi 1964, side 197, eller Traboulsi 2007, side 128.

⁷⁶ Traboulsi 2007, side 129.

⁷⁷ Salibi 1964, side 195.

⁷⁸ Kanaa 2005, side 159.

⁷⁹ Ibid., side 161.

⁸⁰ Sjå Gendzier 2006, Traboulsi 2007 eller Owen 2006.

ein opposisjon samla seg. Dei tidligare våpenbrørne frå *Front socialiste national* stod i spissen. Det var i fyrstninga regionale utfordringar som førte til debattar om Chamoun sin manglande respekt for nasjonalpakta og den sårbare balansen mellom konfesjonane i Libanon.⁸¹ Den fyrste utanrikspolitiske utfordringa var Bagdadpakta. Denne var ein forsvarsallianse bygd opp med same mål som NATO; å hindre sovjetisk innverknad og stå saman mot potensielle åtak.⁸² Sjølv om Libanon aldri vart med i alliansen ytra Chamoun at han støtta pakta fullt ut, noko som vart møtt med store og valdlege demonstrasjonar i Libanon. Det førte òg til at utanriksminister Hamid Frangié gjekk av då han tidligare hadde lova president Nasser at Libanon aldri skulle støtte ei vestleg militærpakt.⁸³ Nasser på si side inngjekk ein stor våpenhandel med Tsjekkia, lånte pengar av Sovjetunionen til å bygge Aswandammen og var særst lite nøgd med den positive instillinga Chamoun hadde til Bagdadpakta.

Frå midten av 1950 talet synte Nasser at han ikkje ville la seg kjøpa av supermaktene, og sjølv om den sosialistiske linja skremde mange amerikanske politikarar, vart Egypt aldri ein sovjetisk satellittstat. Innbyggjarane i heile regionen såg denne egyptiske presidenten som stod opp mot både vestlege imperialistar og kommunistiske dominospelarar, og han vart sett på som ein arabisk helt som kunne gjennomføre den panarabiske draumen.⁸⁴ Nasser vart for alvor ein folkehelt då han nasjonaliserte Suezkanalen i 1956. Det ein gong så omfemnande imperiet til britane mista dermed det viktigaste strategiske haldepunktet i Midtausten, noko som var utåleleg for britane. Chamoun tilbydde seg å mekle mellom partane då han frykta at krisa kunne utvikle seg negativt og føre til auka spenning i regionen.⁸⁵ Rolla som meklingsmann førte ikkje fram og britane, israelarane og franskmennene gjekk saman om å ta attende Suezkanalen med makt.⁸⁶

I likskap med mange andre land fordømte Libanon åtaket på Egypt, men Chamoun ville

⁸¹ Salibi 1964, side 198.

⁸² Bagdadpakta vart skipa av Storbritannia i samarbeid med Irak og Tyrkia i 1955. Pakistan og Iran kom til seinare. Pakta vart rekna som ein av dei minst suksessfulle forsvarsalliansane under den kalde krigen sidan det var lite reelt samarbeid. Alliansen vart formelt oppheva i 1979, men mista allereie mykje av effekten då den Irakiske regjeringa, som var venleg med vesten, vart kasta i kuppet i 1958. Då medlemslanda noko seinare ikkje støtta Pakistan i deira konfliktar mot India, var det ingen som hadde noko særleg tru på alliansen.

⁸³ Traboulsi 2007, side 131.

⁸⁴ Kanaa 2005, side 161.

⁸⁵ Kalawoun 2002, side 24.

⁸⁶ For britane var det ikkje nok å ta attende kanalen, dei ville òg hindre arabisk nasjonalisme i å få fotfeste i Midtausten og slik true britane sine viktige oljeinstallasjonar i Den persiske Golf. Israel var med for å gjere slutt på blokaden mot Israelske skip i Tiran-passasjen mellom Sinai og den arabiske halvøya, medan Franskmenne på si side meinte dei kunne løyse mange av problema sine i Nord-Afrika med å fjerne Nasser. Den 29. oktober 1956 gjekk den Israelske hæren til åtak på Egypt gjennom Sinaihalvøya medan Frankrike og Storbritannia følgde etter to dagar seinare. Nasser sine soldatar var ikkje i stand til å stoppe framrykkinga men etter ei veke med kamphandlingar inngjekk partane våpenkvile. Våpenkvilen var set i stand av FN og bak låg eit massivt press frå USA og Sovjetunionen, noko som i seg sjølv er særskild då dei to supermaktene sjeldan var einige om noko som helst nå det kom til utanrikspolitikk. Cleveland 2004, side 312.

ikkje følgje Egypt og Syria då dei kutta diplomatiske relasjonar til Storbritannia og Frankrike. Chamoun vart hardt pressa av statsminister Abdallah al-Yafi og minister Saëb Salam om å ta eit aktivt standpunkt og støtte Nasser. Chamoun følgde ikkje kravet så dei to ministrane gjekk av den 18. november 1957 og vart med i den jamt veksande opposisjonen, som ikkje la skjul på fascinasjonen for Nasser og arabisk nasjonalisme.

Chamoun konstruerte ei ny regjering med Sami Solh som statsminister og Charles Malik⁸⁷ som utanriksminister, begge to kjend for deira dragning mot Europa og USA.⁸⁸ Salibi skriv at: "The inclusion of Charles Malik in the new government was in itself a declaration of policy."⁸⁹

Eisenhower-doktrinen

I kjølvatnet av Suezkrisa oppstod det i følgje vestlege politikarar eit maktvakuum i Midtausten. Britane og franskmennene hadde utspelt si rolle og var ikkje lenger i stand til å verna om interessene til vesten i regionen. USA rekna kommunismen som den største utfordringa og president Dwight Eisenhower konkluderte med at USA no måtte ta ansvar for vestlege interesser.⁹⁰ Dermed vart Eisenhower-doktrinen presentert og godteke under talen til Eisenhower i kongressen den 5. januar 1957. Eisenhower la fram tre strategiar i høve amerikanske politikk i Midtausten for å hindra utbreiinga av sovjetisk innverknad:

It [doktrinen] would, first of all, authorize the United States to cooperate with and assist any nation or group of nations in the general area of the Middle East in the development of economic strength dedicated to the maintenance of national independence. It would in the second place, authorize the Executive to undertake in the same region programs of military assistance and cooperation with any nation or group of nations which desires such aid. It would, in the third place, authorize such assistance and cooperation to include the employment to the armed forces of the United States to secure and protect the territorial integrity and political independence of such nations, requesting such aid, against overt armed aggression from any nation controlled by International Communism.⁹¹

Gjennom doktrinen lova Eisenhower stønad i form av pengar til utviklingsprosjekt og militært materiell, noko som i seg sjølv ikkje var noko nytt, men det var det siste punktet som går på lovnad om væpna styrker som syner ein heilt ny retning for amerikansk nærvere i Midtausten. Desse væpna styrkane skulle nyttast mot "overt armed aggression" altså openlys

⁸⁷ Charles Habib Malik har ein doktorgrad i filosofi frå Harvard University og skipa seinare Filosofisk fakultet ved American University in Beirut (AUB). Malik vart sendt til USA som Libanon sin ambassadør til USA og FN i 1945 og hadde fleire viktige verv i FN. Malik var utanriksminister frå 1956 til 1958.

⁸⁸ Kanaa 2005, side 162.

⁸⁹ Salibi 1964, side 198.

⁹⁰ Butenschön 2008, side 332.

⁹¹ Agwani 1965, side 10.

aggresjon frå alle land kontrollert av internasjonal kommunisme.

Sovjetunionen var ein klår kandidat til å utøve væpna aggresjon men i ein regional kontekst kan det berre tyde Egypt og at i augo til amerikanarane var den arabiske sosialismen ein form for kamuflert kommunisme.⁹² Syria og Egypt gjekk med ein gong ut og fråråda alle arabiske land mot tilbodet frå Eisenhower, og meinte at teorien om eit maktvakuum ikkje heldt mål.⁹³ Chamoun trossa rådet frå Nasser og slutta seg til doktrinen.⁹⁴ Ei freistande gulrot for Chamoun var lovnadar om endefram økonomisk stønad. No kunne ikkje Libanon lenger halde på bilete av seg sjølv som eit nøytral land men vart i staden rekna som ein alliert av USA, både militært og ideologisk.

Reaksjonane let ikkje vente på seg og kom frå både interne og regionale aktørar. President Nasser starta ein kampanje mot regime til Chamoun gjennom å nytte aviser og radio. Egyptiske aviser prøvde å undergrave legitimiteten til presidenten ved å leggje vekt på den passive halding til Suez-krisa og dei nære banda som vart knytt til vesten gjennom Eisenhower-doktrinen. Den egyptiske radiokanalen, *The Voice of the Arabs*, som i alle høve var eit propagandaverkty for Nasser, kringkasta svertetekampanjar mot Chamoun og ytra støtte til opposisjonen. Egypt påverka òg direkte den politiske opposisjonen i Libanon ved at den egyptiske ambassadøren til Libanon arbeida med å koordinere opposisjonen slik at dei skulle vinne det komande valet i juni 1957.⁹⁵ Det kom i gong ein ideologisk kamp mellom Nasser og Chamoun og den libanesiske regjeringa svarta på kampanjen ved å utøve selektiv sensur mot egyptiske aviser og publikasjonar som vart given ut i Libanon. Då kritikken mot Chamoun auka fram mot valet i juni vart alle egyptiske aviser forbodne i to månadar, frå mai til juli 1957. Utanriksminitsar Malik nytta diplomatiske kanalar til å retta ein krass kritikk mot Nasser og skulda den egyptiske presidenten for å vera kommunist og lenkja deretter kommunisme til sionisme.⁹⁶

Egypt var på ingen måte alliert med sovjetunionen og det er få spor av internasjonal kommunisme i arabisk nasjonalisme. Nasser søkte økonomisk stønad og handelsavtalar med både USA og Sovjetunionen men då den fyrstnemnde stormakta ikkje ville selje våpen til Egypt og nekta å låne pengar til Aswandammen, fekk Egypt det dei søkte hjå Sovjetunionen i staden. Dermed kan ein oppsummere med Egypt og Libanon stod for kvar sin ideologiske

⁹² Kanaa 2005, side 163.

⁹³ *Extract from joint statement on the talks between President Nasser, King Saud, King Husain and Sabri al-Asali*, 19. januar 1957. Henta hjå Agwani 1965, side 13.

⁹⁴ Irak, Jordan, Libya, og Saudi Arabia gav òg tilslutning til Eisenhower si nye doktrine.

⁹⁵ Kalawoun 2002, side 29.

⁹⁶ *Ibid.*, side 30.

linje: Egypt og Nasser stod i spissen for panarabismen og nøytralitet i relasjon med supermaktene, medan Libanon søkte militært samarbeid med USA og distanse til arabiske naboland i føremon ein nær relasjon til vesten.

Nasjonalfronten

Allereie før Chamoun godtok Eisenhower-doktrinen gjekk leiande opposisjonelle politikarar ut og åtvare mot at Chamoun skulle ta ei slik utarikspolitisk retning. For mange i opposisjonen vart Eisenhower-doktrinen dråpen som fekk begeret til å renne over. Opposisjonen var svært provosert over å verta stengt ute frå makt og innverknad og fleire frykta at Chamoun hadde planar om å freiste ein ny periode som president. Eisenhower-doktrinen vart for mange ei stadfesting av nettopp dette.⁹⁷ Dei trudde at USA ved å garantere for sjølvstende og integriteten til Libanon samstundes garanterte for Chamoun som president. Dermed var den veldige motstanden mot doktrinen meir ein motstand mot politikken til Chamoun generelt, og ikkje basert på ein vurdering av doktrinen i seg sjølv eller potensielle truslar mot Libanon.⁹⁸

Opposisjonen samla seg i to forskjellige grupper: Den største opposisjonelle gruppa kalla seg for Nasjonalfronten og vart skipa den 31. mars 1957 med mål om å ytra sin misnøye med Chamoun fram mot valet i juni. Nasjonalfronten var svært misnøyd med utbreidd korrupsjon og klientalisme samt alliansen med USA og brotet med den arabiske verda. Desse tre punkta vart rekna som klåre brot på nasjonalpakta og dermed eit stort svik mot den muslimske delen av folket.⁹⁹ I nasjonalfronten var det i all hovudsak muslimske, politiske leiarar: mellom anna Rachid Karamé,¹⁰⁰ Kamal Joumblatt, tidligare president el-Khoury, sju representantar til nasjonalforsamlinga som gjekk av i protest grunna Eisenhower-doktrinen, tidligare statsminister Abdallah al-Yafi og minister Saëb Salam. Kamal Joumblatt var ein nær samarbeidspartnar med Chamoun då el-Khoury vart avsett i 1952. No stod Joumblatt og el-Khoury samla mot Chamoun. Dette syner at Nasjonalfronten ikkje var eit politisk parti, men meir som ei aksjonsgruppe der ein felles fiende var det einaste medlemene var samde om.

I eit memorandum til president Chamoun frå 1. april framsette Nasjonalfronten krav til

⁹⁷ Kanaa 2005, side 164.

⁹⁸ Ibid., side 163.

⁹⁹ Manifestetet til Nasjonalfronten frå 1. april 1957. Given ut i *Cahiers de l'Orient Contemporain*, vol. 36. I Agwani 1965, side 29-33.

¹⁰⁰ Rachid Karamé vart fødd inn i ein av dei leiande familiane i Tripoli. Studerte jus i Kairo og vart valt til nasjonalforsamlinga allereie i 1951. Før han vart drepen i 1987 rakk han å vere statsminister åtte gonger, den fyrste perioden frå 1955 til 1956. Under krisa i 1958 leia han opposisjonen i Tripoli.

president Chamoun: sensur og unnatakstilstand måte ta slutt med det same,¹⁰¹ endre vallova slik at talet på representantar vart 88, skipa ei nøytral regjering som kunne overvaka gjennomføringa av valet, at Chamoun ikkje måtte gjennomføre avtalar eller knytte landet til eksterne aktørar før etter eit rettvist val. Nasjonalfronten sluttar av memorandumet med at dersom presidenten ikkje følgjer opp desse krava vil dei kjenne seg "(...) compelled to take such practical measures as required in the interest of the country."¹⁰² Kravet om å gjera slutt på sensur og unnatakstilstand er på ingen måte radikale, det er heller ikkje kravet om å få endre vallova. Verre er det med krava om at den sitjande regjeringa ikkje skulle få overvaka valet og heller ikkje få inngå avtalar. Dette kravet syner at Nasjonalfronten på ingen måte hadde tiltru til regjeringa og reknar ho som illegitim. Den implisitte trusselen i sitatet ovanfor kan tolkast i fleire retningar, frå boikott av valet til kuppforsøk.

President Chamoun tok ikkje høgde for krava i memorandumet og den 4. april vart Libanon formelt knytt til Eisenhower-doktrinen.¹⁰³ Vallova vart endra men ikkje slik som opposisjonen ynskte. I staden vart talet på representantar auka frå 33 til 66 og nokre valdistrikt vart endra for å redusere den politisk makta til somme politiske leiarar. I følgje Nasjonalfronten ville dette føre til ein auka forskjell i fordelinga av representantar mellom dei ulike konfesjonane i føremon til maronittane og Chamoun sine støttespelarar.¹⁰⁴

Val til nasjonalforsamlinga, juni 1957

Den 12. mai 1957 starta valkampanjen med store folkemøte. Valet gjekk over fire sundagar og byrja den 9. juni. Salam og al-Yafi hald appellar¹⁰⁵ og la den politiske plattformen til nasjonalfronten: i) grunnlova skulle ikkje endrast for å opne for ei ny presidentperiode, ii) Libanon skulle vere nøytral i alle internasjonale tvistar, iii) Libanon skulle ikkje stille med militære basar for utalandske militære, ei heller verte med ei militære alliansar eller pakter, iv) all stønad som kan leggje restriksjonar på landet sin sjølvstende skal avvisast, v) Libanon skulle ha ein politikk som fremja samarbeid med andre arabiske statar, og vi) regjeringa skulle gå av og gje plass for ei mellombels regjering som skulle overvaka valet.¹⁰⁶

Chamoun svarta med å korkje stadfesta eller avvise at han ville søkje å fornye mandatet sitt, dermed vart rykte forsterka. I sjølvbiografien sin skriv Chamoun at han nekta å setje inn

¹⁰¹ Unnatakstilstand og selektiv sensur vart innført under Suezkrisa i 1956.

¹⁰² Memorandum frå Nasjonalfronten til presidenten Chamoun frå 1. april 1957. Given ut i *Cahiers de l'Orient Contemporain*, vol. 36. I Agwani 1965, side 33-4.

¹⁰³ Traboulsi 2007, side 132.

¹⁰⁴ Kanaa 2005, side 165.

¹⁰⁵ I følgje opposisjonen var talet på tilhøyrarar under appellane om lag 75000, medan regjeringa hevda at tilhøyrarane berre telte 5000 menneskjer.

¹⁰⁶ Qubain 1961, side 54.

ei nøytral overgangsregjering då han ikkje ville la seg true til å gå med på krava frå opposisjonen, særleg ikkje då krava var tufta på usanne rykte om ei opning for at framande styrker skulle få lov til å byggje militære basar i Libanon.¹⁰⁷

Situasjonen eskalerte den 27. mai då Nasjonalfronten gav Chamoun ein frist på eit døger til å oppfylle kravet om ei nøytral overgangsregjering. Dersom kravet ikkje vart innfritt ville Nasjonalfronten arrangere demonstrasjonar og generalstreik den 30. mai. Då el-Khoury vart kasta i 1952 hadde den same taktikken lukkast. I 1957 var situasjonen annleis. Persongalleriet var mykje det same bortset frå at el-Khoury og Chamoun hadde bytta roller; frå president til demonstrant, men regjeringa til Chamoun var sterkare og betre budd. Dagen før opposisjonen skulle vise si misnøye ute i gatene nytta statsminister Solh høvet til å skipa eit forbod mot demonstrasjonar og han mobiliserte politikorpset og gav hæren ordre om å stå klar.¹⁰⁸ Trass i forbodet møtte leiarane i Nasjonalfronten støttespelarane sine om morgonen den 30. mai og marsjerte mot eit samlingspunkt i sentrum av Beirut, men vart møtt av politi og politisoldatar. I byrjinga vart kolben på geværet nytta, men valden eskalerte og snart føyk tåregassgranatar og geværkuler mellom husveggane i Beirut. Hæren haldt seg passiv men på føremiddagen braut dei inn og innan kvelden kom var gatene rydda for demonstrantar og politisoldatar. Attende låg fleire døydde og skada. Opposisjonen hevda at femten demonstrantar vart drepen og om lag 100 skada, medan regjeringa meldte at fire menn og ei kvinne vart drepen.¹⁰⁹

Etter demonstrasjonane vart det diskutert kven som løyste det fyrste skotet. Opposisjonen skulda på politisoldatane, medan politiet hevda å ha arrestert ein demonstrant med eit automatvåpen av tsjekkosllovakisk opphav. Dei hevda òg at fleire væpna demonstrantar rømde over til Syria.¹¹⁰ Kjelder tilgjengeleg for Qubain fortel at demonstrantane ikkje var væpna, dessutan var det ingen drepne eller hardt skada hjå politiet, noko som peikar i retninga av at politiet og politisoldatane stod bak den grovaste valden.¹¹¹ Den valdsame framferd til regjeringa kan tolkast som eit ynskje om å syne opposisjonen og eigne tilhengjarar at dei hadde både dei naudsynte maktmiddelane og viljen til å stå ved avgjerslene sine om å gjennomføre valet som bestemt og ikkje endre utanrikspolitikken. For, valet i juni 1957 handla i alle hovudsak om utanrikspolitikk og korleis alliansen med USA braut med nasjonalpakta.

¹⁰⁷ Chamoun 1963, side 380.

¹⁰⁸ Kanaa 2005, side 167.

¹⁰⁹ Qubain 1961, side 54 eller Kanna 2005, side 168.

¹¹⁰ Ibid.

¹¹¹ Qubain 1961, side 55.

Dagen etter den valdelege demonstrasjonen tok sjefen for hæren, general Fuad Chehab,¹¹² over kontrollen av tryggingstyrkane i Libanon, eit teikn på at han frykta at Chamoun kunne misbruke politiet og politisoldatane på ny.¹¹³ Hær sjefen opna òg forhandlingar mellom opposisjonen og regjeringa og fekk til eit kompromiss: i) to nøytrale ministrar til regjeringa, ii) tryggingstyrkane skulle vere under Chehab sin kommando fram til valet var gjennomført, iii) ein uavhengig komiteen skulle granske valet.¹¹⁴ Kompromisset førte til at Nasjonalfronten avslutta generalstreiken og valet vart gjennomført etter måten fredeleg, og tidlegare minister Saëb Salam kunne avbryte sveltestreiken han hadde byrja då demonstrasjonen den 30. mai ikkje førte til eit regjeringsskifte. Den vidare valkampanjen handla direkte om utanrikspolitikken til regjeringa og indirekte om nasjonalpakta.

Under valet nytta Chamoun og støttespelarane fleire metodar for å vinne valet, både lovelege og uloveleg. Endringa av vallova var ein prosess som hadde gått over fleire år, men våren 1957 tok Chamoun eigenhendig kontrollen og avgjorde sjølv kvar grensene for valdistrikta skulle gå for å redusere makta til politiske motstandarar i opposisjon. Dette lukkast særleg godt. Sundag den 9. juni vart det halden val i Beirut og Sør-Libanon, med høvesvis elleve seter i kvart distrikt. Neste sundag stod tjue seter i Libanonfjella for tur, etterfølgt av Bekaadalen og Nord-Libanon med høvesvis ti og fjorten seter. Då resultatata kom synte tala at støttespelarane til Chamoun hadde vunne over to tredjedelar av setene, medan opposisjonen berre fekk åtte. Opposisjonen var sjokkert over resultatet og skuldingar om valfjusk vart ropt ut. Qubain peikar på tala i seg sjølv og hevder at det er eit fråver av kandidatar frå opposisjonen, som vanskeleg kan forklarast utan å peike på fjusk. I distriktet som dekker Beirut vann regjeringa ti av elleve stemmer, medan berre ein frå opposisjonen fekk eit sete i nasjonalforsamlinga. Når ein dreg fram opposisjonelle leiarar som Salam og al-Yafi så er det veldig særskild at ingen av desse fekk sete i parlamentet. Begge to var høgt respektert og hadde mange tilhengjarar, potensielt meir enn nok til å vinne eit sete i nasjonalforsamlinga.¹¹⁵ Likeins var det i Libanon-fjella der alle dei tjue setene vart vunnen av tilhengjarane til Chamoun, medan Kamal Joumblatt frå opposisjonen ikkje kom med i nasjonalforsamlinga. Joumblatt var òg høgt respektert i tillegg til å vere leiar for alle drusarane i Libanon-fjella. Drusarane var ei så stor gruppe innanfor distriktet at Joumblatt nesten var

¹¹² Fuad Chehab kom frå ein kristen familie med lang tradisjonar som politiske leiarar. Chehab fekk militærutdanninga si i Frankrike og vart sjef for Libanon sine væpna styrkar allereie i 1945. Chehab rekna hæren som politisk nøytral og ville difor ikkje støtte president al-Khory og Chamoun då desse insisterte på at Chehab skulle slå ned opposisjonen i høvesvis 1952 og 1958. Var president i ein periode, frå 1958 til 1964.

¹¹³ Kanna 2005, side 168.

¹¹⁴ Attié 2004, side 141.

¹¹⁵ Qubain 1961, side 57.

sikra eit sete i nasjonalforsamlinga. Men, med den nye vallova vart valdistriktet til Joumblatt utvida slik at mange kristne som aldri ville stemme på Joumblatt vart teljande, og dermed vart ein annan kandidat valt som representant.¹¹⁶

Valfjusk

Aviser og opposisjonelle i samtida, og dei fleste historikarar i ettertid, meiner at den nye nasjonalforsamlinga ikkje var valt inn på rett vis.¹¹⁷ Det er liten tvil om at valdistrikta var delt opp for å redusere dei tradisjonelle politiske leiarane si makt, men òg for å sikre Chamoun fleirtal i nasjonalforsamlinga. Midt under gjennomføringa av valet gjekk dei to nøytrale ministrane, Yusuf Hitti og Muhammad Bayhum, av i protest mot at dei ikkje lenger kunne ”tolerate the general atmosphere”. Sjølv om dei ikkje hadde tydeleg prov på tekniske feil, så var det utøvd ”pressure of various kinds had been brought to bear on the voters.”¹¹⁸ Det faktumet at både Salam, al-Yafi og Joumblatt, som nemnt ovanfor, ikkje fekk fornya tillitt som representantar, opnar opp for mogleiken for at Chamoun kvitta seg med politiske motstandar gjennom ein kreativ inndeling av valdistrikt.

Det var ikkje berre gjennom loveleg endringar at Chamoun sikra fleirtal i nasjonalforsamlinga. Mellom anna skreiv den regjeringsvenlege avisa L’Orient at alle kandidatar kjøpte stemmer og dermed kunne ingen heller klaga på resultatet. Andre aviser hevda at ei stemme var til sals for omlag \$155.¹¹⁹ Både opposisjonen og Chamoun kjøpte stemmer, men i 1957 var fokuset stort sett retta mot pengestønad frå Syria og Egypt. I følgje eit britisk dokument som Attié har fått tilgang til, hevdar den britiske ambassadøren til Libanon:

(...) we know of a sum of half a million pounds (Syrian) distributed by the Egyptians to the Opposition and their supporters. And I am reliably informed that there is now little Lebanese currency left in Syria; the Lebanese money has been bought for use in Lebanon.¹²⁰

Det har likevel synt seg vanskeleg å seie noko særleg meir om pengane var generell stønad eller faktisk gjekk direkte til kjøp av stemmer.

Amerikansk pengestønad er det derimot meir å seie om. I januar 1958 sendte leiaren for libanesiske og syriske saker ved utanriksdepartementet i USA, eit memorandum til sjefen for

¹¹⁶ Kanaa 2005, side 171.

¹¹⁷ Sjø til dømes Attié 2004, side 148; Qubain 1961, side 57; Kanaa 2005, side 171 eller Traboulsi 2007, side 132.

¹¹⁸ Qubain 1961, side 57.

¹¹⁹ Qubain 1961, side 58.

¹²⁰ Attié 2004, side 142.

kontoret for nær-austen (eng. Near Eastern) saker. Memorandumet er om det komande presidentvalet i Libanon og det vert diskutert korleis USA støtta Chamoun under valet til nasjonalforsamling i 1957 og korleis dei burde halde seg til det komande valet i 1958.¹²¹

As the leading foreign power in Lebanon, the U.S. will inevitably be closely involved in and affected by the pre-election campaign and the election itself. We are closely associated in the Lebanese mind with the recent Lebanese Parliamentary election in which we played an active role. Failure to play an active role in the President election would, I believe, probably have serious consequences in terms of stability within the Lebanon and could substantially affect the Lebanon's political orientation. [2 lines of source text is not declassified] That President Chamoun is of the same opinion is evident in the fact that he himself discussed the matter somewhat obliquely with Ambassador Heath prior to the Ambassador's departure for Jidda.¹²²

Dokumentet fortel at USA spelte ei aktiv rolle under valet til nasjonalforsamlinga i 1957, men fortel ikkje detaljert korleis det gjekk føre seg. I 1980 vart det likevel klart at den aktive rolla var pengestønad direkte til Chamoun. Då gav den amerikanske CIA-agenten Wilbur Crane Eveland ut boka *Ropes of Sand. America's Failure in the Middle East*.¹²³ Boka skapte stor interesse hjå publikum og historikar, men stor misnøye hjå CIA. Eveland arbeida som agent for CIA i Beirut frå 1957 og under valet same år verka Eveland som bindeledd mellom president Chamoun og CIA.

Etter at Libanon vart tilhengjar av Eisenhower-doktrinen rekna amerikanarane Chamoun som deira mann i Midtausten. Det var eit uttalt mål, i alle fall uoffisielt, at USA ville gjera det dei kunne for å sikra ei nasjonalforsamling som såg positivt på vesten. Dette kunne gjerast gjennom tilskot av pengar til valkampen; anten for å kjøpe stemmer, betala ut uynskja kandidatar eller finansiere kampanjar. Amerikanarane, med CIA i førarsetet, var særst interessert i at utanriksministar Charles Malik skulle veljast inn i nasjonalforsamlinga. Vidare ynskte CIA ei libanesisk nasjonalforsamling der alle representantane var tilhengjarar av ein politikk positiv til vesten og USA. Eveland referer til ein samtale med Chamoun der presidenten forklarar kvifor han ikkje var einig i at Charles Malik burde stille til val: "Overkill, he explained, would leave him open to charges of intending to amend the constitution so that he could succeed himself in 1958."¹²⁴ Malik var einig i at det ikkje var

¹²¹ Valet vart halden den 31. juli 1958.

¹²² *Memorandum from the officer in charge of Lebanon-Syria Affaires (Waggoner) to the Director of the Office of Near Eastern Affairs (Rockwell), Washington January 17, 1958.* I arkivet etter Department of State (frå no av: Dep. St.), Central Files (frå no av: CF), 783A.00/1-1758. Top Secret. I dokumentsamlinga til Glennon, og Smith. 1992. *FRUS, 1958-1960. Volume XI. Lebanon and Jordan.* (frå no av: Glennon & Smith 1992), side 5-6, dokument 3.

¹²³ Eveland, Wilbur Crane. *Ropes of Sand. America's Failure in the Middle East.* 1980. London & New York: W. W. Norton & Company.

¹²⁴ Eveland 1980, side 251.

troug for han i nasjonalforsamlinga då han likevel var utanriksminister, men rett før fristen for å melde kandidatur vart han overtydd av den amerikanske ambassadøren, trass i motstand frå president Chamoun.¹²⁵

Under valet var Eveland sitt hovudansvar å sjå til at pengane frå CIA vart nytta på best høveleg vis.

Throughout the elections I travelled regularly to the presidential palace with a briefcase full of Lebanese pounds, then returned late at night to the embassy with an empty twin case I'd carried away from Harvey Armada's CIA finance-office people to replenish. Soon my gold DeSoto with its stark white top was a common sight outside the palace, and I proposed to Chamoun that he use an intermediary and a more remote spot. When the president insisted that he handle each transaction by himself, I reconciled myself to the probability that nobody in Lebanon who really cared would have no trouble guessing precisely what I was doing.¹²⁶

Eveland sin eigne ord syner at USA var direkte involvert i valet gjennom å gje Chamoun pengar, som vart distribuert ut til kandidatar som trengde ekstra stønad. Som eit døme kosta setet til Charles Malik sit sete i nasjonalforsamlinga om lag \$50000, i følgje Eveland.¹²⁷

Trass i fleire demonstrasjonar gjekk sommaren og hausten etter tilhøva roleg føre seg. Innanfor politiske krinsar var det derimot meir uro. Dei tradisjonelle leiarane som hadde mista setet i nasjonalforsamlinga var særst misnøgde og skulda Chamoun for å ha arrangert valresultatet med mål om ein ny periode som president. No når Chamoun hadde eit lojalt fleirtal i nasjonalforsamlinga kunne han i prinsippet ha endra grunnlova og dermed tatt ein ny periode som president. Ei slik grunnlovsending kunne gjerast kva tid som helst, medan valet på ny president var satt til juli 1958. Både ei potensiell endring av grunnlova og val av president skulle gjerast av den nyleg valte nasjonalforsamlinga, og dermed låg alt til rette for at Chamoun kunne gjera som forgjengaren president el-Khoury.

Om dette var planen til Chamoun skal me kome attende til, men det var i alle tilfeller ryktet som svirra i Libanon hjå folket og hjå opposisjonen. I ein deklarasjon som vart lesen av ein representant frå opposisjonen under ein pressekonferanse den 17. desember 1957, kom nett denne frykta til overflata. I deklarasjonen står det at "In our opinion a declaration by the Head of State condemning every idea of renewal (of term) alone could put an end to the crisis"¹²⁸ Vidare viser deklarasjonen til eit møte med presidenten der Chamoun ytra at han

¹²⁵ Ibid., side 252.

¹²⁶ Ibid., side 252.

¹²⁷ Ibid., side 256.

¹²⁸ Deklarasjon frå 17. desember 1957. Given ut i *Orient Moderno*, 38, februar 1958. I Agwani 1965, side 38.

ikkje såg det tilrådeleg å endre grunnlova, men at han måtte revurdere haldninga si dersom etterfølgjaren ikkje var viljug til å vidareføre den noverande politiske linja.¹²⁹ Opposisjonen kunne ikkje tåle at Chamoun ynskte å diktere kven den nye presidenten skulle verta, og i alle fall ikkje at han vurderte å endra grunnlova og søkja ein ny periode som president sjølv, dersom han såg det naudsynt.

United Arab Republic

I Syria var det òg uro trass i at landet på denne tida hadde ein form for parlamentarisme. Nasjonen var fragmentert mellom politikarar som la hovudvekt på å pleia tradisjonelle lojalitetsband knytt til deira respektive regionale og religiøs grupper. Samstundes var det ei oppbløming av ideologiske parti som Ba' thpartiet og det syriske kommunistpartiet. Det sistnemnde partiet var særleg populært hjå yngre offiserar i hæren og hadde ein veksande tilhengjarskare. Mot slutten av 1957 meinte leiarane for Ba' thpartiet at dei ikkje lenger kunne halde makta i det fraksjonerte landet og dei rekna kommunistpartiet som ein potensiell kuppemaker. Dei kontakta president Nasser og føreslo at dei to landa skulle skipa ein union, United Arab Republic (UAR).¹³⁰ Nasser kunne ikkje stå i mot eit slikt tilbod og Egypt vart raskt den dominerande parten i unionen. Unionen vart i prinsippet styrt frå Kairo medan egyptiske offiserar og administrative leiarar reiste til Damaskus der dei i stor grad tok over styringa av Syria. For muslimar over heile Midtausten var skipinga av UAR den 1. februar eit teikn på at panarabismen var levedyktig og rolla til Nasser som arabisk folkehelt nådde eit nytt høgdepunkt.

For Libanon var skipinga ei nyhending som, i likskap med Suezkrisa i 1956 og Eisenhower-doktrinen i 1957, polariserte libanesisk politikk. Entusiasmen for UAR og Nasser var enorm i Libanon. I motsetjing til valet året i førevegen, var det ikkje dei tradisjonelle leiarane som stod i spissen for demonstrasjonane, men folket sjølv. Libanesiske styresmakter la ned forbod mot demonstrering, noko som vart trossa kvar dag både i Beirut, Tyr og Tripoli. Demonstrantane bar plakatar med bilete av Nasser og ropte ut at dei ynskte å verte med i unionen.¹³¹ Då Nasser vitja Damaskus den 24. februar 1958 reiste 65000 libanesarar over grensa til Syria for å hylla den arabiske leiaren. Samanlikna med den normale grensetrafikken på mellom 2000 og 4000 personar kvar dag, syner dette kor stor interessa det var for Nasser og UAR i Libanon.¹³² Den libanesiske regjeringa godkjende UAR og sendte

¹²⁹ Ibid., side 39.

¹³⁰ Cleveland 2004, side 326 og 314.

¹³¹ Qubain 1961, side 61.

¹³² Attié 2003, side 154.

gratulasjonstelegram til Kairo, medan Nasjonalfronten sendte ein delegasjon til Damaskus for å gratulera den syriske president Shukry al-Kuwatly med den nyleg skipa unionen. Al-Kuwatly svara med å invitera Libanon til å verta ein del av unionen: "Lebanon is invited to join it whenever she may so desire by merge, or by federation, with the right to maintain her own integrity and special position."¹³³

Situasjonen i Libanon vart mykje meir spent etter at UAR vart skipa. Den veldige glede og forventninga som vart flagga så tydeleg hjå hovudsakleg den muslimske delen av folket skapte stor uro og frykt hjå dei kristne. No var det ikkje berre Chamoun som braut med nasjonalpakta sitt punkt om eit sjølvstendig og nøytralt Libanon, men hjå delar av opposisjonen vart det snakka høgt om ein mogleg integrasjon i UAR. Libanon var prega av ein innbyrdes mistanksamgjerung mellom opposisjonen, som frykta at Chamoun ville søkja ein ny periode som president, og støttespelarane til regjeringa som var redd for at landet skulle mista sjølvstende til fordel for ein union med UAR. For å få ein ende på rykta knytt til om dei ynskte å verte med i unionen, arrangerte 82 opposisjonelle leiarar eit møte den 27. mars 1958 som resulterte i ein felles stadfesting:

(...) firstly the signatories consider that the independence and sovereignty of Lebanon were not and will never be the subject of discussion or debate and that the Lebanese people adhere to the National Pact which has sanctified national unity since 1943. Secondly, the signatories resolve to unify their efforts and combine their forces to resist the renewal of the presidential term which constitutes a challenge to the will of the people and endangers the future of the homeland.¹³⁴

Opposisjonen meinte at dei no hadde sitt på det reine i høve nasjonalpakta og pressa hardt på for å få ei avklaring om det komande presidentvalet i juli 1958. I følgje Qubain vart fleire av opposisjonsleiarane, mellom anna al-Yafi, Joumblatt og el-Khoury, spurde om dei ville støtte Chamoun i ein ny periode som president. Dei skulle få makt og pengar som takk, men avslo tilbodet.¹³⁵

¹³³ Qubain 1961, side 61.

¹³⁴ Kunngjering given ut av 82 opposisjonsleiarar i *Al-Hayat*, den 28. mars 1958. I Agwani 1965, side 41 (Oversatt frå arabisk til engelsk av Agwani). Opposisjonsleiarane var politiske leiarar frå Nasjonalfronten og nokre uavhengige.

¹³⁵ Qubain 1961, side 66.



Bilete 1: Statsleiarar med gode relasjonar til vesten. Frå venstre: unge kong Feisel II av Irak og president Chamoun. Foto: ukjend.¹³⁶

Fragmentering og opprør

Den 10. april 1958 ytra George Akl¹³⁷ at han ville føreslå ei endring i grunnlova som opna for at Chamoun kunne veljast på ny.¹³⁸ For opposisjonen var dette ei stadfesting av alle rykta og at valresultatet året i førevegen var arrangert med ei endring av grunnlova i tankane. Opposisjonen hadde dei siste månadane fram mot april fleire gonger etterspurd ei klårgjering frå Chamoun om kva intensjonar han hadde, men Chamoun ville korkje stadfesta eller avkrefta rykta.

Dersom ein følgjer telegramkorrespondansen mellom den amerikanske ambassaden i Libanon og utanriksdepartementet frå hausten 1957, ser ein at amerikanarane òg etterspør ei avklåring. Amerikanarane gjekk ut frå at Chamoun enno ikkje hadde teke ei avgjersle, noko dei fekk stadfesta i eit telegram frå ambassadør McClintock til det amerikanske utanriksdepartementet datert den 5. mars. McClintock skriv at ”President said that, although he ‘had not quite yet made up his mind’, he felt on balance he would have to stand for re-

¹³⁶ Bilete vart funnen av forfattaren hjå ein brukthandlar på marknaden i Damaskus, hausten 2009.

¹³⁷ George Akl var maronitt og ein ihuga tilhengjar av Chamoun. Sat i nasjonalforsamlinga.

¹³⁸ Kanaan 2005, side 180.

election”. Vidare eliminerte Chamoun vekk alle potensielle presidentkandidatar og meinte sjølv at ingen av desse var høvande til å overta presidentembetet. McClintock konkluderte med at ”Chamoun has decided to amend constitution and succeed himself for a second 6-year term.”¹³⁹

Situasjonen i Libanon forverra seg ytterligare då demonstrasjonar ofte resulterte i kampar mellom politisoldatar og demonstrantar, og det vart gjennomført fleire åtak med bomber og granatkastarar. Korkje media eller dei to leirane gjorde noko for å roe ned situasjonen, i staden vart kvar einaste hending eller rykte teken opp og utnytta for å vinne sympati eller overtak. Den 8. mai 1958 vart Nassib al-Matni¹⁴⁰ drepen. For dei fleste historikarar vert drapet rekna som gneisten som tende kruttønna og krisa fekk ein ny form der opposisjonen tok til våpen.¹⁴¹

Same dag som al-Matni vart drepen erklærde Nasjonalfronten at regjeringa måtte ta ansvar for drapet på redaktøren og den veksande splittinga i folket. Samstundes erklærte dei ein landsdekkande fredeleg streik som ikkje ville enda før Chamoun trakk seg attende som president.¹⁴²

I Tripoli endra den fredelege demonstrasjonen karakter og det braut ut gatekampar mellom demonstrantar og politisoldatar. Mellom anna vart United States Information Service Library brent ned av sinte demonstrantar. Innan 12. mai var om lag 25 demonstrantar drepne og over 200 skada, berre i Tripoli.¹⁴³ Dei hardaste kampane førsommaren 1958 gjekk føre seg i denne hamnebyen nord i Libanon. Under leiinga av Rachid Karamé tok opposisjonen kontroll over gamlebyen og hamna, medan hæren omringa dei. Hæren tok i bruk tyngre våpen og fleire bygningar vart jamna med jorda under kamphandlingane.¹⁴⁴ Opprøret spreidde seg raskt til andre delar av landet; vegane inn til Beirut vart barrikaderte av brennande bildekk og innan 20. mai var Vest-Beirut kontrollert av opposisjonen.¹⁴⁵ Storparten av innbyggjarane i Vest-Beirut, meir nøyaktig Basta-distriktet, var muslimar og dei bygde barrikadar i gatene. Hæren og politisoldatane gjekk ikkje inn i områder som var kontrollert av opposisjonen, så det vart raskt ein stillingskrig med ein fast front. Det var likevel daglege skotvekslingar og opprørarane i Basta-distriktet nytta ofte dynamitt og tidsinnstilte bomber i mindre åtak rundt

¹³⁹ *Telegram from the Embassy in Lebanon to the Department of state. Beirut, March 5, 1958-6 p.m.* I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/3-558. Top Secret. I Glennon & Smith 1992, side 14, dokument 8.

¹⁴⁰ Al-Matni var redaktør i den kommunistvenlege avisa *Al-Tallaghrif*, og i følgje Qubain var han ein sterk kritikar av regjeringa. Allereie i 1957 vart han arrestert og dømt for å ha ærekrenka president Chamoun. Morgonen han vart drepen hadde al-Matni råda Chamoun til å gå av. Qubain 1961, side 69.

¹⁴¹ Sjå til dømes Salibi 1964, side 201; Qubain 1961, side 86; Kanaa 2004, side 182 eller Traboulsi 2007, side 134.

¹⁴² Qubain 1961, side 71.

¹⁴³ Kanaa 2005, side 183

¹⁴⁴ Qubain 1961, side 75

¹⁴⁵ Kanaa 2005, side 183.

om kring i Beirut.¹⁴⁶

Opposisjonen var best organisert i Shuf-fjella, der Kamal Joumblatt regjerte og drusarleiareren skipa ein godt organisert og utstyrt hær for å drive aktivt opprør mot regjeringa.¹⁴⁷ Lokale leiarar knytt til opposisjonen tok kontroll over Bekaadalen og grenseområda mot Syria. Mot slutten av mai kontrollerte opposisjonen om lag tre fjerdedelar av Libanon, inkludert delar av alle store byar og heile grensa til Syria utanom ein 18 km brei korridor som gjekk langs vegen til Damaskus.

Det at opposisjonen kontrollerte så godt som heile grensa skulle raskt sørgje for at krise tok ein regional og etterkvart internasjonal retning. Den 13. mai heldt utanriksminister Charles Malik ein pressekonferanse der han skulda UAR for å drive "(...) interference in Lebanon's internal affairs was directly responsible for the present disturbances." Han presenterte nokre dømer på intervensjon som skulle byggje opp under påstanden: 24 utanlandske menn med id-kort som synta at dei var eller hadde vore i den syriske hæren, ein belgisk diplomat som var teken på grensa frå Syria med bilen full av våpen og ammunisjon, 500 væpna menn kryssa grensa og gjekk til åtak på ein tollstasjon og drap seks tenestemenn og ein intensiv presse- og radiokampanje retta mot den libanesiske regjeringa. I følgje Malik var alt dette ein del av "(...) the secret movement started years ago which aimed at exposing the Lebanon to destruction and changing its independent policy."¹⁴⁸ Dette synet fekk Malik støtte for i eit møte som Chamoun hadde med dei amerikanske, britiske og franske ambassadørane til Libanon. Dei sa seg einige i at det ikkje lenger berre var eit spørsmål om Chamoun skulle sitja ein ny periode som president: "What is now at stake is National existence of Lebanon and not of any particular person."¹⁴⁹ På ein pressekonferanse dagen etter ytra den amerikanske ambassadøren, McClintock, at amerikanske styresmakter var bestemt på å hjelpe Libanon med å handheve indre tryggleik.¹⁵⁰ Opposisjonen på si side meinte at det var amerikanarane som stod for den einaste utanlandske intervensjonen i Libanon, og ikkje UAR. Som ein del av Eisenhower-doktrinen fekk Libanon tilsendt lettare våpen og nokre stridsvogner var undervegs, samstundes som rykta om potensiell amerikansk intervensjon fekk opposisjonen til å rekna amerikanarane som Chamoun sin garantist ved

¹⁴⁶ Qubain 1961, side 74.

¹⁴⁷ Ibid., side 75.

¹⁴⁸ *Summary of statement by Mr. Charles Malik, the Foreign Minister of Lebanon, at a press conference accusing the UAR of intervention in the internal affairs of Lebanon*, 13th May 1958. Henta frå *Summary of World Broadcasts (S.W.B.)*. Part IV, 15. mai 1958, 11-12. I Agwani 1965, side 58-60.

¹⁴⁹ *Telegram from the Embassy in Lebanon to the Department of State. Beirut, May 13, 1958-2 p.m.* Frå arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/5-1358. Top Secret. I Glennon & Smith 1992, side 41-3, dokument 27.

¹⁵⁰ *Time, The Weekly Newsmagazine*, "Lebanon: Bloodletting", 26. mai, 1958.

makta. Det vart ikkje betre då amerikanarane, britane og franskmennene gjekk ope ut og støtta regimet til Chamoun.

Forhandlingar i Tryggingsrådet

Den 22. mai 1958 sendte den libanesiske representanten til FN, Karim Azkoul, eit brev til Tryggingsrådet om at rådet snarast råd måtte ta følgjande tema opp til diskusjon:

Complaint by Lebanon in respect of a situation arising from the intervention of the United Arab Republic in the internal affairs of Lebanon, the continuance of which is likely to endanger the maintenance of international peace and security.¹⁵¹

Azkoul presiserte at intervenseringa var væpna grupper som tok seg inn i Libanon og øydela libanesiske eigedommar og liv, innbyggjarar frå UAR som utførte terror og væpna opprør mot staten Libanon, radio-propaganda som provoserte til streik og opprør og smugling av våpen frå Syria til opprørarar i Libanon.¹⁵² Dagen i førevegen sendte den libanesiske regjeringa ein liknande klage til Den arabiske liga.¹⁵³ Både organisasjonane ville handsame klagan.

Den 22. mai møtte Tryggingsrådet¹⁵⁴ i New York for å drøfte skuldinga frå Libanon. Den irakiske representanten kom med eit forslag om å utsetja handsaminga av spørsmålet til den 3. juni, sidan Den arabiske liga hadde avtalt å møtast for å drøfte skuldingane laurdag 31. mai. Alle representantane i Tryggingsrådet meinte dette var ein god ide då dei vart einige om at det var å føretrekkja dersom slike problem kunne løyast på regionalt nivå.¹⁵⁵ Medan alle venta i spenning på at problemet skulle drøftast hjå Den arabiske liga, sendte Nasjonalfronten eit telegram til generalsekretær Dag Hammarskjöld i FN. Dei tok sterk avstand frå klagan som Azkoul presenterte i Tryggingsrådet og ytra:

The Front regards this dispute as a purely internal affair raised by the Lebanese people to protect its public freedoms and the fundamental human rights sanctified by the law of the United Nations and

¹⁵¹ S/4007, *Letter dated 22 may 1958 from the representative of Lebanon addressed to the president of the Security Council*, 23. mai 1958, Tryggingsrådet, <http://www.un.org/en/documents/index.shtml> (Kontrollert 13.05.10).

¹⁵² S/4007, *Letter dated 22 may 1958 from the representative of Lebanon addressed to the president of the Security Council*, 23. mai 1958, Tryggingsrådet, <http://www.un.org/en/documents/index.shtml> (Kontrollert 13.05.10).

¹⁵³ Den arabiske liga vart skipa i 1945 og har hovudsete i Kairo. Tjueein nasjonalstatar og Palestina er representert i forbundet. I byrjinga var arbeidet med å sikra sjølvstende det viktige. Forbundet arbeidar for å betra relasjonane mellom landa på alle nivå.

¹⁵⁴ Tryggingsrådet var i 1958 bygd opp av elleve representantar som kom frå dei fem faste nasjonane; USA, Storbritannia, Kina, Sovjetunionen, Frankrike og seks representantar frå rullerande nasjonane; Canada, Japan, Colombia, Irak, Panama og Sverige, dei fem faste medlemene har vetorett.

¹⁵⁵ S/PV.818, 27. mai 1958, *Security Council Official Records* (frå no av: SCOR), Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/welcome.asp?language=E> (Kontrollert 13.05.10).

democratic systems.¹⁵⁶

Den arabiske liga

Ligaen holdt møte i Banghazi i Libya over fire dagar. Fleire gonger undervegs trua delegasjonar med at dei ville trekkja seg dersom rådet ikkje vart einig om ein resolusjon. Egypt på si side ytra at dei atterheldt seg retten til å ikkje vera plikta til å følgja potensielle resolusjonar. Eit forslag til resolusjon vart lagt fram og vann stønad frå Libya, Sudan, Saudi Arabia, Irak, Jordan og Jemen. Rådet avgjer:

1. To put an end to everything that might disturb the atmosphere of serenity among all the member state, by every means; 2. To request the Government of Lebanon to withdraw the complaint to the Security Council; 3. To address an appeal to the various Lebanese groups in order to put an end to the disturbance and to take every necessary measure to settle their domestic disputes by peaceful and constitutional means; 4. To send a committee chosen from among the members of the Council in order to calm the situation and to implement the decision of the Council of the League of Arab States.¹⁵⁷

I følgje Qubain var denne resolusjonen akseptabel for delegasjonane frå både UAR og Libanon, og han hevder at dersom resolusjonen hadde vorte implementert, ville libanesarane ha funne ei løysing på krisa.¹⁵⁸ Men då den libanesiske delegasjonen tok kontakt med regjeringa for å få stadfesta at resolusjonen var høvande, kom det eit avslag frå Beirut. Avslaget vart møtt med stor undring i Banghazi. Dei fleste representantane meinte det var ein rettferdig resolusjon, sjølv om den ikkje sa noko direkte om UAR si rolle eller potensiell infiltrasjon. Qubain hevdar at den libanesiske regjeringa eigentleg ikkje var interessert i å løysa problemet gjennom Den arabiske liga. Han argumenterar med at Ligaen ikkje var kjent for å finne gode og fruktbare løysingar, samstundes synte Libanon lite engasjement då utanriksminister Charles Malik reiste direkte til New York utan å vere med på forhandlingane i Banghazi. Til slutt peikar Qubain på at det eigentleg ikkje var i president Chamoun si interesse å få til noko løysing gjennom Den arabiske liga, for ved å internasjonalisere krisa og gjera problemet til ei sak i FN, kunne det verte lettare å få til ein utanlandsk intervensjon.¹⁵⁹

Klagen til Libanon føre Tryggingsrådet

Då Libanon avviste kompromissforslaget til Den arabiske liga, vart klagen teke opp att i Tryggingsrådet den 6. juni 1958. Presidenten i Tryggingsrådet inviterte representantane frå dei

¹⁵⁶ Cablegram from the United National Front to the UN Secretary General, 25th May 1958. Henta frå *Al-Hayat*. 26. mai 1958, side 2. I Agwani 1965, 121.

¹⁵⁷ Qubain 1961, side 90.

¹⁵⁸ Ibid., side 90.

¹⁵⁹ Ibid., side 91.

to landa til å vere med i rådet, høvesvis UAR sin faste representant til FN, Omar Loufti, og utanriksminister Charles Malik frå Libanon.

Malik fekk ordet fyrst og gav ei innføring i bakgrunnen for klagen:

The first is that there has been, and there is, massive, illegal and unprovoked intervention in the affairs of Lebanon by the United Arab Republic. The second is that this intervention aims at undermining, and does in fact threaten, the independence of Lebanon. The third is that the situation created by this intervention which threatens the independence of Lebanon is likely, if continued, to endanger the maintenance of international peace and security.¹⁶⁰

Malik heldt fram og presenterte mange hendingar som prov for at UAR dreiv ein aktiv intervensjon i Libanon. Mange av hendingane var enkeltpersonar eller grupper som gjennom varen vart stoppa på grenseovergangane mellom Syria og Libanon. Til dømes vart ein personbil med bagasjerommet fullt av maskingevær og ammunisjon stoppa den 30. mars, ti dagar seinare vart 110 libanesiske tilhengjarar av Joubblatt stoppa på grensa av libanesiske politi. Desse skal ha vore i Syria for å få utdelt våpen og trening av syriske offiserar. Likeins var det mange tilfeller av smugling over grensa, mindre væpna grupper som kunne ha kome over fjella frå Syria, syriske offiserar som gav våpen og råd til ymse libanesiske opposisjonsgrupper. Ei noko særskild hending var då ein belgisk diplomat, Louis de San, vart stoppa på grenseovergangen den 12. mai med bilen full av våpen, ammunisjon, enkle bomber og eit brev "(...) to a mysterious person in Beirut ordering the bombing of three main streets in Beirut and the Presidential Palace."¹⁶¹ Malik presenterte femten prov på smuglinga av våpen, og ytra at desse prova berre var eit utval. Vidare hevda Malik at den Libanesiske regjeringa meinte at alle menn som var med på opprøret i Libanon hadde fått våpna sine frå UAR.¹⁶²

Egyptiske og syriske radiokanalar hadde over lengre tid snakka om Chamoun og den libanesiske regjering med eit stygt ordelag og somme tider oppmoda til væpna motstand. Malik meinte at sidan UAR på ingen måte var kjend for ei fri presse, burde ytringane på radiokanalane og i avisene tolkast som eit åtak frå UAR retta mot Libanon.¹⁶³ Mot slutten av innlegget oppsummerte Malik med at prova han no hadde presentert føre Tryggingrådet synte, at Libanon sitt sjølvstende stod i fare, og som eit lite land var dei avhengig av støtte for å klara seg mot andre land sine freistnader på intervensjon.

Innlegget vert avslutta med ein appell til Tryggingrådet om at dei måtte syna sin visdom

¹⁶⁰ S/PV.823, 6. juni 1958, side 3, §11, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

¹⁶¹ *Ibid.*, side 5-8, §16.

¹⁶² *Ibid.*, side 7, §17.

¹⁶³ *Ibid.*, side 14, §29.

og hjelpe Libanon med å få slutt på våpensmuglinga, presse- og radiokampanjen, slutt på framand innblanding generelt og at Libanon måtte få fred til å løysa interne problem på eigenhand.¹⁶⁴

UAR svarar på skuldingane

Omar Loufti fekk ordet i Tryggingsrådet og ytra nesten med ein gong ein total ansvarsfråskriving. Han hevda:

In an effort to cope with the situation, the present Government of Lebanon has striven to give an international aspect to what is a purely domestic problem and to divert the attention of its own public opinion and that of the world from the situation now prevailing in Lebanon.¹⁶⁵

Loufti gjekk vidare og skulda Malik og regjeringa for å nytte Tryggingsrådet til å få ei ende på indre libanesiske problem, noko Loufti meinte kunne skada prestisjen til Tryggingsrådet og FN. For å underbyggje eigen påstandar om at problema til Libanon var interne og dermed ikkje hadde noko å gjere i FN, las Loufti ytringar frå opposisjonen dei siste månadane. Ein kan tolke det slik at Loufti dermed støttar opposisjonen i tanken, men han nektar for at UAR hadde noko skuld i påstandane til Malik.¹⁶⁶ Loufti avslutta innlegget sitt med at Libanon ikkje trong hjelp frå Tryggingsrådet, då det var ingen, så langt han kunne sjå, som trua sjølvstende og integriteten til landet. ”But no one is threatening Lebanon; all we want is an independent Lebanon.”¹⁶⁷

Dei andre medlemslanda i Tryggingsrådet ytra mismod over situasjonen i Libanon, og vart einige om å møtast att den 10. juni for å få djupare innsikt i situasjonen. For nokre representantar stod saka godt nok aleine, medan for andre var det ynskjeleg med meir informasjon, særleg om korleis saka vart handtert i Den arabiske liga då mange undra seg over kvifor det libanesiske regjeringa ikkje ville godta forslaget som vart fremja.

Som avtalt møtte Tryggingsrådet den 10. juni for å halda fram med handsaminga av skuldingane mot UAR. Denne dagen skulle Omar Loufti svare på skuldingane. Han gjekk gjennom så langt som alle prova og skuldingane og hevda at dei aldri ville heldt i ein rettssal, prova måtte reknast som spekulasjonar utan noko særleg underbygging i røynda. Dessutan var det lite som tala for at UAR var involvert i hendingane som Malik nytta som prov.¹⁶⁸

¹⁶⁴ Ibid., side 22, §72-73.

¹⁶⁵ Ibid., side 23, §76.

¹⁶⁶ Ibid., side 29, §109.

¹⁶⁷ Ibid., side 32, §125.

¹⁶⁸ S/PV.824, 10. juni 1958, side 3, §8, SCOR, Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

Loufti konkluderte:

It has not been established that there has been any interference on our part in the internal affairs of Lebanon. (...) As the leaders of my country have stated on several occasions, we respect the independence and unity of Lebanon.¹⁶⁹

Malik svarte med at Loufti ikkje hadde omtala meir enn femten til tjue prosent av hendingane, og meinte at det var fordi UAR var skuldig i dei resterande hendingane.¹⁷⁰

Debatt i Tryggingrådet

Den svenske representanten til Tryggingrådet, Gunnar Jarring, meinte at saka var nokså alvorleg. Men, trass i at prova frå Malik kategorisk vart avvist av Loufti, var Jarring klar på at situasjonen måtte granskast nøysamt, gjerne med observatørar. Difor la Jarring fram eit forslag til ein resolusjon med følgjande ordljod:

The Security Council, Having heard the charges of the representative of Lebanon concerning interference by the United Arab Republic in the internal affairs of Lebanon and the reply of the representative of the United Arab Republic, 1. Decides to dispatch urgently an observation group to proceed to Lebanon so as to ensure that there is no illegal infiltration of personnel or supply of arms or other materiel across the Lebanese borders; 2. Authorize the Secretary-General to take the necessary steps to that end; 3. Request the observation group to keep the Security Council currently informed through the Secretary-General.¹⁷¹

Forslaget frå Jarring vart motteke positivt i Tryggingrådet. USA, Frankrike, Irak og Storbritannia støtta forslaget, medan Japan og Colombia var positive men trengde litt tid til å granska resolusjonsforslaget. Representant frå sovjetunionen, Sergei Lvovich Sobolev, meinte at prova som skulle syna intervensjon i Libanon var veldig svake og at det i alle tilfeller ikkje var noko grunnlag for intervensjon i Libanon, frå korkje andre nasjonar eller Tryggingrådet.¹⁷² Når Sobolev peika på ”andre nasjonar” var det USA han hadde i tankane. Under innlegget i Tryggingrådet skulda han USA og Storbritannia for å mobilisere militære styrkar på Kypros og i Middelhavet med ein intervensjon i Libanon som mål. Med dette som grunnlag hevda Sobolev at det berre var USA som hadde ynskje og planar om intervensjon i Libanon og at klage til Tryggingrådet berre kunne sjåast som ”(...) to gain support in its struggle against its own people from certain Western Powers represented in the Council.”¹⁷³

¹⁶⁹ Ibid., side 13, §60-1.

¹⁷⁰ Ibid., side 14, §65.

¹⁷¹ Ibid., side 23, §111.


¹⁷² Ibid., side 29, §154.

¹⁷³ Ibid., side 33, §181.

Med tanke på det svenske resolusjonsforslaget konkluderte Sobolev med at medlemene i Tryggingrådet hadde plikt til å hindra intervensjon i Libanon og at ein dermed ikkje kunne støtta klagen til Libanon då denne var både falsk og grunnlaus.¹⁷⁴ **BLA**

Same dag, den 11. juni, vart resolusjonen teken opp til avstemming i Tryggingrådet. Ti av elleve faste medlemmer stemde for resolusjonen, medan Sovjetunionen avstod frå å stemme.¹⁷⁵ Sobolev forklarte kvifor han hadde avstått frå å stemma med at korkje Libanon eller UAR hadde hatt innvendingar mot resolusjonen, dermed ville ikkje Sovjetunionen nytte vetoretten. Men, ein måtte ikkje tru at den sovjetiske representanten hadde endra meining; klagen frå Libanon var ikkje gyldig.¹⁷⁶ Dermed var resolusjonen vedteken og ei observatørgruppe skulle snarast råd sendast til Libanon.

Etter avstemminga gjekk generalsekretær Dag Hammarskjöld føre rådet og fortalde at han hadde byrja planleggjinga av korleis resolusjonen skulle utførast allereie dagen i førevegen. Sjølve observatørgruppa skulle byggjast opp av kompetente personar, men det vil ta nokre dagar før desse var på plass i Libanon. Observatørane som skulle jobbe for Gruppa kunne rekrutterast frå FN sine operasjonar i Jerusalem og vera operative innan få dagar.¹⁷⁷



Bilete 2: Charles Malik frå Libanon (t.v) og Mahmoud Fawzi frå UAR, Bilete er teke den 4. mars under eit møte i FN. Foto: UN

¹⁷⁴ Ibid., side 35, §191.

¹⁷⁵ Sjølv om dei to partane i konflikten, Libanon og UAR, var med på møta hadde dei ikkje stemmerett.

¹⁷⁶ S/PV.825, 11. juni 1958, side 17, §83, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

¹⁷⁷ Ibid., side 18, §90-1.

Kapittel 3: UNOGIL og infiltrasjonen

*There was a fighting in the Chouf,
Beirut was barricaded,
Bombs went off all o'er the place,
While the army it paraded.*

*In his office sat the General,
He mused all day and night,
Said he, "The army it is neutral,
Its job is not to fight".¹⁷⁸*

Innleiing

Drapet på redaktør al-Matni den 7. juni sette i gong ei rekkje med hendingar. Anarki i Libanon, store regionale spenningar, resolusjon frå Tryggingrådet, innsetjinga av United Nation Observation Group In Lebanon (UNOGIL), utplassering av 15000 amerikanske marinesoldatar, aktivt stillediplomati og rasling med atomrakettar. I dette kapittelet vil eg presentera korleis UNOGIL vart skipa og deira fyrste 34 dagar i Libanon fram til den amerikanske intervensjonen den 15 juli 1958.

UNOGIL måtte halde seg til ei stadig meir kritisk libanesisk regjering og ein tidvis uklår og skyteglad opposisjon. Samstundes reiste generalsekretær Dag Hammarskjöld i skytteltrafikk mellom Beirut, Kairo og New York og prøvde å leggja til rette for ei løysing. Eg vil i dette kapittelet studera korleis UNOGIL og Dag Hammarskjöld innverka på krisa lokalt og internasjonalt, heilt fram til konteksten endra seg og krisa tok ein fullstendig ny retning.

UNOGIL vert skipa

Ein kan kanskje undra seg over kvifor generalsekretæren hadde byrja arbeidet med implementeringa av resolusjonen allereie kvelden i førevegen, men notata til Hammarskjöld frå desse dagane syner at generalsekretæren var djupt involvert i tilretteleggjinga og formuleringa av resolusjonen. Generalsekretæren skriv at før møtet i Tryggingrådet den 10. juni, vart han kontakta av Gunnar Jarring, som hadde fått eit angloamerikansk resolusjonsforslag som dei ynskte at Jarring skulle fremja som sitt eige. I følgje britane og

¹⁷⁸ Dikt funnen i både Dag Hammarskjöld og Odd Bull sine private arkiv. Hammarskjöld fekk det tilsendt av Dayal som òg gjev inntrykk av å vera forfattaren. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958, Correspondance, L179:105.

amerikanarane ville dei sleppe frå sovjetisk veto dersom forslaget kom frå Jarring. Hammarskjöld meinte at resolusjonsforslaget ikkje var godt nok då det angloamerikanske forslaget la føringa for kor mange observatørar FN skulle sende, og dermed ville resolusjonen vere lite pragmatisk og vanskeleg å tilpasse ein kontekst i endring. Det var betre om generalsekretæren kunne avgjere oppbygginga av observatørgruppa. Etter at Jarring hadde fått britane og amerikanarane med på dette ved å endre resolusjonsforslaget til at Tryggingrådet "(...)request the SG [Secretary General] to take the necessary steps"¹⁷⁹, møttes dei to svenskane og lagde det endeleg forslaget til resolusjonen, endringa er ordlagt av Hammarskjöld:

a) nothing was to be said about the composition, b) the aim was spelled out in somewhat weaker terms by introduction of the words 'so as to' instead of 'for', and c) the verb 'authorises' was used instead of 'requests' in the operative paragraph referring to the SG.¹⁸⁰

I følge Hammarskjöld var den endelege resolusjonen han sjølv- og Jarring sitt verk. I eit møte med stormaktene (den sovjetiske representanten kom aldri til møtet), utanriksministrane Malik og Loufti den 11. juni, utbroderte Hammarskjöld korleis han tolka og ville gjennomføre resolusjonen. Alle godkjende planen meir eller mindre eksplisitt, medan "Malik found the intended implementation 'admirable'."¹⁸¹

Observatørgruppa

Torsdag den 12. juni 1958 ringte telefonen heime hjå generalmajor Odd Bull. Det var sjefen for den norske luftforsvaret som spurde om Bull kunne tenkja seg å reisa til Libanon som ein del av ei internasjonal observatørgruppe. Odd Bull fekk berre 30 minutt til å tenkja seg om, men han meinte det høyrdest særst spennande og utfordrande ut så han tok oppdraget. Det at førespurnaden kom frå generalsekretær Dag Hammarskjöld gjorde ikkje avgjersla vanskelegare.¹⁸²

Om lag samstundes vart den indiske diplomaten Rajeshwar Dayal¹⁸³ og tidligare president for Ecuador, Galo Plaza,¹⁸⁴ kontakta med liknande førespurnadar. I likskap med Bull takka både to ja og frå kvar sin verdsdel sette dei tre kursen mot Libanon. Bull, Dayal og

¹⁷⁹ *Memorandum (draft) av Dag Hammarskjöld*, hemmeleg, 13. juni 1958, side 2. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

¹⁸⁰ *Ibid.*, side 2.

¹⁸¹ *Ibid.*, side 3.

¹⁸² Bull 1973, side 13.

¹⁸³ Indisk yrkesdiplomat som tenestegjorde i Jugoslavia og Pakistan før han vart ein del av Gruppa i Libanon. Etter UNOGIL haldt han fram som diplomat og leia FN-operasjonen i Kongo frå 1960-61.

¹⁸⁴ Galo Plaza var president i Ecuador frå 1948 til 1952. Etter Libanon var han involvert i FN sine operasjonar i Kongo og Kypros før han leia Organization of American States frå 1968 til 1975.

Plaza vart engasjert som medlemmer i observatørgruppa under resolusjon 128 vedteken i Tryggingrådet den 11. juni. Før dei reiste frå sine respektive heimland, var det ingen som visste korleis oppdraget skulle utførast og kunnskapen om Libanon var generelt svært dårleg. Dei einaste retningslinjene Gruppa hadde å halde seg til var den generelle ordlyden i resolusjonen.

Allereie den 15. juni, fire dagar etter resolusjonen vart vedteken i Tryggingrådet, landa Bull som den fyrste frå Gruppa i Beirut. Han tok vegen til det mellombelse hovudkvarteret for UNOGIL der han møtte *chargé d'affaires* Leif Edwardsen, David Blickenstaff som verka som Gruppa sin sekretær og fleire representantar frå UNTSO.¹⁸⁵ Observatørar og offiserar frå UNTSO vart sendt frå hovudkvarteret i Jerusalem og byrja kartleggjing og observering allereie den 12. juni. Bull og Blickenstaff gjekk straks i gong med å byggje ein organisasjon. Dei vart einige om at det var naudsynt å rekruttere 100 offiserar til observatørkorpset støtta av observasjonsfly og helikopter. Førespurnaden vart sendt til FN sitt hovudkvarter i New York og vart med ein gong godkjent.¹⁸⁶

Det vart raskt ein diskusjon om i kvar grad observatørane skulle bæra våpen eller ikkje. Soldatar frå UNTSO bar våpen for å verna seg sjølv og fleire meinte at det òg burde vera naturleg for observatørar frå UNOGIL. Bull meinte at observatørane i Libanon stod i ein anna situasjon enn observatørane på grensa mellom Israel og Egypt; Libanon var i borgarkrig medan der UNTSO opererte stod det to regulære hærar. Bull vurderte situasjonen i Libanon til å vera meir komplisert med mange irregulære militsgrupper og dermed ville observatørane kunne operera friare og vere tryggare utan våpen. Bull rekna det som mindre sannsynleg at nokon ville skyta på ein FN-observatør som ikkje var væpna, dessutan ville opprørarane i Libanon i storparten av hendingane ha høve til å skyte først då dei var kjende med topografien og dei lokale tilhøva.¹⁸⁷ Vidare vart det avgjort at observatørane skulle køyre rundt i grupper på om lag fire menn i to kvitmåla jeepar. På sikt skulle Gruppa skipa faste observatørpostar i strategiske byar, landsbyar og ved potensielle ferdselsårer.¹⁸⁸ Allereie den 15. juni køyrde observatørane heilt nord til byane Tripoli og Baalbek, og heilt fram til den syriske grensa ved Marjayoun i vest og Rashaya i søraust. Ingen av desse områda var kontrollert av regjeringa og

¹⁸⁵ United Nation Truce Supervision Organization. Ein FN-operasjon som vart skipa i 1948 for å overvaka våpenkvilen mellom Israel og nabolanda.

¹⁸⁶ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av Observatør-gruppen i Libanon*. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304, side 9.

¹⁸⁷ Bull 1973, side 19.

¹⁸⁸ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av Observatør-gruppen i Libanon*. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304, side 15.

mange stadar vart observatørane nekta tilgjenge, men gjennom forhandlingar fekk dei støtt tilgjenge til nye områder.¹⁸⁹

Bull vitja president Chamoun same dag som han landa i Beirut og vart teken godt i mot, men som Bull skriv i sjølvbiografien sin:

Han [President Chamoun] orienterte meg om situasjonen slik han så den, og det var neppe tvil om at han ventet at UNOGIL skulle arbeide for ham og hans regjering. Jeg refererte til mandatet vi hadde fått utan å gå i detaljer.¹⁹⁰

Vurderinga til generalmajoren av formålet til Chamoun med å invitere FN var ikkje misoppfatta. Dag Hammarskjöld skriv i eit memorandum datert den 15. juni at han hadde fått nyss i at utanriksminister Malik ville be om eit nytt møte i Tryggingrådet, allereie to dagar etter resolusjonen vart vedteke. Bakgrunnen denne gongen var at Malik ville hevda at observatørstyrken ikkje var nok for å løysa krisa. Han ville heller han ein styrke meir lik på UNEF,¹⁹¹ altså ein stor væpna styrke som skulle verna grensa mot infiltrasjon. Hammarskjöld skriv at ei slik løysing aldri kunne verta godkjent i Tryggingrådet og dermed hadde saka gått over til Generalforsamlinga der USA ville pressa saka gjennom.¹⁹² Bak det heile låg ein intensiv korrespondanse mellom president Chamoun i Beirut, Malik i New York og utanriksminister Dulles via ambassadør McClintock i Beirut. I ein telefonsamtale mellom Chamoun og McClintock den 14. juni, synte Chamoun til aukande kampar i Beirut og ytra at dersom tilhøva ikkje betra seg var sannsynet stort for at Chamoun då ville krevja intervensjon av amerikanske, britiske og franske militære styrker.¹⁹³

I Washington meinte dei at Chamoun og Malik overdreiv situasjonen og at den libanesiske hæren burde vere i stand til å handsame situasjonen. Likeins ville Dulles gjera det klart for Chamoun: "He should be under no misapprehension that US forces can be counted upon to intervene in circumstances where Lebanese forces are unwilling to fight."¹⁹⁴

¹⁸⁹ S/4029, 16. juni 1958. *Report by the Secretary-General in the Implementation to date of the Resolution of the Security Country of 11. June 1958, on the Complaint by Lebanon*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

¹⁹⁰ Bull 1973, side 19.

¹⁹¹ UNEF står for United Nations Emergency Force. Skipa i 1956 av Generalforsamlinga til FN for å gjere ende på Suezkrisa og overvaka attendetrekkinga av israelske styrkar og overvaka våpenkvilen mellom Israel og Egypt. I motsetnad til UNOGIL var dette ein militær styrke med tyngre våpen og talde om lag 6000 soldatar.

¹⁹² *Memorandum (draft) av Dag Hammarskjöld, 15 juni 1958*. Side 3. Secret. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

¹⁹³ *Memorandum of a Telephone Conversation Between the Ass. Sec. for Near Easter, South Asian, and African Affairs (Rountree) and Foregin Minitser Malik, Washinton June 14, 1958-noon*. Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1458. Secret. I Glennon & Smith 1992 side 115-6, dokument 72.

¹⁹⁴ *Telegram from the Department of state to the Embassy in Lebanon. Beirut, June 14, 1958-6:53p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1458. Secret. I Glennon & Smith 1992, side 117, dokument 75.

Den libanesiske hæren og den særskilde rolla til general Chehab

Kravet frå den amerikanske utanriksministeren om at dei ikkje ville intervenere så lenge den libanesiske hæren ikkje tok opp kampen mot opprørarane, kan verka som høgst merkeleg. Kvifor ville ikkje hæren ta opp kampen slik den fekk beskjed om frå den libanesiske regjeringa? Som forklart tidligare i avhandlinga, utvikla opprøret seg raskt til ein stillingskrig der opposisjonen tok kontroll over grenseområda og delar av byane, medan hæren kontrollerte storparten av byane, kystområda og viktige vegar. Slik heldt situasjonen seg gjennom heile sommaren. Rett nok var det enkelt åtak frå opposisjonen som til dømes når dei gjekk til åtak på presidentpalasset og flyplassen, men desse åtaka vart slegen attende av hæren. Likeins prøvde hæren somme tider å ta over områder kontrollert av opposisjonen, men i det heile var det ein stillingskrig med lite rørsle i frontlinja.¹⁹⁵

General Fuad Chehab var sjef for hæren og var respektert hjå både muslimar og kristne trusfrendar. Slike eigenskapar var rekna som viktige for libanesiske militære leiarar fordi alle konfesjonar var representert i hæren. Dette gjorde at dersom hæren vart nytta i åtak på eigne landsmenn risikerte ein at hæren gjekk i oppløysing langsetter sekteriske linjer. Dette argumentet nytta Chehab både under regjeringskrisa i 1952 og no under krisa i 1958.¹⁹⁶ Situasjonen var sjølvstøtt annleis i 1958 då hæren faktisk vart engasjert i kamphandlingar, men ein kan sjå det som at hæren heldt oppe balansen mellom opposisjonen og regjeringa; når opposisjonen vart for aggressive vart dei stoppa av hæren. Frykta for at hæren skulle gå i oppløysing var overhengjande og dermed nekta Chehab å involvera hæren i konflikten.

Galo Plaza rapporterte i eit telegram til Hammarskjöld at under eit møte med statsminister Solh den 26 juni, klaga statsministeren over at Chehab på eigen førespurnad hadde fått kontroll over alle tryggleiksstyrkar, inkludert politisoldatane, men hadde så pasifisert heile tryggjingsapparatet. Solh fortel òg at Chehab hadde fått ordre frå regjeringa om å reinska opp i det opposisjonskontrollerte Basta-området i Beirut, men general Chehab nekta gong på gong.¹⁹⁷

Chamoun og Malik heldt fram med å utøve eit press på det amerikanske utanriksdepartementet om å få til ein amerikansk intervensjon, men amerikanarane var skeptiske. I ein telefonsamtale om morgonen den 15. juni mellom utanriksminister Dulles og

¹⁹⁵ Qubain 1961, side 79.

¹⁹⁶ I 1952 var Chehab og hæren ein direkte årsak til at dåverande president el-Khoury måtte trekkja seg; Chehab gjorde det klart at hæren ville halde ro og orden, men ikkje sloss mot folket. Då el-Khoury samstundes mista støtta i nasjonalforsamlinga måtte han trekkja seg.¹⁹⁶

¹⁹⁷ UNOGIL 142, 26. juni 1958. *Telegram frå Galo Plaza til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

den amerikanske representanten til FN, Henry Lodge,¹⁹⁸ vart dei einige om at USA ikkje kunne gå inn i Libanon når situasjonen var så usikker. Ein mykje betre løysing for amerikanarane ville vera dersom Hammarskjöld eller observasjonsgruppa bad om væpna forsterkningar. Då kunne USA, saman med andre, intervensera endeframt med stønad i FN. Lodge lova å jobba for ei slik løysing.¹⁹⁹ Dagen etter, den 16. juni, møtes Hammarskjöld og Lodge. Den amerikanske representanten til FN var allereie klar over at Hammarskjöld såg på ein amerikansk intervensjon som ein særdeles dårleg ide, og i følgje Lodge hadde president Eisenhower konkludert med det same. Hammarskjöld skriv i møtereferatet:

Dulles [utanriksminister] had agreed with Malik, but the President [Eisenhower] had resisted. It all seemed to be a story where a certain other country would love to get an American initiative protecting their own move 'so as to drag us with them down in the mud'. I replied that the policy lines taken seemed to me nothing less than crazy, and obviously Mr. Lodge was of no other view. He felt that under the circumstances it was essential that we got step by step all substantiated reports we could on the so-called infiltration, etc. from our observers.²⁰⁰

Odd Bull skriv i sjølvbiografien sin at takke vere Hammarskjöld sin innsats, avgjorde USA at det ikkje var noko grunnlag for intervensjon. Han fortel med eigne ord:

På denne tiden spiste jeg en aften middag hos den amerikanske ambassadør R. McClintock. Etter middagen tok han meg til side, pekte på en telefon og sa, -her har jeg direkte forbindelse til den 6. flåte, synes De jeg skal kalle den inn? Det er en dårlig idé, svarte jeg, FN er her for å ta vare på dette problemet.²⁰¹

Eit par dagar seinare, den 19. juni, var Dayal og Plaza på plass i Beirut og Gruppa heldt eit konstituerande møte. Dag Hammarskjöld hadde òg kome til Beirut og vart med på møtet. Det var diskutert korleis resolusjonen skulle tolkast og kva oppgåver observatørane skulle ta på seg. Som representanten frå Panama i Tryggingrådet råda til skulle ikkje UNOGIL handtere tidligare hendingar, altså skuldingar om infiltrasjon som hadde skjedd før UNOGIL vart operativ.²⁰² Gjennom observering langsetter vegar, stiar og på strategiske punkter skulle potensiell infiltrasjon observerast og rapportert. Plaza vart valt til formann, medan Bull vart

¹⁹⁸ Henry Cabot Lodge (1902 – 1985). Republikansk senator som vart USA sin ambassadør til FN frå 1953.

¹⁹⁹ *Memorandum of a Telephone Conversation Between the Secretary of State and the Representative at the UN. Washington, June 15, 1958-9:35 a.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1458. Secret. I Glennon & Smith 1992, side 124, dokument 79.

²⁰⁰ Memorandum av Dag Hammarskjöld, 16. juni 1958, side 1, Secret. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²⁰¹ Bull 1973, side 20.

²⁰² Representant frå Panama klargjorde for kva avgrensingar og autoritet observatørgruppa skulle ha. Representanten meinte sjølv at observatørgruppa ikkje skulle granske tidligare hendingar og ikkje ha autoritet til å dømme eller gripa inn i situasjonar, noko medlemene i Tryggingrådet ikkje var ueinige i.

sjef for observatørane og Dayal var medlem i Gruppa.²⁰³

Stillediplomati

Det fyrste møtet mellom Hammarskjöld og president Chamoun

Generalsekretær Dag Hammarskjöld hadde ikkje kome til Beirut eine og aleine for å vere med å skipa UNOGIL. Han ville òg møta Chamoun og representantar for regjeringa for å få eit nærare innsyn i konflikten. Dessutan var det mange i Beirut som meinte at FN burde freista å mekla mellom partane. *Chargé d'affaires* Edwardsen skriv i ein rapport som vart sendt til utanriksdepartementet i Noreg at "Det politiske klima her favoriserer mekling, da de forskjellige opposisjonledere i stor utstrekning er lei av kamp og redd for at den skal gå for langt."²⁰⁴ Denne oppfatninga av situasjonen var ikkje Edwardsen aleine om; den britiske ambassadøren til Libanon såg, i følge Edwardsen, slik på situasjonen:

(...) [den britiske ambassadøren] anser det som overmaate viktig at generalsekretæren i hvert fall undersøker mulighetene for aa megle. Ambassaden tror ogsaa at det er store muligheter for at han vil lykkes.²⁰⁵

Likeeins føreslo den amerikanske ambassadør McClintock for Chamoun at general Chehab burde freiste å mekla med opposisjonen, helst i samarbeid med Dag Hammarskjöld og observatørane. McClintock vona at etter ein våpenkvil var forhandla fram, kunne ein tvinge president Nasser til å gjera ein ende på infiltrasjonen. Chamoun skal ha reagert negativt på forslaget, utan at McClintock gir noko nærare forklaring på kvifor.²⁰⁶

Hammarskjöld var skeptisk til å ta på seg ei meklarrolle då han ikkje under noko omstende ynskte å "(...) be drawn into a discussion of Lebanese internal affairs".²⁰⁷ Likevel byrja Hammarskjöld på ei rundreise i regionen. I eit kort møte med Chamoun, fortalde Hammarskjöld om den planlagde reisa til Kairo, og Chamoun var nøgd med initiativet og meinte ei slik vitjing kunne verta viktig.²⁰⁸

Statsminister Sami Solh var og interessert i å forklara situasjonen for Hammarskjöld. Solh la særskild vekt på at han frykta at situasjonen kunne utvikla seg til ein sekterisk konflikt

²⁰³ Ibid., side 17.

²⁰⁴ J.Nr 02306/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 16 juni 1959-17:00*, side 2. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

²⁰⁵ Ibid., side 3.

²⁰⁶ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. Beirut, June 19, 1958-2 p.m.*, Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1858. Top Secret. I Glennon & Smith 1992, side 156, dokument 96.

²⁰⁷ *Memorandum etter møte med president Chamoun, av Dag Hammarskjöld, 19. juni 1958*, Secret, I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²⁰⁸ Ibid.

mellom muslimar og kristne, og nettopp difor valde Solh å helda fram som statsminister; ”(...) he considered that in doing so he – in his person – could forestall a development in that direction.”²⁰⁹ Som svar på denne frykta la Hammarskjöld fram eit argument om, at det grunna faren for ein sekterisk borgarkrig var det viktig å unngå handlingar som kunne leia til ei slik utvikling. Hammarskjöld heldt fram argumentasjonsrekkja si og spurde Solh om ikkje ei vidareføring av kampen til regjeringa mot opposisjonen med hjelp frå vesterlandske kristne troppar, med eller utan stønad i FN, ville føre til djupe sår hjå den muslimske delen av folket? Hammarskjöld svara sjølv på spørsmålet og meinte at involvering av vesterlandske troppar ville vera sær sars lite heldig, noko statsministeren sa seg einig i. Vidare ytra Solh at dersom Hammarskjöld kunne få slutt på infiltrasjonen ville det ha vore eit veldig viktig vendepunkt.²¹⁰

På veg til Kairo mellomlanda generalsekretæren i Israel og Jordan for å møta dei respektive statsleiarane. Denne sommaren var det mange rykte knytt til krisa i Libanon. Eit av dei var at Hammarskjöld jobba for å få til eit kompromiss mellom Libanon og UAR. Då den jordanske statsministeren Samir al-Rifai konfronterte generalsekretæren med dette ryktet og la til at eit kompromiss ville vere ein katastrofe for Libanon, svara Hammarskjöld:

He was much relieved when I told him that nothing could be further from my thinking, as my main aim was to get the UAR to back down from whatever role they had in the story.²¹¹

Hammarskjöld skriv at han var overraske over den avslappa haldninga statsminister Ben Gurion hadde til krisa. Ben Gurion meinte at krisa var ”(...) a bad melodrama”. Hammarskjöld avsluttar møterefateret med at ”I must confess that in the whole BG’s [Ben Gurion] comments this time indicated his age.”²¹²

Møte med president Gamal Abdul Nasser

I Kairo sat Hammarskjöld og president Nasser saman i fire timar og utveksla synspunkt og diskuterte krisa. Hammarskjöld byrja møtet med å leggje fram nokre punkt som inneheldt fleire potensielle scenario for utvikling av krisa. Fyrst forsvara generalsekretæren resolusjonen frå Tryggingrådet med at alle medlemene i Tryggingrådet såg alvoret i krisa og det var avgjerande at ein resolusjon kom på plass så snart som råd. Dersom resolusjonen ikkje

²⁰⁹ *Memorandum etter møte statsminister Sami es-Solh, av Dag Hammarskjöld, 20. juni 1958, Secret, I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.*

²¹⁰ *Ibid.*

²¹¹ *Memorandum etter møter med høvesvis statsminister Samir al-Rifai og Ben Gurin, av Dag Hammarskjöld, 21. juni 1958, Secret, I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.*

²¹² *Ibid.*

førte noko veg ville freistanden til Tryggingsrådet feila og saka ville etter all sannsyn gå til FN si Generalforsamling der ”(...) further ‘practical’ measures would be considered necessary.”²¹³ Dermed var det opp til generalsekretæren at resolusjonen vart ein suksess noko alle, til og med UAR, var tent med. Deretter fortalde Hammarskjöld at han var ”(...) personally convinced of militray cooperation with the rebels which had taken the form of quite an extensive infiltration and delivery of arms.”²¹⁴

Dette syner at sjølv om Hammarskjöld faktisk var overtydd om at det gjekk føre seg massiv infiltrasjon ville han ikkje fortelja dette til libanesarane. Når observatørgruppa fann prov for denne infiltrasjonen ville det verta publisert i ein rapport, noko som ville vere sær negativt for UAR. Hammarskjöld følgde opp med ein mogleg respons på ein slik rapport: verdsopinionen ville få stadfesta at UNOGIL ikkje kunne stoppe flaumen av våpen og materiell. Same kva påfølgjande steg tryggingsrådet ville freiste å ta ville Sovjetunionen møte med veto og saka ville enda opp føre Generalforsamlinga. Dermed var det rimeleg grunn til å tru at UAR vart merka som ein aggressiv aktør og dersom Generalforsamlinga vurderte rapporten frå UNOGIL som alvorleg nok, kunne ein væpna større styrke verta utplassert i Libanon. I ein slik situasjon kunne ikkje UNEF halda fram med operasjonane, og dermed ville Egypt stå utan denne støtta frå FN.

The outcome of all this would be that the UAR would find itself with all bridges to the west broken and practically at the mercy of the USSR.²¹⁵

Hammarskjöld avslutta denne lange framleggjinga med å poengtera at noko kompromiss kunne aldri verta aktuelt, då han rekna det som sikkert at dei vesterlandske stormaktene heller ville ta opp kampen enn å gå med på eit kompromiss.

Desse poenga kunne oppfattast som truslar, men Hammarskjöld hadde allereie før møtet med Nasser lagt fram synspunkt for utanriksminister Mahmoud Fawzi, som igjen hadde informert presidenten om standpunkta til generalsekretæren, dermed var Nasser førebudd og samtalen vart halde på eit sakleg nivå.²¹⁶ Hammarskjöld konkluderte med at dersom han var Nasser sin utanriksminitsar ville han ha gjeve følgjande råd: ”Mr. President, the UAR in this case has overplayed its hand, and badly. The UAR has to get out of it, and quickly.”²¹⁷

²¹³ *Memorandum etter møter med president Nasser, av Dag Hammarskjöld, 22. juni 1958, Secret, side 1, I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10-July 20. L179:104.*

²¹⁴ *Ibid.*, side 1.

²¹⁵ *Ibid.*, side 2.

²¹⁶ *Letter frå Secretary-General til Dr. Fawzi, 19. juni 1958. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10-July 20. L179:104.*

²¹⁷ *Ibid.*, side 3.

President Nasser spurde om han hadde oppfatta generalsekretæren slik at UAR skulle sørgja for at det ikkje vart noko meir infiltrasjon av ein militær natur og inga levering av våpen? Hammarskjöld stadfesta dette og la til at det òg måtte verte ein slutt på radiopropagandaen.

Nasser heldt fram og ynskte å fortelje sin versjon av historia: då UAR vart skipa kom det mange delegasjonar frå Libanon for å møte presidenten. Fleire av desse ynskte at Libanon skulle verte ein del av unionen, men Nasser hadde frå første stund nekta for at ein slik politikk kunne gjennomførast. Hammarskjöld skriv:

He [Nasse] had given his reason [til delegasjonane frå Libanon] that the composition of the population of Lebanon and the development of political views in Lebanon was such that no union with Lebanon was possible without provoking and maintaining 'at least a strong minority in opposition against it'. Under such circumstances a union was not workable.²¹⁸

Hammarskjöld følgde den same tråden ved å hevda at den arabiske nasjonalismen ikkje stod så sterkt i Libanon og at landet burde halda fram med å vera ein nøytral møtestad mellom aust og vest. Nasser sa seg einig i dette og fortalde at vekene etter at opprøret kom i gong "(...) Cairo had kept the brakes on concerning those in Lebanon who wanted to help the rebels."²¹⁹, men då den libanesiske regjeringa tok saka til Tryggingrådet endra situasjonen seg og bremsene vart slått av.

From that moment on, for some time, it was (as I [Dag Hammarskjöld] had said) a case of quite a flow of arms into the country. However, it was a question of small arms, as they had practically to 100 percent been taken over the mountains on mule back.²²⁰

Etter ein mindre diskusjon om i kva grad radiopropagandaen måtte reknast som sjølvforsvar eller om det var oppmoding til opprør mot Chamoun, oppsummerte Nasser samtalen med å ytra at "(...) he would give me 'his promiss' that all infiltration of military nature and all traffic in arms would be stopped."²²¹ For å få stadfesta at dette verkeleg var noko Nasser ville stå inne for, peika Hammarskjöld på at når personlegdom til Nasser vart kritisert svara Hammarskjöld alltid: "However that may be, he has never gone back on anything he said to me personally." Nasser svara "I do wish to maintain that record, and that is the reason why I have to be very exact."²²²

Ved å nytte truslar og ærlegdom kombinert med tillitt og forståing for Nasser, fekk

²¹⁸ Ibid., side 4.

²¹⁹ Ibid., side 4.

²²⁰ Ibid., side 4.

²²¹ Ibid., side 5.

²²² Ibid., side 6.

Hammar skjöld gjennomslag for strategien han la fram i møte med den jordanske statsministeren Samir al-Rifai nokre dagar i førevegen; ”to get the UAR to back down from whatever role they had in the story.”²²³ Hammar skjöld hadde fått Nasser til å innrømme at UAR stod bak infiltrasjon av våpen og deretter fått han til å lova å få ein slutt på det. Dagen etter informerte utanriksminister Fawzi Hammar skjöld om at naudsynte ordre var gitt og at frå morgonen den 24. juni var det slutt på all støtte av militær natur over grensa til Libanon. Dette var trass i motstand frå nokre personar i nærleiken av Nasser som ikkje såg fordelene med å gjere ende på våpenstønad.²²⁴

Ei veke etter samtalen mellom Nasser og Hammar skjöld ytrar utanriksminister Dulles i eit møte at ”Our intelligence sources indicated that there has been a considerable reduction or termination of infiltration across the border. (...) The activities of the UN and Hammar skjöld have brought about a large cessation of infiltration.”²²⁵ Likeins skal opposisjonsleiarane Saëb Salam og Kamal Joumblatt ha klaga til Rajeshwar Dayal om at dei ikkje lenger kunne stole på leveransar utanfrå.²²⁶ Utanriksminister Charles Malik ytra ovanfor Hammar skjöld at

(...) there had been only little infiltration until the time when he [Malik] went to the Arab League and the Security Council. The following week, pending consideration in the Security Council, infiltrators had ‘pored in’.²²⁷

Dette underbyggjer innrømminga til Nasser og at han hadde støtta opposisjonen aktivt etter at Libanon tok saka til Den arabiske liga og Tryggingrådet.

Oppfølgingsmøte i Beirut

Generalsekretæren reiste attende til Beirut for eit lunsjemøte med statsminister Solh, men i møte med den libanesiske regjeringa ville han halda korta tett til brystet. Hammar skjöld vurderte situasjonen slik at dersom han fortalde Chamoun om innrømming av infiltrasjon og lovnadar om å gjere ende på militær stønad til opposisjonen, ville Chamoun bruke det som argument mot Nasser og etter all sannsyn forverre situasjonen.²²⁸

²²³ *Memorandum etter møter med høvesvis statsminister Samir al-Rifai og Ben Gurin, av Dag Hammar skjöld, 21. juni 1958, Secret, I KBSt Dag Hammar skjöld's samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.*

²²⁴ *Memorandum etter møter med president Nasser, av Dag Hammar skjöld, 22. juni 1958, Secret, side 7, I KBSt Dag Hammar skjöld's samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.*

²²⁵ *Memorandum of a conversation, Departmen of Stat, Washington June 30, 1958. Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-3058. I Glennon & Smith 1992, side 187, dokument 111.*

²²⁶ Attié 2004, side 190.

²²⁷ *Memorandum skriven av Hammar skjöld: Analysing the Lebanese problem I note the following. 5. juli 1958. Secret. I KBSt Dag Hammar skjöld's samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.*

²²⁸ *Ibid.*, side 6.

Under lunsjen vart Hammarskjöld spurd om kva innrykk han sat attende med etter møtet i Kairo, Hammarskjöld svara: "(...) reasonably confident in the possibilities of the UN operation."²²⁹ I møtoreferatet fortel Hammarskjöld om ei noko merkverdig hending. Mot slutten av lunsjen vart det teken inn ei kake med påskrifta "*ONA, sauvez le Liban*", generalsekretæren kommenterte høgt for at heile selskapet skulle høyre: "*Excellence, je ne peux pas accepter cette inscription, parce que c'est pour le Liban de sauver le Liban*".²³⁰ Ved å kommentera påskrifta på ei kake fortalde Hammarskjöld den libanesiske regjeringa, at han ikkje var deira sendebod eller ynskte å rydde opp i interne libanesiske problem. Seinare same dag sat Hammarskjöld i møte med Chamoun og var like attendehaldande med kva som hadde kome fram i Kairo, men han gav Chamoun eit tydeleg hint:

All I wished to say was that I felt more confident than before. Indeed, I thought that the totality of the UN operation, of which the visible UNOGIL part was only one element, might well stop infiltration and smuggling of arms to the extent such actions were threatening. In this way, the UN operation might prove effective in isolating the Lebanese internal situation from all outside influence so that 'the Lebanese would be in a position freely to decide for themselves on Lebanon's internal affairs.'²³¹

Hammarskjöld returnerte til New York med optimisme i bagasjen. Nasser hadde lova å gje ordre om stopp i all militær støtte til opposisjonen medan Chamoun etterkvart hadde innsett at ein stor, væpna FN-styrke vanskeleg kunne sendast til Libanon for å vakte grensa til Syria, korkje gjennom ei utviding av UNOGIL eller gjennom ein ny resolusjon i Tryggingrådet.²³² Optimismen var òg knytt til lovnadane frå Nasser som ein vona ville føra til ein rolegare situasjonen i Libanon. Då faren for ein eskalering av krisa hadde gått ned ville UNOGIL få høve til å gjera jobben sin medan diplomatiet fekk meir tid på seg. Nedskaleringa var òg med på å avverja ein amerikansk intervensjon noko Hammarskjöld hevda at ingen var tent med, særskild ikkje amerikanarane.²³³ Då Hammarskjöld møtte pressa like etter at han landa i New York, var han sparsam med detaljar og la i staden ut om FN-operasjonar han hadde vitja i regionen og at han var med å skipa UNOGIL. Heilt til slutt

²²⁹ *Memorandum etter lunsj med statsminister Sami al-Sulk av Dag Hammarskjöld, 24. juni 1958.* Secret. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²³⁰ Forfattar sin oversetjing: "FN, redd Libanon", "Excellence, eg kan ikkje akseptere denne påskrifta fordi det er opp til Libanon å redde Libanon."

²³¹ *Memorandum etter møte med president Chamoun, av Dag Hammarskjöld, 24. juni, 1958 -5pm.* Secret, side 1. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²³² *Memorandum etter møte med president Chamoun, av Dag Hammarskjöld, 25. juni, 1958 -11:45.* Secret, side 4. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²³³ Hammarskjöld skriv i eit memorandum etter møte med utanriksminister Dulles den 7. juli 1958 at "It was quite clear that Dulles by now regarded an intervention as a major misfortune." *Memorandum etter møte med utanriksminister Dulles, 7 juli 1958.* Secret, side 2. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104. *Memorandum of a Conversation, Department of State, Washington, July 7, 1958-1:30 p.m.* I arkivet etter Department of State, Secretary's Memorandum of Conversation: Lot 64 D 199. Secret. Glennon & Smith 1992, side 200, dokument 116.

nemnde Hammarskjöld møte med president Chamoun,²³⁴ men sa ingenting om det vellukka møtet med Nasser.

Kvar er alle infiltratørane?

Problem med tilgjenge til grenseområda

Generalmajor Odd Bull skriv at då generalsekretær Dag Hammarskjöld reiste frå Beirut gav han UNOGIL ein 50-50% sjanse til å lukkast. Dette var ei stor forbetring samanlikna dei 10% generalsekretæren gav FN-operasjonen like etter resolusjonen vart vedteken den 11. juni.²³⁵ Bull skriv ingenting om korleis han sjølv vurderte sjansen, men han fortel derimot om at Gruppa møtte på store vanskar i implementeringa av resolusjonen. I resolusjonen stod det at UNOGIL skulle sjå til at det ikkje var noko infiltrasjon over grensa, men det synte seg å vera vanskeleg nok i det heile teke å kome fram til grensa. Gruppa hadde rekna med noko motstand frå opposisjonen då dei heile vegen argumenterte for at krisa var internt i Libanon, og dermed hadde ikkje FN noko der å gjere, men at opposisjonen i praksis kontrollerte heile grensa til Syria var det få i FN eller Tryggingrådet som visste noko om.²³⁶

Gruppa fekk med ein gong lovnader frå den libanesiske regjeringa om tilgjenge i alle område som dei kontrollerte. Derimot vart det ikkje given noko formell løyve til Gruppa når det gjaldt tilgjenge i områda som var kontrollert av opposisjonen. Det var heller ikkje given noko formell eller implisitt godkjenning av rette til observatørane å drive observasjon i dette området sjølv om Gruppa var avhengig av nettopp det for å utføre mandatet.²³⁷ For å kunne implementere resolusjonen byrja Gruppa med forhandlingar med opposisjonsleiarane i Beirut og fekk slik tilgjenge til områder kontrollert av opposisjonen, men særskild viktig var det å nå opp til grenseområda for å observera potensiell infiltrasjon. Det synte seg at kommunikasjonen mellom dei forskjellige leiarane i opposisjonen var så dårleg at då observatørane kom køyrande i jeepene sine måtte dei stadig forhandle på ny med nye lokale leiarar.²³⁸

Stort sett var det ein av dei tre medlemene i Gruppa som reiste ut for å forhandla fram fritt

²³⁴ *Note to Correspondents. Transcript and Remarks by Sec.gen at the Airport on his return from the Middle East.* 26. juni 1958. I KBTs Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, UN Press Releases, L179:101.

²³⁵ Bull 1973, side 21.

²³⁶ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958.* Av generalmajor Odd Bull. Side 16. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

²³⁷ S/4040, 3. juli 1958. *First Report of the United Nations Observation Group in Lebanon.* Side 2. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

²³⁸ Bull 1973, side 22.

leide med lokale opposisjonsleiarar. Rajeshwar Dayal skriv i sjølvbiografien sin om eit slikt møte. Dayal var personleg ven av drusarleiareren Kamal Joumblatt og han vitja Joumblatt den 23. juni (om lag) for å sikra tilgjenge for observatørane. Møte heldt Dayal hemmeleg då han ikkje ynskje at den libanesiske regjeringa skulle få nyss i at han var personleg ven med president Chamoun sin argaste fiende. Turen opp i Chouf-fjellene var farleg då Dayal ikkje reiste under flagget til FN, men vart køyrd av mennene til Joumblatt. Etter fleire sjekkpostar der Dayal vart smugla gjennom kom han fram til huset til Joumblatt. Drusarleiareren spurde kvifor India hadde involvert seg i ein intern libanesisk konflikt. Dayal svara at involveringa var ut i frå eit sannferdig ynskje om å yta for å få ei rettvis og fredfull løysning på problemet. Dayal forklarte vidare: "I said it would contribute to a just and peaceful settlement if UN observers could be allowed entry into areas controlled by the nationalists." Etter noko diskusjon gjekk Joumblatt med på å gje observatørane tilgjenge, men fyrst etter to dagar. Vidare lova Joumblatt å be andre opposisjonsleiarar om å gje tilgjenge til observatørane.²³⁹

Odd Bull skriv òg om eit likande møte med den lokale opposisjonsleiareren Schibbly som heldt til i Deir al- Aachayer i grenseområdet sør for vegen mellom Beirut og Damaskus. Observatørane fann ikkje ein farbar veg så major Berge og ein observatør med namn Paul Wickberg sette seg på kvar sitt esel og etter fire timar nærma dei seg. Major Berge fortel: "Eselriding er ikke bare behagelig, men synet av Wickberg som red foran plystrende Falunsangen – med tømme i den ene hånden og et svært, hvitt flagg i den andre, virket stimulerende."²⁴⁰ Eit par kilometer frå Schibbly sitt hovudkvarter vart observatørane teken til fange av nokre opprørarar som major Berge skildrar som "(...) gamle, bevæpnede gjeterer som svinset rundt i sine karakteristiske posebukser. De hadde vel neppe regnet med at de skulle få bruk for våpnene sine så langt bak linjene."²⁴¹

Schibbly tok vel i mot dei to representantane frå FN og etter nokre koppar med arabisk kaffi og litt diskusjon fekk UNOGIL lov til å skipa ein observatørpost i området til Schibbly.²⁴²

Liknande møter var det mange av og innan 30. juni hadde UNOGIL skipa utestasjonar i Tripoli (med ein understasjon i Cedars), Chtaura (med understasjonar i Zahlè, American

²³⁹ Dayal 1998, side 342-3 og *Various notes etter rundturen i Midtausten, av Dag Hammarskjöld, juni* (dato er ukjend, men eg vurderer det som høgst sannsynleg at notatet vart skriven mellom 23. og 25. juni), 1958 Secret, side 1. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²⁴⁰ Bull 1973, side 24.

²⁴¹ Ibid., side 24.

²⁴² Ibid., side 24.

University Experimental Farm, Btedai, Saghbine og Rachaya), Marjayoun og Saida.²⁴³ Målet var å skipa stasjonar eller sjekkpostar så nærme grensa som mogleg og langs kjende og potensielle ruter for smugling og infiltrasjon. Observatørane budde i desse utestasjonane som vart nytta som utgangspunkt for patruljering i omkringliggjande områder, sjekka innrapportert infiltrasjon og halda greie på mistenkelege rørsler eller utvikling.



Bilete 3: FN-observatørar i eit Bell 47G-2 helikopter klar for avgang frå flyplassen i Beirut. Foto: Tor Hoff.

I den fyrste rapporten til Tryggingrådet skisserte Grappa opp problem dei måtte handtere dei fyrste vekene i Libanon. Tilgjenge til opposisjonskontrollerte områder langsetter grensa til Syria var avgjerande for å utføre mandatet men det var andre og kanskje ikkje så sjølvklare problem Grappa måtte ta omsyn til. Det eine var stammelojalitet på tvers av landegrenser, noko både Dayal og Bull legg vekt på i sjølvbiografiane. Tradisjonelle stammeband gjekk mykje lenger attende enn den knappe 40 år gamle grensa mellom Libanon og Syria og tradisjonelt kom stammefredane kvarandre til unnsetning i harde tider. Dei let seg ikkje hindra av, i deira auge, fiktive grenser. Samstundes var det knytt usemje til den nøyaktige

²⁴³ S/4040, 3. juli 1958. *First Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*. Annex 1. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

grensetrekkinga fleire stader langs etter den libanesisk-syriske grensa.²⁴⁴ Det andre problemet var våpen. Tradisjonelt var det vanleg å bære våpen, særleg av bønder og gjetarar i rurale områder.²⁴⁵ Dermed kunne det verte vanskeleg å avgjere om ein væpna mann var frå næraste landsby eller frå andre sida av grensa. Ein væpna libanesar var ikkje noko Gruppa skulle bry seg med i høve til resolusjonen. Gruppa såg det som einaste løysing ”(...) to pursue its activities with particular vigilance and care in order that its mandate may be fulfilled with accuracy and thoroughness.”²⁴⁶

Observasjonar frå den fyrste rapporten

Arbeidet med å få tilgjenge i områda kontrollert av opposisjonen gjekk tregt. Store delar av grensa til Syria var framleis ikkje ope for UNOGIL og i New York sat generalsekretær Dag Hammarskjöld og spurde etter resultat. Flyovervaking vart rekna som ein god måte å nå inn til grensa i dei områda opposisjonen framleis ikkje ville sleppa til observatørane, og når det var mogleg reiste observatørar på bakken ut for å granska nærare observasjonar gjort frå rekognoseringsflya. Den 26. juni vart to helikopter sett inn i observasjonsteneste og rekognoseringsfly flaug over områda kontrollert av opposisjonen frå den 1. juli.²⁴⁷

Den fyrste av i alt fem rapporten som UNOGIL sendte til Tryggingrådet i New York omhandla perioden frå 12. til 30. juni 1958 og tok føre seg korleis observatørane var organiserte, metode for observering og kva som vart observert. Daglege rapportar frå observatørane i felten vart sendt til hovudkvarteret i Beirut. Der sat erfarne observatørar som handsama og evaluerte rapportane frå observatørane, rapportar frå den libanesiske regjeringa, flyrekognoseringa og andre kjelder. Når det gjaldt rapportane frå den libanesiske regjeringa vart desse følgt opp grundig. Desse handla i stor grad om potensielle smuglarruter, særskilde hendingar og metodar nytta av infiltratørane. Ofte vart observatørar sendt til ein oppgjeven stad for å granska hendingane og rapportert attende til hovudkvarteret i Beirut. I den fyrste rapporten står det at fleire av handlingane som regjeringa synte til kom ikkje under UNOGIL sitt mandat, dette gjeld særskild:

(...) events falling wholly within the framework of the internal conflict between the governmental

²⁴⁴ Ibid., side 4.

²⁴⁵ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Av generalmajor Odd Bull. Side 49. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

²⁴⁶ S/4040, 3. juli 1958. *First Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*. Side 4. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

²⁴⁷ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Av generalmajor Odd Bull. Side 16. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

authorities and opposition groups or supporters, and having no prima facie relationship to questions of infiltration.²⁴⁸

For å gå til sjølve observasjonane innanfor den nemnde perioden rapporterte observatørane om vesentleg rørsle- og samling av væpna menn. I Rachaya og Baalbek hadde observatørane ved fleire høver kome over væpna menn i grupper, og liknande observasjonar vart gjort i Chouf-fjellene der observatørane kunne telje fleire hundre væpna menn. I følgje rapporten var det ikkje snakk om tyngre våpen, men rifler og pistolar, nokre handgranatar og enkelte maskingevær. Når det gjeld kvar våpna kom frå skriv Gruppa i rapporten at ein må ha i bakhovudet at det var vanleg å bære våpen i Libanon, men konkluderte med at "It has not been possible to establish from where these arms were acquired (...)" og at det heller ikkje var mogleg å slå fast "(...) if any of the armed men observed had infiltrated from outside, there is little doubt, however, that the vast majority was in any case composed of Lebanese."²⁴⁹

Somnemnd ovanfor vart observatørane nekta tilgjenge i somme områder som vart kontrollert av opposisjonen. I rapporten skriv Gruppa at drusarleiarer i Chouf-fjellene Kamal Joumblatt og leiarer for opposisjonen sør i Bekaadalen, Haidar, hadde indikert at dei ikkje ynskte at observatørane skulle:

(...) acting in their official capacity. Both men stated that this was a matter of principle, since they were involved in an internal conflict, with which the United Nations had no concern.²⁵⁰

Dersom me tek det for gitt at den fyrste rapporten er oppdatert, er det ikkje i samsvar med resultatane frå det hemmeleg møte Dayal hadde med Joumblatt om lag den 23. juni, der observatørane var lova tilgjenge,²⁵¹ og rapporten frå 3. juli der Joumblatt ikkje ville gje tilgjenge. Plaza rapporterte om lag samstundes at Joumblatt og general Chehab hadde inngått ein avtale om å avstå frå vald, samstundes som andre observatørar som òg hadde vore i kontakt med Joumblatt, kunne stadfeste at observatørane skulle få operere fritt i Chouf-fjellene.²⁵² Om det er rapporten som ikkje er oppdatert eller Joumblatt som har endra mening er det vanskeleg å stadfesta. I andre delar av Libanon møtte observatørane på vanskar av forskjellig karakter; våpenbruk, minelegging og øydeleging av bruer. Våpenbruken som var

²⁴⁸ S/4040, 3. juli 1958. *First Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*. Side 7. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

²⁴⁹ Ibid., side 9.

²⁵⁰ Ibid., side 10.

²⁵¹ Dayal 1998, side 342-3.

²⁵² *Various notes etter rundturen i Midtausten, av Dag Hammarskjöld, 24. juni* (dato er ukjent, men eg vurderar det som høgst sannsynleg at notatet vart skriven mellom 23. og 25. juni), 1958 Secret, side 1. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

retta mot observatørane, vart i dei fleste høva rekna som skremmeskot.²⁵³

Den fyrste perioden, frå den 13. til den 30. juni, var på mange måtar prega av oppbyggjinga av organisasjon, lage prosedyrar og metodar for observering. Rett nok hadde dei observert fleire hundre væpna menn, men som Gruppa skriv i rapporten, var dei ikkje i stand til å avgjera om våpna eller mennene stamma frå Syria, men dei rekna med at fleirtalet var lokale libanesarar.²⁵⁴ At observatørane ikkje har observert noko trafikk over grensa heng saman med, som dei òg skriv sjølv, at grenseområda ikkje var tilgjengeleg. Samstundes var det ein væpna libanesisk opposisjon som sloss mot regjeringa og dermed kunne ikkje Gruppa konkludere med at samlingar av væpna menn observert lenger inn i landet, kom frå Syria berre fordi dei bar våpen.

Gruppa gir ikkje noko innsikt i korleis dei har kome fram til at fleirtalet av dei væpna mennene som vart observert var libanesarar, noko som er høgst kritikkverdig. Gruppa fekk mykje kritikk for denne setninga då det kunne tyda på at observatørane tok noko lett på oppgåva. Ann Hughes trekk fram den same setninga for å underbyggja argumentasjonen om at FN ikkje var objektive i deira handtering av krisa.²⁵⁵ Odd Bull kommenterar òg den fyrste rapporten og kritikken ordlyden vart møtt med: ”Det viste seg senere at vi hadde hatt rett, men at vi brukte en uheldig formulering.”²⁵⁶

Samtida var òg kritisk til ordlyden i rapporten. Som me skal sjå nedanfor kom den kvassaste kritikken frå Beirut, medan Nasser var særns nøgd med ein FN-rapport som ikkje kunne påvise infiltrasjon frå UAR. Amerikanarane og britane på si side var skuffa over mangelen på klare prov på infiltrasjon som kunne byggja opp under skuldingane frå Libanon. Dei såg rapporten frå UNOGIL som eit prov på at ”(...) the UN observers are not genuinely sympathetic to Chamoun and for that matter, neither is Hammarskjöld.”²⁵⁷

*Libanesisk kritikk av den fyrste rapporten ”-A sort of Socratic exercise”*²⁵⁸

Den 8. juli sendte den libanesiske regjeringa eit brev til Tryggingsrådet med deira formelle

²⁵³ S/4040, 3. juli 1958. *First Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*. Side 10-11. Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

²⁵⁴ Ibid., side 9.

²⁵⁵ Hughes, Ann. 2002. “Impartiality and the UN Observation Group in Lebanon, 1958”. Side 10. *International Peacekeeping* 24. januar 2002. London: Routledge.

²⁵⁶ Bull 1973, side 28,

²⁵⁷ *Memorandum of a Conversation Between the Minister of the British Embassy and the Assistant Sec. of State for Near Eastern [...] Washington, July 3, 1958*. Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-358. I Glennon & Smith 1992, side 198-9, dokument 115.

²⁵⁸ Dag Hammarskjöld om den libanesiske regjeringa sitt svar på den fyrste rapporten frå UNOGIL. *Notes on Meeting with Charles Malik on 9 July, 1958*, side 2. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104. *Socratic exercise*: Hammarskjöld peiker nok på Sokrates sin metode for å finne nye kunnskap; ein skal hjelpe motparten å utvikle tankane ved å stille spørsmål og saman finne svara.

kommentarar til den fyrste rapporten. Dei klandra konklusjonen til Gruppa for å vera ufullstendig, villeiande og grunnlaus. I følgje den libanesiske regjeringa så hadde Gruppa konkludert med at "It has not been possible to establish from where these arms [namely, the arms seen by the Observation Group] were acquired.",²⁵⁹ og at Gruppa ikkje hadde prøvd å slå fast kvar våpna kom frå og at Gruppa dermed ikkje kunne konkludere med noko som helst. Men, det står ingenting i rapporten frå Gruppa at dei har konkludert med at våpna *ikkje* kjem frå Syria. Dei har berre ikkje vore i stand til å slå fast kvar våpna kjem frå.

Vidare syner den libanesiske regjeringa til ei stadfestande setninga frå rapporten til Gruppa: "Nor, was it possible to establish if any of the armed men observed had infiltrated from outside."²⁶⁰ Libanesarane hevdar, som rett er, at Gruppa ikkje granska kvar enkelt væpna mann for å finne ut om dei var frå Syria eller Libanon, og spør seg: "Why then this sweeping statement?"²⁶¹ Regjeringa meiner vidare at opprørarane kan ha vorte sendte attende til Syria innan UNOGIL var i gong med observeringa, og spør korleis Gruppa ikkje kan vere sikker på at "-the rebel leaders did not deinfiltate the infiltrators back into Syria or move them away from the areas to which the Observation Group was admitted?"²⁶²

Regjeringa har to mål med desse kommentarane til den fyrste rapporten: for det fyrste argumenterer dei for at UNOGIL ikkje hadde utført mandatet og dermed oppfatta regjeringa "(...) that the construction placed upon the resolution of the Security Council of 11 June 1958 has been insufficient."²⁶³ For det andre var det viktig for regjeringa å leggje vekt på at infiltrasjonen i regi av UAR framleis var eit stort problem og at målet for UAR med infiltrasjonen var å undergrave den libanesiske regjeringa og at dette måtte reknast som ein stor trussel mot sjølvstende til Libanon og den internasjonale freden.²⁶⁴

UNOGIL hadde ikkje implementert mandatet i slutten av juni. Det faktumet at dei ikkje hadde tilgjenge til heile grenseområdet og ikkje hadde fått bygd ut eit nett av observasjonspostar underbyggjer skuldinga frå den libanesiske regjeringa. Samstundes må det peikast på at UNOGIL aldri i rapporten hevdar at mandatet var utført. Derimot vart rapporten meint for å presentere det Gruppa han funne så langt, og korleis resolusjonen var implementert. Det at dei skriv at metodane og strukturen vil verte utvikla vidare og at fleire rapportar vil verta sendt til Tryggingrådet, syner at heller ikkje UNOGIL meinte at mandatet

²⁵⁹ S/4043, 8. juli 1958. *Official Comments of the Government of Lebanon on the First Report of the UNOGIL (Document 2/4040 of 3th July 1958)*. Side 2. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

²⁶⁰ Ibid., side 3.

²⁶¹ Ibid., side 4.

²⁶² Ibid., side 3.

²⁶³ Ibid., side 6.

²⁶⁴ Ibid., side 11.

var utført.²⁶⁵ Det kjem òg fram at den libanesiske regjeringa meinte at observatørgruppa ikkje var nok for å utføre mandatet. I kommentarane vert det ikkje fremja forslag til korleis FN betre kunne organisere ein styrke for å utføre resolusjonen. Men allereie i møte mellom president Chamoun og generalsekretær Hammarskjöld den 25. juni, spurde Chamoun om det var mogleg å utplassere ein væpna FN-styrke langs grensa til Syria, noko Hammarskjöld meinte var politisk vanskeleg av fleire årsaker som me har handsama ovanfor.²⁶⁶

Den libanesiske regjeringa var redd for at rapporten frå Gruppa skulle gje eit inntrykk av at skuldingane mot UAR i Tryggingrådet i byrjinga av juni var grunnlause, og at dei offisielle kommentarane var eit svar på dette og eit ynskje om å halde fokuset på Libanon og infiltrasjonen.²⁶⁷

Førespurnad om intervensjon

“If the Lebanese don’t kill Lebanese, why should we foreigners come in and kill them?”²⁶⁸

Rapporten til FN-observatørane var noko uklår på kor mykje infiltrasjon dei meinte det var å finna på grensa til Libanon, men i eit telegram frå Plaza til Hammarskjöld datert den 3. juli 1958 skriv Plaza at den fyrste rapporten:

(...) clearly implies (without actually saying it) 1. that it is not possible to stop this type of limited smuggling of arms, 2. that it is probably continuing, 3. but that the ‘massive infiltration’ as alleged by Lebanese Government is not true. These facts should reinforce the hand of those who try to resist Lebanese pressures.²⁶⁹

Det libanesiske presset Plaza refererer til er det kontinuerlege kravet frå regjeringa om at ein stor væpna styrke måtte intervenere i Libanon. Parallelt som libanesarane fremja forslag til Hammarskjöld at ein væpna FN-styrke på grensa mellom Syria og Libanon hadde vore høveleg, press libanesarane på USA for å dei til å intervenera. Dette presset byrja lenge før møta i Tryggingrådet i byrjinga av juni, men med skipinga av UNOGIL vart det lettare for

²⁶⁵ S/4040, 3. juli 1958. *First Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*. Side 13. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

²⁶⁶ *Memorandum frå møte mellom president Chamoun og Dag Hammarskjöld den 25. juni 1958, 11:45*. Secret. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²⁶⁷ *Notes on Meeting with Charles Malik on 9th July, 1958*, side 2. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²⁶⁸ Leiaren av observatørgruppa, Galo Plaza, skal i følge utanriksminister Charles Malik ha ytra denne kommentaren til pressa. *Notes on Meeting with Charles Malik on 9 July, 1958*, side 1. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²⁶⁹ *UNOGIL 200*. 3. juli 1958. *Incomming Code Cable to Secretary General, from Plaza*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-con. Leb., 1958, Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

USA å halda attende soldatane; amerikanarane ville gje Tryggingrådet og UNOGIL ein sjanse då amerikanarane "(...) would find it very awkward to act militarily while it was still uncertain UN action would be inadequate and where responsibility of collapse of UN effort would be generally attributed to US."²⁷⁰ Denne haldninga var Chamoun fullstendig klar over og difor var libanesarane tent med å syne at UNOGIL ikkje var i stand til å utføre mandatet.

Rundt omkring i verda var det stor usemje om ein skulle sende ein militær styrke til Libanon for å støtte Chamoun. Naturleg nok var Sovjetunionen svært skeptisk til noko vesterlandsk intervensjon og FN-delegasjonen til amerikanarane meldte den 20. juni at deira sovjetiske kontakt i FN ytra at i høve amerikansk intervensjon: "(...) Soviet would immediately send "volunteers to oppose such action."²⁷¹ Tyrkia var av ei anna oppfatning. Visegeneralsekretær i det tyrkiske utanriksdepartementet, Tunalihil, ytra i ein samtale med den norske ambassadøren i Ankara den 23. juni at ein amerikansk intervensjon var høgst naudsynt, dersom ikkje amerikanarane snart tok initiativet, ville Jordan og Irak verte utsett for den største fare.²⁷²

Ambassadør Nævdal i den norske delegasjonen til FN skriv i eit telegram til Utanriksdepartementet den 24. juni at Mr. Moore i den britiske delegasjonen ytra at dersom Chamoun falt ville det få alvorlege konsekvensar for alle regime i regionen som var rekna som vener av vesten. Moore såg sannsynet for ein vesterlandsk intervensjon som ikkje så store og meinte at løysinga heller låg i å sende

(...) en FN-styrke til Libanon som kunne sikre opprettholdelse av det nåværende regime eller et annet regime som var like anti-Nasser og pro-vestlig. Det var derfor viktig at Sikkeretsrådet snarest ble sammenkalt og at man etter sovjetisk veto der øyeblikkelig sammenkalte ekstraordinær Generalforsamling med sikte på å få fattet vedtak om en FN-styrke.²⁷³

Det er interessant at dette var haldninga til den britiske delegasjonen. I følgje FN-pakta er det ikkje meininga at FN skal intervenere i eit land for å halde ei særskild regjering ved makta, og FN var aldri meint å vera eit verkty for partane i den kalde krigen, heller tvert i mot.

Amerikanarane si haldning til intervensjon var noko ambivalent, men i botn var dei

²⁷⁰ *Telegram From the Department of State to the Embassy in Lebanon, Washington, June 19, 1958-8:01 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1958. I Glennon & Smith 1992, 158-160, dokument 97.

²⁷¹ *Telegram From the Mission at the UN to the Department of State, New York, June 20, 1958-6 p.m.* Confidential. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-2058. Glennon & Smith 1992, side 165, dokument 101.

²⁷² J.Nr 02400/1958 *Telegram frå den Norske ambassaden i Ankara til Det Kgl. Utanriksdepartement. Ankara, 24. juni 1958-17:00*, side 1. Fortrolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

²⁷³ J.Nr 02398/1958 *Telegram frå den Norske delegasjonen ved FN i New York til Det Kgl. Utanriksdepartement. New York, 24. juni 1958-17:00*. Strengt Hemmelig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

interessert i å ha eit vennlegsinna regime i Libanon for å verne om egne interesser og for å hindra ei utviding av sovjetisk interessesfære.²⁷⁴

Eisenhower-doktrinen var konstruert med tanke på ein intervensjon, men ein kunne ikkje påvise at Nasser og UAR var under direkte innverknad av internasjonal kommunisme. Dermed kunne ikkje amerikanarane syna til denne doktrinen for å intervensera i Libanon. Vidare var ikkje USA interessert i å gjennomføre ein intervensjon som kunne framstå som grunnlaus. Difor var det, som avhandlinga tek føre seg tidligare, eit krav frå det amerikanske utanriksdepartementet om at Libanon fyrst måtte prøve saka føre FN. Fyrst i Tryggingrådet, etter eit sannsynleg sovjetisk veto ville saka gå over i ein ekstraordinær Generalforsamling og deretter kunne ein setja i gong ein intervensjon.²⁷⁵

Det gjekk aldri slik, i alle fall ikkje i den rekkjefølgja. Lovnadane til Nasser om at UAR skulle trekkja attende all støtte til opposisjonen i Libanon var Hammarskjöld snar med å informere amerikanarane om. Dette var diskutert i ein samtalen mellom Hammarskjöld og Henry Lodge rett etter Hammarskjöld sin retur frå Midtausten den 26. juni. Hammarskjöld fortalde i følgje møtereferatet frå Lodge:

If the UN Observer Group were to report today its report would explode the whole [Libanesiske] government case – which the SYG [Secretary general] thinks would be a very poor thing to do.²⁷⁶

Møtereferat frå møter mellom libanesarane og amerikanarane dei neste vekene syner at Chamoun og Malik vart meir og meir desperat og klandra USA for ikkje å følgje opp tidligare lovnadar om å støtte Libanon militært. Dei offisielle kommentarane til den fyrste rapporten og alle utfalla mot UNOGIL i libanesisk presse kan stå som døme på freistnaden til den libanesiske regjeringa på å sverta UNOGIL og deira arbeid.

Ovanfor amerikanarane nytta libanesarane den same taktikken. Under eit møte mellom Malik og utanriksminister Dulles den 30. juni, ytra Malik at illegal infiltrasjon føregjekk med uminska styrke medan FN-observatørane nytta tida i sosiale klubbar og på stranda. Han var òg særst tvilande til optimismen til Hammarskjöld, noko Malik meinte var basert på ein røten lovnad frå Nasser. Utanriksminister Dulles svarta at deira etterretning synte ein stor reduksjon i infiltrasjonen over grensa, noko Dulles meinte ein kunne takka FN for: ”The activities of the

²⁷⁴ For meir informasjon om amerikanske økonomiske interesser i Midtausten og særskild Libanon, sjå Irene L. Gendzier si bok: *Notes from the Minefield. United States Intervention in Lebanon and the Middle East, 1945-1958*. Frå 2006, New York: Columbia University Press.

²⁷⁵ *Telegram From the Department of State to the Embassy in Lebanon, Washington, June 15, 1958-12:54 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1558. Glennon & Smith 1992, side 128-9, dokument 82.

²⁷⁶ *Memorandum From the Representative at the United Nations (Lodge) to the Secretary of state, New York, June 26, 1958.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-2658. Glennon & Smith 1992, side 175-181, dokument 106.

UN and Hammarskjöld have brought about a large cessation of infiltration.” og at ”But we could not honestly say today on the basis of our intelligence that the UN operation had failed.”²⁷⁷

Kuppet i Irak og ein president med panikk

Saman med Libanon og Jordan var Irak på 1950 talet rekna som ein stat med gode relasjonar til vesten. For å stå i mot indre uro hadde Kong Hussein i Jordan bede om militær stønad frå frendelandet i nordaust og den irakiske statsministeren, Nuri al-Said, sendte troppane til offiseren Abd al-Karim Qasim mot den jordanske grensa. Undervegs til grensa mellom Irak og Jordan passert Qasim Baghdad den 14. juli og såg eit høve til å gjennomføra eit lenge planlagt kupp. Det gjekk ikkje mange timane før kuppakarane hadde teke alle strategiske posisjonar i den irakiske hovudstaden. I kongehuset drap dei den unge regenten konge Feisal II og familien hans, medan statsminister al-Said vart drepen dagen etter.²⁷⁸

Offiserane som stod bak kuppet kalla seg sjølv for Dei frie offiserane, tydeleg inspirert av kuppet til president Nasser nokre år i førevegen. Politisk sett var dei meir orientert mot irakisk nasjonalisme enn panarabisme, men i samtida vart kuppet rekna for å vera støtta av Nasser og UAR. President Chamoun vart overtyda om at hans eige regime stod føre ein liknande lagnad.

Bull skriv i rapporten at han under ein samtale med den britiske *chargé d'affaires* om kvelden den 14. juli vart fortald at berre nokre timar etter kuppet hadde president Chamoun kalla den britiske, franske og amerikanske ambassadørane opp til presidentpalasset og insistert på vesterlandsk intervensjon. Britane og franskmennene fekk tjuetjue timar på å gje eit svar, medan USA fekk 48 timar. Dersom dei vesterlandske stormaktene reagerte negativt ville Chamoun venda seg til ambassadørane frå UAR og Sovjetunionen og forhandle ein avtale med desse! Den britiske *chargé d'affaires* informerte òg om at dei tre ambassadørane var einige om at situasjonen i Libanon var av ein slik karakter, at dei ikkje ville rå sine respektive heimland til å intervenera. Ambassadørane vurderte krisa i Libanon som primært ein intern konflikt og infiltrasjonen var ikkje ein trussel mot landet sitt sjølvstende. Dessutan var den amerikanske ambassadøren skeptisk til kjeldene Chamoun la til grunne for å insistere på intervensjon: -eit telegram frå Baghdad og rapportar frå dei same radiokanalane som Chamoun skulda for å intervenere i libanesisk politikk.²⁷⁹

²⁷⁷ *Memorandum of a Conversation, Department of State, Washington, June 30, 1958.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-3058. Glennon & Smith 1992, side 185-90, dokument 111.

²⁷⁸ Butenschön 2008, side 301.

²⁷⁹ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12, 1958.* Side 19. Av generalmajor

I den private dagboka skriv Bull at den britiske *chargé d'affaires* meinte at Bull måtte gå til general Chehab og be generalen om å ta over makta. Bull svara at som representant for FN var ikkje dette noko han kunne gjer, dessutan trudde han ikkje eit kupp arrangert av Chehab ville løyse noko som helst.²⁸⁰

På bakgrunn av informasjonen frå den britiske *chargé d'affaires* trudde ikkje Bull, Plaza og Dayal at det var noko fare for vesterlandsk intervensjon.²⁸¹ Dei la i staden planar for å vitja opposisjonsleiarane Sabri Hamadé nord i Bekaadalen og Rachid Karamé i Tripoli dagen etter, den 15. juli. Desse to opposisjonsleiarane hadde enno ikkje gitt klarsignal for fri tilgjenge for observatørane og var dermed siste hindring mot full tilgjenge i heile Libanon.²⁸² Likevel, seint på kvelden den 14. juli fekk Gruppa i Beirut eit topp hemmeleg telegram frå generalsekretær Dag Hammarskjöld:

You may be aware that coup in Iraq has made Lebanese request for western military assistance an imminent possibility.²⁸³

Heile Libanon ope for UNOGIL

Odd Bull og observatøren Brown køyrde over fjella og opp Bekaadalen til Hermel der dei møtte opposisjonsleiararen Sabri Hamadé. Hamadé var tidligare president i den libanesiske nasjonalforsamlinga og var rekna som ein av dei største landeigarane nordaust i Libanon.²⁸⁴ Bull skriv i dagboka at dei vart teken godt i mot og åtte sauer vart slakta for å servere til lunsj. Medan selskapet venta på at fårekjøtet skulle steike ferdig arrangerte Hamadé skytekonkurransen og Bull beit seg merke i kva type rifler opposisjonen nytta. Etter lunsj hadde Bull ein lenger samtale med Hamadé og ein anna opposisjonsleiar frå Baalbek. Bull forklarte kor alvorleg FN såg på infiltrasjonen over grensa i nord. Opposisjonsleiararen svara at han ikkje var redd for amerikansk intervensjon då dei hadde vener som hadde lova å kome til unnsetning. Resultatet av møte var at UNOGIL fekk skipa to utestasjonar nord i Bekaadalen, éin i Baalbek og éin på grensa til Syria frå og med den 16. juli, samt fri ferdsel i heile

Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304. *Telegram from the Embassy in Lebanon to the Department of State, July 14, 1958*. Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1458. Glennon & Smith 1992, side 207-8, dokument 121.

²⁸⁰ Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Kuppet i Irak, måndag 14. juli 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.

²⁸¹ Dayal 1998, side 350.

²⁸² UNOGIL 370, 14. juli 1958, 20:02 DST. *Telegram frå Galo Plaza til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

²⁸³ UNOGIL 245, 14. juli 1958. *Telegram frå Generalsekretæren til Galo Plaza*. Top Secret. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

²⁸⁴ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12, 1958*. Side 21. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304

området.²⁸⁵ Hamadé ytra at han ikkje kunne garantere for observatørane sin tryggleik og at all ferdsel dermed måtte skje på eige ansvar.²⁸⁶

Arbeidet med å få tilgjenge til grenseområdar føregjekk òg på eit internasjonalt nivå. Generalsekretær Hammarskjöld føreslo ovanfor UAR sin utanriksminister Mohamed Fawzi at UNOGIL kunne få skipa observatørpostar på syrisk side av grensa. Fawzi svara Hammarskjöld i eit brev den 10. juli at det ikkje var mogleg, men dei ville møte gruppa på halvvegen. Det vart ikkje presisert kva som var meint med *halvvegen* så Hammarskjöld spurde FN-representanten til UAR, Omar Loufti, om kva som var meint med eit slikt omgrep og Lufti svara: ”(...) that this meant that they would urge Harami [Hamadé?] to allow freedom and access to UN observerers in the area under his control.”²⁸⁷ Om denne førespurnaden nådde fram til Hamadé og var avgjerande for om UNOGIL fekk tilgjenge eller ei er vanskeleg å stadfesta, men det syner i det minste at UAR var interessert i at UNOGIL skulle lukkast med å implementere resolusjonen og at dei hadde høve til å påverka opposisjonen i Libanon.

Galo Plaza og Rajeshwar Dayal lukkast òg i deira forhandlingar med Rachid Karamé i Tripoli. Dei fekk garantiar for fri ferdsel i heile området nord for Tripoli og løyve til å setja opp utestasjonar på dei tre grensekryssingane Arida, Aziziye og Braghite. Dessutan ville Karamé hjelpe til med væpna menn som skulle ransake køyrety framføre observatørane.²⁸⁸ Dayal skriv i sjølvbiografien sin at Karamé hadde ytra frykt for ein amerikansk intervensjon, men Dayal og Plaza hadde sagt at sannsynet for amerikansk intervensjon var svært låg, ein forsikring Karamé sette stor pris på.²⁸⁹

Bull køyrde sørvest frå Hermel medan Plaza og Dayal følgde kystvegen sørover mot Beirut. Undervegs vart båe gruppene møtt av FN-jeepar som kom mot dei i full fart. Ut hoppa observatørar som meddelte ein beskjed frå hovudkvarteret i Beirut: amerikanske marinesoldatar hadde gått i land ved flyplassen i Beirut!²⁹⁰

²⁸⁵ Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Tysdag 15. juli 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL. UNOGIL 383, 15. juli 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

²⁸⁶ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12, 1958*. Side 21. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304

²⁸⁷ *Memorandum etter møte mellom Hammarskjöld og Lufti*, 14. juli 1958. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

²⁸⁸ UNOGIL 383, 15. juli 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103

²⁸⁹ Dayal 1998, side 350.

²⁹⁰ Bull 1973, side 25. Dayal 1998, side 351. UNOGIL 383, 15. juli 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103

Kapittel 4: Amerikanarane intervenere

*The Patriarch decked in robes of red,
Cried "A man of peace am I,
If Chamoun does not mend his ways,,
Pray God that he may die"*

*Saeb Salam in the Basta reigned,
Flanked by cohorts obedient,
His eyes turned on Chamoun's palace,
For attack whene'er convenient.²⁹¹*

Innleiing

Krisa i Libanon tok ei uventa retning den 15. juli då amerikanske marinesoldatar gjekk i land i Beirut. Dette var fyrste gong USA intervenerte militært i Midtausten og det var ikkje lenger noko tvil om at Storbritannia og Frankrike hadde utspelt rollene som stormakter i regionen, og vorte erstatta av USA. UNOGIL og FN fann seg brått i ein heilt ny situasjon. Sjølv om USA var på libanesisk jord etter invitasjon frå regjeringa til Chamoun, var intervensjonen i strid med resolusjonane frå Tryggingrådet og heilt i strid med kva representantane til FN og dei fleste involverte i samtida meinte kunne løyse krisa i Libanon.

Dette kapittelet vil ta føre seg UNOGIL og FN i den nye konteksten, korleis Tryggingrådet ikkje klarte å finne ei løysing på korkje krisa eller den amerikanske intervensjonen, og kva dette hadde å seia for UNOGIL og FN sitt virke, nasjonalt og internasjonalt.

Kanonbåt diplomati eller internasjonal solidaritet?

Operasjon 'Blue-bat'

Rundt lunsjtider gjekk det rykte i Beirut om at store, gråmåla skip nærma seg stranda utanfor flyplassen som ligg sørvest for sentrum av Beirut. Utanlandske journalistar som åt lunsj på St. Georges Hotell på motsatt side av halvøya, som utgjer storparten av Beirut,²⁹² hadde forventa å ha full utsikt til ein potensiell landgang frå lunsjbordet, men måtte i staden kaste seg i taxiar

²⁹¹ Dikt funnen i både Dag Hammarskjöld og Odd Bull sine private arkiv. Hammarskjöld fekk det tilsendt av Dayal som òg gjev inntrykk av å vera forfattere. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958, Correspondance, L179:105

²⁹² Sjå kart i vedlegg 1.

og køyre vestover mot flyplassen. Der låg sju skip frå U.S. Amphibious Squadron 6. som var fyrste åtaksbølgja. Kl 1500 segla amfibietanks og landgangsfarty mot stranda og gjorde landhogg.²⁹³ Korrespondenten frå Times Magazine skriv følgjande frå den 15. juli:

On 'Red Beach' at Khalde, five miles south of Beirut, began one of the strangest of all Marine operations since the first leathernecks landed in the Bahamas back in 1776. As planes of the U.S Sixth Fleet whizzed overhead, amphibious tracked vehicles mounting twin-turreted machine guns, their armoured sides tightly buttoned, the drivers steering by periscope, lurched from the sea like hippopotamuses. Tension written on their young faces, sweat dripping from their brows in the 90° heat, marines in full 90-lb. battle pack, lugging awesome array of Tommy guns, Garands, bazookas, mortars, machine guns and grenades, pounded waist-deep into the surf, regrouped at water's edge and pushed up the hill toward Beirut International Airport. Above the roar of the boat engines came the first historic growl of a Marine sergeant; 'Come on, your bastard, get going up the beach!' A red-moustached sergeant waved his men on, shouted: 'They're supposed to have mortars, and you're all bunched up. You don't want to live long.'²⁹⁴

Marinesoldatane vart ikkje møtt av granateld eller aggressive opprørarar, men av libanesarar i badedrakt som naut den varme sommardagen på stranda og brusseljarar som ville tene pengar på å selje neter og forfriskingar til invaderande marinesoldatar. Dayal referer til ein britisk journalist som fortalde om følgjande konversasjon med ein amerikansk sersjant rett etter landgangen:

[j (journalist)] What are you here for? [s (sersjant)] We are here at the invitation of the Lebanese government to protect the country's independence. [j] Who is threatening it? [s] The communists. [j] Russian or Arab? [s] I don't care. [j] Where will you find them? [s] I don't know. [j] Then, why are you here? [s] Get the hell out of here."²⁹⁵

Spørsmåla som journalisten stilte var legitime og vart diskutert av Gruppa seinare på dagen. Dayal fortel vidare at etter at Gruppa hadde innstilt alle patruljar og bede observatørane om å returnera til hovudkvartera, sette Gruppa seg saman og prøvde å finne ut av rolla til UNOGIL i den nye konteksten og kva var eigentleg konteksten, meir presist; kva gjorde USA i Libanon? Kva følgjer vil det ha for den politiske utviklinga? Hadde USA intervenert for å verne regjeringa til Chamoun, for å verne om egne interesser, skipa eit bru hovud for vidare åtak på Syria og Irak? Eller var det for å syna musklar ovanfor Sovjetunionen? Skulle UNOGIL trekkja seg ut eller samarbeide med USA? Kva med nøytraliteten, var bilete av UNOGIL som ein nøytral aktør no øydelagd? Alle desse spørsmåla

²⁹³ Dayal 1998, side 353.

²⁹⁴ *Time, The Weekly Newsmagazine*, "Lebanon. The Marines Have Landed", 28. juli 1958.

²⁹⁵ Dayal 1998, side 354.

vert diskutert nedanfor.

Amerikansk motivasjon for å intervenere

Motivet til amerikanarane for å intervenere var mangfaldig og variert i form og uttrykk avhengig av kven amerikanarane kommuniserte med. Ovanfor eigne innbyggjarar vart Eisenhower og rådgivarane einig om å framstilla intervensjonen, som ein operasjon for å verna amerikanske liv og eigedom i Libanon etter førespurnad frå den libanesiske regjeringa.²⁹⁶ Det kom òg fram i talen Eisenhower heldt for eigne innbyggjarane om kvelden den 15. Juli, at Libanon var under åtak av UAR som igjen var sterkt influert av kommunistane i Moskva. Eisenhower meinte at USA ikkje kunne venta på at den loveleg valde regjeringa i Libanon skulle kollapse "(...) and to install by violence a government which would subordinate the independence of Lebanon to the policies of the United Arab Republic." I følge Eisenhower ville dette skje fort og USA kunne ikkje venta på at FN prøvde å finna ei løysing, difor hadde USA no intervenert i Libanon.²⁹⁷ Ovanfor Galo Plaza fortalde Robert Murphy,²⁹⁸ USA sin særskilde utsending til Libanon, at landgangen hadde to føremål: For det fyrste var det å hevda amerikansk nærver i Midtausten, elles ville regionen kome under Sovjetunionen sin sfære. For det andre ynskte USA å assistera president Chamoun som vart rekna som ein lojal ven av vesten og grunna den vestleg-venlege politikken Chamoun førte var han no i trøbbel.²⁹⁹

Møtereferata frå møta mellom president Eisenhower og rådgivarane hans den 14. juli er interessant lesnad. Det er tydeleg at det var mange moment som spelte inn på avgjerla om å intervenere i Libanon. Amerikanarane var klar over at det mangla prov som kunne underbyggja at infiltrasjon i regi av UAR var årsak nok til å intervenere, men kuppet i Irak hadde endra situasjonen. Utanriksminister Dulles ytra: "We thought we had a third way out in Lebanon but with the events in Iraq, that is no longer available to us."³⁰⁰ Den tredje vegen som Dulles refererte til var FN. Ambassadør McClintock som sat i Beirut skreiv i eit telegram til Washington at kuppet i Irak ikkje hadde gjort situasjonen i Libanon noko meir alvorleg og

²⁹⁶ *Memorandum of a Conference with the President, White House, Washington, July 14, 1958-10:50 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 248-9, dokument 142.

²⁹⁷ *New York Times*, "Eisenhower sends marines into Lebanon; Recognizes Risks. President Says More Troops Will Go if The Are Needed", 16. juli 1958.

²⁹⁸ Robert Daniel Murphy: 63 år gamal assistent til utanriksminister Dulles, men fyrst og fremst kjend som president Eisenhower sin særskilde utsending. Reiste mellom anna til Korea, Suez og Tunisia for å forhandle mellom partar eller sørgje for amerikanske interesser.

²⁹⁹ UNOGIL 422, 19. juli 1958. *Telegram frå Galo Plaza til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³⁰⁰ *Memorandum of a Conference With the President, White House, Washington, July 14, 1958-10:50 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 215, dokument 124.

han åttvara mot å intervenere.³⁰¹ Den same haldninga finn ein òg i utanriksdepartementet i Washington. Det verkar som om amerikanarane meinte at den libanesiske situasjonen i seg sjølv ikkje talte for intervensjon. Utifrå møterferat og vurderingar gjort av dei amerikanske leiarar er det to moment som stod att som avgjerande, baa to med grunnlag i maktkampen mellom USA og Sovjetunionen.

Det fyrste momentet var lovnaden til Chamoun om å assistere militært. Liknande avtalar hadde USA med fleire land i verda, men særskild i Midtausten; Tyrkia, Pakistan, Iran, Saudi-Arabia og Jordan. Dersom USA let vere å følgje opp lovnaden til Libanon ville ingen stole på liknande avtalar og USA ville misse all legitimitet som supermakt og alliert. Til dømes sendte den saudiarabiske kongen to telegram den 14. juli der

King Saud demands action at once, stating that if the United States and United Kingdom do not act now they are finished as powers in the Mid-East.³⁰²

Dermed kunne USA mista mange venlegsinna allierte, militære basar og ikkje minst tilgjenge på oljeresursar dersom dei ikkje levde opp til Chamoun sine forventningar.³⁰³

Det andre momentet handla om å syne makt og handlekraft ovanfor Sovjetunionen. Utanriksminister Dulles ytra at "The situation must be judged in a most serious way, going back to what is fundamental – what will the Russians do."³⁰⁴ Dersom USA intervenerte i Libanon måtte dei rekna med alvorlege protestar frå Sovjetunionen, men general Twining som òg sat i møte med president Eisenhower i Det hvite hus, meinte at Sovjetunionen ville vurdere maktbalansen mellom dei to supermaktene:

We are better off now, according to General Twining, than three or four years from now. At the present time the Soviets do not have long-range missiles, at least in any quantity. Nor do they have a substantial long-range air capability. If we do not accept the risk now, they will probably decide that we will never accept the risk and push harder than ever, and border countries will submit to them.³⁰⁵

Den militære leiinga i USA såg situasjonen i Libanon som ein høveleg situasjon der dei kunne syne handlekraft ovanfor Sovjetunionen før supermakta i aust fekk langtrekkjande våpen. Trussel om krig mot Sovjetunionen var bakteppet, men i dette høvet rekna

³⁰¹ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, July 14, 1958-4 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 215-6, dokument 125.

³⁰² *Memorandum of a Conference With the President, White House, Washington, July 14, 1958-10:50 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 212, dokument 124.

³⁰³ *Memorandum for the Record of a Meeting, Department of State, Washington, July 14, 1958-9:30 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 787A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 220, dokument 123.

³⁰⁴ *Memorandum of a Conference With the President, White House, Washington, July 14, 1958-10:50 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 212, dokument 124.

³⁰⁵ *Ibid.*, side 212.

amerikanarane sannsynet for ein generell storkrig som liten. Utanriksministar Dulles meinte at USA ville tapa meir på å ikkje gjera noko, og sidan dei ikkje risikerte ein større konfrontasjon mot Sovjetunionen, burde dei intervenera. President Eisenhower var meir redd for reaksjonane hjå folka i regionen enn korleis russarane ville reagere. Vidare meinte han at i høve USA si rolle som ei stormakt i Midtausten, var det eit vera eller ikkje vera. ”The President said it was clear in his mind that we must act, or get out of the Middle East entirely.”³⁰⁶

Intervensjonen vart lenge planlagt som eit samarbeid mellom USA og Storbritannia, og allereie den 16. mai 1958 vart ein åtaksplan som involverte amerikanske og britiske soldatar sendt til admiral Burke i Washington som var Chief of Naval Operations.³⁰⁷ Men, då planane vart sett ut i live den 15. juli, vart det avgjort at britane skulle halde seg i bakgrunnen som forsterkning. I eit telegram frå den britiske statsminister Macmillan til president Eisenhower som vart sendt etter at dei var samde om å intervenera, skriv Macmillan:

But what I would like to feel is that it is our joint intention, not merely to be content with rescuing Lebanon (not very important in itself) but to face the wider issues together.³⁰⁸

Macmillan vurderte altså ikkje Libanon som så veldig viktig. Den britiske statsministeren meinte at dei to stormaktene måtte vere innstilt på å gå heile vegen til Irak og Syria, noko som ikkje var i samsvar med intensjonane til amerikanarane.³⁰⁹ Intensjonane til britane om å intervenera i Irak og Syria vart aldri gjennomført, i staden landa britiske fallskjermssoldatar i Jordan den 17. juli på førespurnad frå kong Hussein,³¹⁰ basert på ein britisk etterretningsrapport datert den 16. juli der britane synte til at eit opprør som var retta mot kongehuset og støtta av UAR var under oppsegling.³¹¹

Motvilje hjå den libanesiske hæren

Som nemnt ovanfor i kapittel tre kom førespurnaden om intervensjon frå president Chamoun

³⁰⁶ Ibid., 213.

³⁰⁷ Editorial Note. *Telegram 162001Z from CINCSPECOMME to CNO, May 16, 1958*. I National Archives and Records Administration, RG 218, JCS Files. Glennon & Smith 1992, side 60, dokument 40.

³⁰⁸ *Message From Prime Minister Macmillan to President Eisenhower, July 14, 1958*. Top Secret. I Eisenhower Library, Whitman File, International Series, Macmillan-President 6/58-9/30/58. Glennon & Smith 1992, side 234, dokument 132.

³⁰⁹ *Memorandum of a Telephone Conversation Between President Eisenhower in Washington and Prime Minister Macmillan in London, July 14, 1958-5:43 p.m.* Top Secret. I Eisenhower Library, Whitman File, Eisenhower Diaries. Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Frå Glennon & Smith 1992, side 231-4, dokument 131.

³¹⁰ Britane intervenerte i Jordan to dagar etter USA at gjorde landgang i Beirut med om lag 2500 fallskjermssoldatar. Bakgrunnen var mykje den same som i Libanon med skuldinger om undergravande aktivitetar retta mot den sittande regjeringa i regi av UAR. I Jordan var det derimot ikkje borgarkrigsliknande tilhøve. Sjølv om Jordan somme tider vert handsama samstundes som Libanon i FN sine institusjonar, har eg valt å ikkje nemne Jordan meir enn det som er høgst naudsynt då dei to krisene bør handsamast kvar for seg.

³¹¹ Yaqub 2004, side 231-33.

som handla utan å kalle saman regjeringa eller nasjonalforsamlinga. Dette var ikkje i strid med grunnlova då Chamoun allereie den 17. juni hadde fått alle medlemene i regjeringa til å skriva under på eit brev der dei autoriserte Chamoun til å kalle inn militær assistanse frå venlege statar for å verna om Libanon sitt sjølvstende og integritet.³¹²

General Chehab var ikkje informert om intervensjonen og hadde allereie den 15. juni stadfesta ovanfor ambassadør McClintock at dersom amerikanarane intervenerte ville han gå frå stillinga som sjef for hæren. Samstundes ville hæren gå i oppløysing og han ytra *under bordet* at det ikkje ville vere att noko libanesisk generalstab til å samarbeida med dei amerikanske marinesoldatane.³¹³ Dette synet vert stadfestast av *chargés d'affaires* Edwardsen som vitja hovudkvarteret for hæren kl 10:00 om morgonen, altså nokre timar før dei amerikanske marinesoldatane gjekk i land. I hovudkvarteret møtte han nestkommanderande til general Chehab, oberst Gemayet og kaptein Genadri.³¹⁴ Dei hadde ingen kjennskap til noko komande intervensjon, og det berre nokre timar før marinesoldatane vassa i land. Då Edwardsen spurde om korleis hæren ville reagere dersom Chamoun bad om intervensjon, hevda offiserane at hæren etter all sannsyn ville gjere motstand og at Chehab aldri ville støtte ein førespurnad om intervensjon. Dersom Chehab ikkje ville gje ordre om væpna motstand, kunne ein rekne med omfattande desertering og mange soldatar og offiserar ville slutta seg til opposisjonen.³¹⁵

Motviljen til den libanesiske hæren mot å samarbeide med amerikanarane står i sterk kontrast til forventningane frå amerikanske styresmakter. Gjennom heile prosessen hadde det amerikanske utanriksdepartementet hatt samarbeidsviljen til hæren som ein føresetnad for intervensjon, noko som vart lagt særskild vekt på i det siste telegrammet frå utanriksdepartementet til ambassadør McClintock om morgonen den 15. juni før intervensjonen: ”(...) US Government expects full cooperation of Lebanese armed forces.”³¹⁶

Ein og ein halv time før marinesoldatane gjekk i land sat ambassadør McClintock i møte med general Chehab og informerte om den komande intervensjonen. I følge McClintock vart

³¹² *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, June 17, 1958-1 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1758. Glennon & Smith 1992, side 142-44, dokument 82.

³¹³ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, June 15, 1958-2 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1558. Glennon & Smith 1992, side 124-6, dokument 80.

³¹⁴ Chamoun meinte at saman med fleire andre libanesiske offiserar dreiv desse to med konspirering mot Chamoun og hans regime. I ein samtale med ambassadør McClintock den 17. juli ville Chamoun at general Chehab skulle arrestere offiserane. Det vart ikkje gjort. *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, July 17, 1958-6 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1758. Glennon & Smith 1992, side 260, dokument 152.

³¹⁵ J.Nr 017741/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 16. juli 1958-17:00*, side 6. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

³¹⁶ *Telegram From the Department of State to the Embassy in Lebanon, Washington, July 14, 1958-11:36 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 239-40, dokument 135.

Chehab særst trist då han fekk nyhenda, og ytra frykt for at hæren ville løyse seg opp etter konfesjonelle linjer. Medan dei to sat saman, kl 13:45, rapporterte stabssjefen til Chehab at sju marinefarty låg rett utanfor flyplassen. Chehab ytra: "We are on the brink of a catastrophe. There is a very thin chance we can avoid going over that brink provided your soldiers stay on board their ships."³¹⁷ McClintock fekk ingen lovnadar om militært samarbeid, men skulle prøve å følgja Chehab si oppmoding om å halde soldatane ombord i skipa. Før McClintock rakk å vidareformidla oppmodinga, var landgangen allereie i full gong. Om førespurnaden til McClintock i røynda kunne ha noko innverknad på landgangen er det vanskeleg å seia noko sikkert om, men ambassadøren råda frå å i det heile gjennomføra intervensjonen, så det er nok heller tvilsamt om den militære leiinga hadde teke omsyn til førespurnaden frå McClintock.³¹⁸

Situasjonen på stranda i Beirut var nok ikkje heilt slik amerikanarane hadde forventa. Rett nok hadde dei intervenert på invitasjon frå ein lovleg valt president med alle fullmaktar i orden, men dei vart ikkje møtt av aggressive opprørarar slik dei forventa. I staden var hæren som dei skulle samarbeide med særst negative til amerikansk nærvere og i følgje McClintock var det eitt militærkupp under oppsegling, -ikkje inspirert av kuppet i Irak, men av den amerikanske intervensjonen.³¹⁹

Oberst Gemayet og kaptein Genadri som Leif Edwardsen møtte nokre timar før intervensjon, hadde lova å kjempa mot ein potensiell amerikansk intervensjon, men det vart ikkje løyst eit einaste skot under landgangen. Om morgonen den 16. juli fekk den amerikanske general Sidney Wade ordre om å marsjere inn i Beirut. Rett etter at stridsvognene hadde byrja framrykkinga vart dei møtt av ein jeep med libanesiske offiserar, som åtvare at dersom dei haldt fram ville den libanesiske hæren opna eld mot amerikanarane. I følgje Bull stod ein vesentleg del av stridsvognene til den libanesiske hæren plassert langsetter hovudvegen inn til Beirut med kanonane retta mot amerikanarane.³²⁰ Ordren kom frå general Chehab.³²¹ General Wade var ivrig på å rykkje fram og var overtydd om at soldatane han leia var overlegne stridsvognene til libanesarane.

³¹⁷ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, July 15, 1958-4 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1558. Glennon & Smith 1992, side 247-8, dokument 141.

³¹⁸ Ibid.

³¹⁹ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, July 15, 1958-6 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1558. Glennon & Smith 1992, side 248-9, dokument 142. (Sjå særskild fotnot 3 på side 249 i Glennon & Smith 1992.)

³²⁰ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958.* Side 25. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

³²¹ J.Nr 017741/1958 *Rapport frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement. Background for American Armed Intervention, Beirut, 16. juli 1958,* side 8. Strengt Fortrolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303. Qubain 1961, side 117.

Ambassadør McClintock hadde fått nyss i saka og køyrde til Chamoun for å høyre om kva som stod på. Der møtte han general Chehab som fortalde at dersom marinesoldatane rykka framover ville dei verta møtt med eld, medan Chamoun fortalde at dersom marinesoldatane ikkje gjorde som planlagt, ville opprørarane bryta ut av Basta og drepa han.³²² McClintock og Chehab køyrde saman mot den nyleg skipa frontlinja der dei møtte sjefen for den amerikanske 6. flåten, admiral James Holloway. Det vart intensive forhandlingar mellom to militær leiarar der den eine paradoksalt nok var komen for å gje militær støtte til den andre. General Chehab skjøna etterkvart at han ikkje kunne hindre amerikanarane og dei vart einige om at general Wade skulle få marsjere vidare, men med ei mindre avdeling som var delt opp i fleire grupper med tre stridsvogner i kvar, eskortert av libanesiske jeepar. Ti minutt avstand mellom kvar gruppe skulle sikre at konsentrasjonen av stridsvogner i gatene ikkje vart for stor. Med libanesisk og amerikansk flagg vaiande frå bilen køyrde ambassadør McClintock saman med Chehab og admiral Holloway fremst i kortesjen. For å lage minst mogleg oppstyr tok kortesjen vegen langs kysten og ut til hamna som var målet for amerikanarane.³²³

Chehab var ein stor motstandar av intervensjonen og han fekk på eit vis avgrensa operasjonane til amerikanarane i Libanon. Det er ikkje klårt om det vart forhandla fram ein avtale mellom Chehab og admiral Holloway, men i følge general Odd Bull var det eit krav frå Chehab om at amerikanske marinesoldatane aldri måtte røre seg utanfor bygrensene.³²⁴ Amerikanarane tok over flyplassen og hamna, samt nokre vegar mellom desse stadane for å trygge logistikk og flytting av troppar. For Gruppa var det avgjerande at marinesoldatane haldt seg vekke frå grenseområda då dette kunne øydeleggje heile oppdraget.³²⁵

UNOGIL - ein amerikansk føretropp?

Då dei fyrste amerikanske skipa vart observert utanfor hovudkvartert til UNOGIL i Beirut, vart det sendt ut ordre om at alle FN-observatørane måtte trekkja seg attende til hovudkvartera. Alle observatørane var kledd i deira respektive nasjonale uniformer og bar blå FN-beret. Gruppa var engsteleg for at trass i kvite jeepar og blå beret, var det ikkje eit godt

³²² Qubain 1964, side 117.

³²³ J.Nr 017741/1958 *Rapport frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement. Background for American Armed Intervention, Beirut, 16. juli 1958*, side 8. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303; Qubain 1961, side 118; Dayal 1998, side 362; *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, July 16, 1958-4 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1658. Glennon & Smith 1992, side 254-5, dokument 147.

³²⁴ Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Torsdag 17. juli 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.

³²⁵ UNOGIL 300, 17. juli 1958. *Telegram frå Bunche til Blickenstaff*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103

nok skilje i høve dei amerikanske marinesoldatane.³²⁶ Dessutan var det fleire i opposisjonen som trudde at UNOGIL eigentleg var ein fortropp for amerikanarane.³²⁷ For å verne observatørane mot misoppfattingar vart all patruljering avlyst på ubestemd tid.

Heilt sidan 11. juni hadde gruppa skipa kontaktar med opposisjonen og såleis fått høve til å gradvis flytta seg nærare den syriske grensa. Desse kontaktane stod i fare og dersom UNOGIL vart assosiert med dei amerikanske marinesoldatane kunne det øydeleggje relasjonen til opposisjonen og dermed alt UNOGIL hadde oppnådd.³²⁸

Det fyrste døgeret var Plaza, Dayal og Bull usikre på om patruljeringa nokon gong kom til å starte opp att. Dayal meinte at Gruppa burde gå frå stillingane som leiarar for UNOGIL: ”My continued association with UNOGIL in the present circumstances was highly anomalous and embarrassing.” medan Plaza ”(...) did not wish to be seen as collaborating with ’Yankee imperialism’ or conducting ’gunboat diplomacy.’”³²⁹ Bull meinte at dersom Gruppa vart oppløyst ville FN vere ute av Libanon. Difor var det best at alle tre framleis stod til disposisjon for generalsekretær Dag Hammarskjöld.³³⁰ Dayal sendte eit eige telegram til Hammarskjöld i New York for å informere om intensjonane, og generalsekretæren svara i eit telegram med adresse til alle tre:

It is natural in these circumstances, that I firmly hope you will find it possible to abstain from any collective or individual reaction at present, at least until political situation is clarified in the respects mentioned, but preferably so as to give me continued possibilities to play the significance and achievements of UNOGIL to the full. A retreat on my side on UNOGIL would mean leaving the situation entirely in hands of US, which I will not do.³³¹

Gruppa vart einige om å halde fram arbeidet for FN i Libanon og la planar for korleis dei kunne vinna attende tilliten hjå den libanesiske opposisjonen. Det viktigaste var å distansere seg frå amerikanarane som ved fleire høver ytra at dei var komen til Libanon for å hjelpa UNOGIL med å utføre mandatet.³³² Om morgonen den 16. juli sendte Gruppa ut følgjande

³²⁶ Dayal 1998, side 335.

³²⁷ Bull 1973, side 26.

³²⁸ UNOGIL 300, 17. juli 1958. *Telegram frå Bunche til Blickenstaff*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103

³²⁹ Dayal 1998, side 357. UNOGIL 301, 17. juli 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³³⁰ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Side 23. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

³³¹ UNOGIL 376, 16. juli 1958. *Telegram frå Generalsekretæren til Plaza, Bull og Dayal*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³³² *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Side 23. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

kommuniké:

The United Nations Observation Group in Lebanon wishes to clarify its position regard to its relationship to the foreign troops on the soil of Lebanon. The United Nation Group alone is in Lebanon in pursuance of the mandate contained in the Security Council resolution of 11 June 1958. The United Nation Observation Group represents the only action taken by the Security Council. There is therefore, no basis for establishing any contact or working relationship, - formal or informal – between United Nation Observation Group and any non-Lebanese forces in Lebanon beyond what may be strictly required for the independent fulfilment of its mandate from the United Nation Security Council, which cannot be altered without further action by the Council.³³³

Det var ikkje berre UNOGIL som hadde trong for å syne avstand til den amerikanske intervensjonen. Den 16. juli mottok Plaza eit brev frå Adel Osseiran som var president i den libanesiske nasjonalforsamlinga. Osseiran meinte at nasjonalforsamlinga var den einaste legitime representanten for Libanon sitt folk og ytra implisitt at president Chamoun ikkje hadde noko legitimitet. Osseiran gjekk hardt ut mot den amerikanske intervensjonen og skreiv:

The act of landing these American troops is a real infringement to the sovereignty and independence of Lebanon. (...) Our crisis is an internal one, it can only be solved through the Lebanese Parliament.³³⁴

Vidare protesterte Osseiran mot den amerikanske landgangen på vegne av den libanesiske nasjonalforsamlinga. Osseiran meinte at intervensjonen var ein fare for freden i regionen og at USA måtte trekkja seg ut endeframt.³³⁵ Brevet vart òg sendt til president Eisenhower, utanriksminister Dulles og Dag Hammarskjöld. At presidenten i nasjonalforsamlinga tok avstand frå handlingane til presidenten står i sterkt kontrast til at Chamoun tidligare hadde støtte frå fleirtalet i nasjonalforsamlinga. Det kan tolkast som at Osseiran ikkje vurderte intervensjon som naudsynt under dei rådande tilhøva i Beirut eller at han ikkje lenger støtta presidenten.

Dayal skriv i sjølvbiografien at Dag Hammarskjöld nytta telegrammet frå Dayal om at han ville trekkja seg frå UNOGIL i eit diplomatisk krumspring mot amerikanarane. Hammarskjöld informerte ambassadør Henry Lodge om intensjonane til Dayal og at dersom Gruppa gjekk i oppløysing måtte Hammarskjöld sjå seg nøydd til å trekkja attende heile UNOGIL. Dette reagerte Lodge særst negativt på då ham meinte at eit Libanon utan FN ville

³³³ J.Nr 017741/1958 *UNOGIL Communique. Press Release UNOGIL/17, Beirut, 16 July 1958*. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

³³⁴ UNOGIL 405, 17. juli 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103

³³⁵ Ibid.

føre til store problem for dei amerikanske soldatane. Det amerikanske utanriksdepartementet sendte med ein gong ambassadør McClintock for å møte Gruppa.³³⁶ Morgonen den 16. juli vart møte heldt på Plaza sitt hotellrom. Bull skriv i rapporten at McClintock vart motteke veldig kjølig og at ambassadøren ikkje var ”høy i hatten”.³³⁷ McClintock la fram planen til amerikanarane for eit omfattande samarbeid med UNOGIL slik det kjem fram i eit telegram sendt frå det amerikanske utanriksdepartementet:

Through the local American Diplomatic Representative, the US forces landing in Lebanon should also establish appropriate liaison with the UN Observer Group in Lebanon. To the maximum extent compatible with their mission, the US forces should cooperate with the UN Observer Group and avoid any action which would impede the function of the Observer Group.³³⁸

Gruppa svara at dei ikkje kunne samarbeide med amerikanske soldatane og ikkje kunne halde fram med observeringa dersom USA okkuperte Libanon.³³⁹ I følgje Dayal vart McClintock sjokkert over svaret frå Gruppa, eit svar som vart repetert like etter ovanfor admiral Holloway som òg ynskte å samarbeide med UNOGIL.³⁴⁰

For Hammarskjöld og Gruppa var det utenkeleg å samarbeide med marinesoldatane. Føresetnadane for nærveret til UNOGIL og USA i Libanon var heilt forskjellige. Rett nok var både kome til landet etter invitasjon den libanesiske regjeringa, men det var òg den einaste likskapen. UNOGIL var nøytral og opererte på mandat frå Tryggingrådet, medan dei amerikanske marinesoldatane tok parti med regjeringa og var i Libanon på ordre frå president Eisenhower. Dessutan var UNOGIL i Libanon for å observera intervensjonen i regi av framande statar, men den einaste større intervensjonen som kunne observerast i Libanon i midten av juli 1958 var paradoksalt nok i regi av amerikanarane.

Trass i at UNOGIL nekta å samarbeida med ambassadør McClintock og admiral Holloway, vart dei einige om eit kompromiss: amerikanarane skulle halde seg i områda rundt Beirut og ikkje flytte posisjonar innover i Libanon, medan UNOGIL skulle halde fram med observasjonar og patruljering i heile landet med hovudfokus på grenseområda. Dersom amerikanske marinesoldatar flytta seg inn mot grenseområda ville FN måtte vurdere å trekkja

³³⁶ Dayal 1998, side 357-8.

³³⁷ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Side 24. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

³³⁸ *Telegram From the Department of State to the Embassy in Lebanon, Washington, July 15, 1958-2:27 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1558. Glennon & Smith 1992, side 250-1, dokument 143.

³³⁹ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Side 24. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

³⁴⁰ Dayal 1998, side 358.

attente UNOGIL.³⁴¹ Det er tydeleg at opposisjonen etterkvart skjøna at UNOGIL ikkje var noko amerikansk føretropp. Odd Bull hadde eit møte med opposisjonsleiaren Saëb Salam den 25. juli der Salam ytra at UNOGIL var mykje betre for opposisjonen enn amerikanarane.³⁴² Observatørane var ute på vegane att den 17. juli, to dagar etter at all patruljering vart innstilt.³⁴³

Tryggingsrådet handterer den amerikansk intervensjonen

Debatt i Tryggingsrådet

Under møta i Det hvite hus der avgjersla om å intervenera i Libanon vart diskutert den 14. juli, vart ein einige om å ta saka opp i eit ekstraordinært møte i Tryggingsrådet så fort som mogleg.³⁴⁴ Den amerikanske delegasjonen til FN fekk om morgonen den 15. juli beskjed frå utanriksdepartementet om å be om hastemøte i Tryggingsrådet for å forklare intervensjonen i Libanon og freiste å hindra ein resolusjon som kunne leggje band på amerikanske aktivitetar i landet. Lodge vart instruert om å leggja vekt på at UNOGIL hadde gjort ein god innsats med gode resultat, særleg med omsyn til tida som var til rådvelde, vidare burde UNOGIL styrkast. Lodge skulle ytre von om at ein væpna FN-styrke vart sendt til Libanon for å verne sjølvstende til landet, men då utan å presse fram ein ny resolusjon i Tryggingsrådet. Lodge måtte vidare leggja vekt på at situasjonen i Libanon hadde endra seg så raskt grunna kuppet i Irak, at den libanesiske regjeringa måtte be USA om militær støtte, - ei handling han måtte sikra støtte for hjå så mange land som moglege i Tryggingsrådet.³⁴⁵

Klokka ti lokal tid møtte Tryggingsrådet i New York, kalla saman etter førespurnad frå USA. Med ein tidsforskjell på om lag sju timar føregjekk møte om lag to timar etter landgangen i Beirut. Agendaen var den same som for over ein månaden sidan då Tryggingsrådet handterte dei libanesiske skuldingane mot UAR.³⁴⁶

Lodge forklarte at USA hadde kalla saman rådet for å informera dei om at USA hadde intervenert i Libanon etter førespurnad frå den libanesiske regjeringa. Men, i følgje Lodge var dei amerikanske marinesoldatane meint som ei mellombels løysing fram til FN kunne ta dei

³⁴¹ UNOGIL 300, 17. juli 1958. *Telegram frå Bunch til Blickenstaff*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³⁴² Møtereferat etter generalmajor Odd Bull, *Møte med Saëb Salam 25. juli 1958*. Hemmeleg. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: Secret.

³⁴³ Bull 1973, side 26.

³⁴⁴ *Memorandum of a Conference with the President, The white House, Washington July 14, 1958*. Top Secret. I arkivet ved Eisenhower Library, Whitman File, Eisenhower Diaries. Glennon & Smith 1992, side 226-8, dokument 128.

³⁴⁵ *Telegram From the Department of State to the Mission at the United Nations, Washington July 14, 1958-9:22 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1458. Glennon & Smith 1992, side 236-7, dokument 133.

³⁴⁶ S/PV.827, 15. juli, SCOR, Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

naudsynlege grepa for å verna sjølvstende til Libanon. Når FN var i stand til å ta over dette ansvaret ville USA trekkja seg ut.³⁴⁷ Lodge var rask med å trekkja fram UNOGIL og meinte dei hadde vore viktige i arbeidet med å redusere infiltrasjonen over grensa, og han vona dei kunne halde fram på ein effektiv og energisk måte. Etter kuppet i Irak meinte Lodge at infiltrasjonen hadde auka drastisk og at sjølvstende til Libanon enno ein gong stod på spel.³⁴⁸

Debatten som gjekk frå den 15. til den 22. juli i Tryggingrådet sirkulerte rundt to tema. Det fyrste var korleis ein skulle handtere den amerikanske intervensjonen i Libanon? Var den i tråd med FN sitt charter, meir nært, artikkel 51?³⁴⁹ Eller ei aggressiv handling utan støtte i FN? Det andre temaet var korleis ein skulle løyse krisa i Libanon. Allereie den fyrste dagen vart det klart at Lodge vart støtta av Libanon, Storbritannia, Frankrike, Canada og Kina.³⁵⁰ UAR og Sovjetunionen på si side meinte at dei ikkje var noko grunnlag for at den amerikanske intervensjonen kunne kome under artikkel 51 i FN sitt charter, tvert imot meinte Sovjetunionen at intervensjonen var klårt i strid med Charteret til FN.³⁵¹ Den same oppfattinga kom òg fram i forslaget der sovjetunionen fremja at Tryggingrådet:

Calls upon the United States Government to cease armed intervention in the domestic affairs of the Arab States and to remove its troops from the territory of Lebanon immediately.³⁵²

UNOGIL vart lagt vekt på av alle representantane som fekk høve til å ytra seg i Tryggingrådet. Funna, eller mangel på funn, var nytta som argument av alle representantane. Den libanesiske representanten, Karim Azkoul, ynskte å takka UNOGIL og generalsekretær Dag Hammarskjöld for det godt utførte arbeidet og at regjeringa han representerte ville at UNOGIL skulle utvidast.³⁵³ Denne positive haldninga til UNOGIL vert på ingen måte spegla att i dei offisielle kommentarane til UNOGIL sin fyrste rapport som vart omtala i kapittel 3.

Debatten i Tryggingrådet heldt fram dagen etter, den 16. juli, der Dag Hammarskjöld presenterte ein mellombels rapporten frå UNOGIL. Den stadfesta at no hadde observatørane endeleg tilgjenge til alle grenseområda:

³⁴⁷ S/PV.827, 15. juli 1958, side 5-8, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁴⁸ *Ibid.*, side 9, §39-40.

³⁴⁹ Kapittel XII, Artikkel 51 handlar om kvar enkelt nasjon sin rett til å forsvare seg sjølv aleine eller i samarbeid med andre medlemsland, fram til Tryggingrådet kan gjer det som er naudsynt for internasjonal fred og tryggleik.

³⁵⁰ S/PV.827, 15. juli 1958, §84 og §93. *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)
S/PV.828, 15. juli 1958, §10, §16 og §26. *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁵¹ S/PV.827, 15. juli 1958, §123. *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

S/PV.828, 15. juli 1958, §33. *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁵² S/4047, 15. juli 1958. *USSR: Draft Resolution*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁵³ S/PV.827, 15. juli 1958, side 15, §81, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

(...) the Observation Group is fully equipped to play the part envisaged for it in the total United Nations effort, with its general purpose of ensuring against infiltration and smuggling of arms.³⁵⁴

For å syne ovanfor verdsoinionen og gje generalsekretær Hammarskjöld nokre gode kort til forhandlingar i New York om intervensjonen til USA, rolla til UNOGIL og krisa i Libanon, vart det viktig å presentere kva UNOGIL hadde nådd.³⁵⁵ Denne mellombels rapporten gav generalsekretæren eit høve til å leggja vekt på UNOGIL som ein viktig faktor i løysinga av krisa noko som det verkar som nesten alle medlemene i Tryggingrådet var samd om.

Deretter tok Lodge over ordet og presenterte ein eigen resolusjon der Tryggingrådet skulle be om stopp i all infiltrasjon, invitere UNOGIL til å vidareføre arbeidet, og oppmode generalsekretæren til å kontakte medlemsland i FN for å leggja til rette for:

(...) the contribution and use of contingents, as may be necessary to protect the territorial integrity and independence of Lebanon and to ensure that there is no illegal infiltration of personnel or supply of arms or other materiel across the Lebanese borders.³⁵⁶

Etter å ha lagt vekt på at denne kontingenten skulle verna om libanesisk territorial integritet, sjølvstende og sikre at det ikkje var noko infiltrasjon, ytra Lodge at det skulle vere opp til generalsekretæren og sjå til at dette skjedde på best mogleg måte.³⁵⁷

Sergei Lvovich Sobolev frå Sovjetunionen fekk ordet og skulda amerikanarane for å vera hyklarar i deira omtale av UNOGIL. Sobolev meinte at omtalen til USA av observatørane dei siste dagane var særst positiv og Lodge gratulerte jamvel Gruppa med godt utført arbeid, noko som stod i sterk kontrast til resolusjonen Lodge nett hadde presentert. For i resolusjonen stod det at sjølvstende til Libanon var trua noko som var heilt i strid med alt UNOGIL hadde rapportert.³⁵⁸ Vidare ytra Sobolev at trass i at Charteret til FN opna for å hjelpe ein stat som vart utsett for aggresjon, kunne ikkje Tryggingrådet sende ein FN-styrke til Libanon fordi ”The United Nation organ which is in Lebanon has not reported any aggression. The Security Council has not found that it exists.”³⁵⁹ Dermed kunne ikkje Sovjetunionen, i følgje Sobolev, støtte det amerikanske forslaget til resolusjon.

³⁵⁴ S/PV.829, 15. juli 1958, side 1, §2, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁵⁵ S/4051, 16. juli 1958. *Interim Report of the United Nation Group in Lebanon*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁵⁶ S/4050, 15. juli 1958. *United States of America:: Draft Resolution*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁵⁷ S/PV.829, 15. juli 1958, side 3-4, §11, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁵⁸ *Ibid.*, side 5-6, §20-3.

³⁵⁹ *Ibid.* side 10, §43.

Omar Loufti frå UAR følgde opp den sovjetiske misnøya med å peike på brevet frå Adel Osseiran, presidenten i den libanesiske nasjonalforsamlinga. Innhaldet i dette brevet er handtert ovanfor, men Loufti presenterte brevet for å syna at den libanesiske nasjonalforsamlinga, jamvel den libanesiske hæren, gjekk sterkt ut mot den amerikansk intervensjonen. Loufti og UAR stilte seg bak den libanesiske nasjonalforsamlinga og deira omtale og kritikk av intervensjonen.³⁶⁰

Etter at den svenske representanten hadde ytra at UNOGIL burde trekkjast attende og Lodge ytra von om at noko slikt ikkje måtte skje, kom generalsekretæren på banen. Ovanfor rådet ytra generalsekretæren at han venta på enno ein rapport frå Gruppa som han vona kunne "(...) give a more satisfactory basis for an evaluation of the significance of this operation in the present situation."³⁶¹ Det var ikkje nokon ny rapport på veg frå Gruppa, men i eit telegram sendt same dag frå generalsekretæren til Gruppa skreiv Hammarskjöld at han hadde lova at Tryggingrådet skulle få ein ny mellombels rapport. Hammarskjöld gjekk så langt at han instruerte Gruppa om kva dei burde ta med i rapporten: Gruppa måtte presentera korleis dei såg føre seg den framtidige utviklinga av UNOGIL,

(...) irrespective of the complications now introduced by the US landings – and without reference to them, although, of course, we are not saying so – and with a view to give UNOGIL a scope which would make it a basis on which it might be possible to press for the US withdrawal.³⁶²

Den andre mellombelse rapporten frå UNOGIL vart presentert for Tryggingrådet den 17. juli. Rapporten vart nett slik Hammarskjöld ynskte; den amerikanske intervensjonen vart ikkje nemnd og Gruppa fokuserte heller på at dei no hadde betra tilgjenge til grenseområda og presentere planar for tretten nye observasjonspostar. For å ha nok mannskap til dei nye stasjonane ynskte Gruppa å auke talet på observatørar til 200 og innføre døgervakt på alle stasjonar. I tillegg ynskte Gruppa at generalsekretæren skulle senda grupper med uværna soldatar som kunne assistere observatørane. Gruppa konkluderte med at utviklinga av organisasjonen og tilgjenge til grenseområda hadde endra strategien for operasjonen fundamentalt og at dei no var betre rusta til å implementere resolusjonen.³⁶³

Lodge peika på at rapporten synte at Gruppa sjølv meinte dei burde halda fram med

³⁶⁰ S/PV.830, 15. juli 1958, side 2, §7-8, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁶¹ *Ibid.* side 9, §51.

³⁶² UNOGIL 284 -5 -6 -7, 16. juli 1958. *Telegram from Secretary General to Plaza*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³⁶³ S/4052, 17. juli 1958. *Second Interim Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

observeringa i Libanon, og dermed kunne ein ikkje støtte den svenske resolusjonen.³⁶⁴ I staden måtte UNOGIL forsterkast.³⁶⁵ Vidare ynskte Lodge å avklare noko han kalla for misoppfatting om den verkeleg situasjonen i Libanon:

I have heard implied here that because the Observation Group has not reported the occurrence of a certain event, the event for that reason has not happened. The fallacy of this contention becomes plain when you consider that the Group has not made a final report, that the Group undoubtedly possesses a great deal of information which it has not yet reported or had time to evaluate, (...)³⁶⁶

Alle rapportane ein hadde fått frå UNOGIL handla om organiseringa, eller måtte reknast som ufulleinte og mellombels. Lodge heldt fram med å forsvare intervensjonen i Libanon med å peike på at Gruppa endeleg hadde fått tilgjenge til grenseområda:

That agreement was only received on the day, may I point out, that our forces landed, and with great respect I submit that our efforts may already have been helpful to the work of the United Nations.³⁶⁷

Med tanke på at Dayal, Bull og Plaza fekk i stand avtalane om tilgjenge *før* dei amerikanske marinesoldatane gjekk i land og det faktumet at observatørane måtte innstilla patruljeringa i nokre dagar grunna rykte om at dei var ein føretropp for USA, peikar vel heller i retning av at USA sin intervensjon var negativ for UNOGIL.

Matsudaira som var Japan sin representant i Tryggingrådet meinte at den andre mellombels rapporten frå UNOGIL sette situasjonen i eit nytt lys. Den amerikanske intervensjonen rekna han som høgst lite passande og sørgjeleg sidan USA intervenerte medan Tryggingrådet framleis handterte saka, og utan rådet si godkjenning. Men, no når marinesoldatane allereie var på strendene i Libanon måtte ein søkja ei løysing gjennom FN-systemet slik at USA kunne trekkja seg ut snarast råd og samstundes sikra sjølvstende til Libanon.³⁶⁸

Resolusjonane frå Sovjetunionen, USA og Sverige som fremja høvesvis endefram attendetrekking av amerikanske marinesoldatar, ei styrking av UNOGIL, og jamvel attendetrekking av UNOGIL, vart ikkje godkjent av rådet. Anten var det for få røyster, eller så

³⁶⁴ S/4054, 17. juli 1958. *Sweden: draft resolution*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁶⁵ S/PV.831, 17. juli 1958, side 8, §42 *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁶⁶ *Ibid.*, side 9, §43.

³⁶⁷ *Ibid.*, side 9, §45.

³⁶⁸ S/PV.832, 17. juli 1958, side 4-5, §10-4, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

nytta Sovjetunionen vetoretten.³⁶⁹

Då vart det klart at den japanske delegasjonen arbeidde med å klargjera ein resolusjon som Matsudaira vona kunne redde den fastlåste situasjonen i Tryggingsrådet; ein resolusjon der UNOGIL skulle styrkast og dermed opne for at USA kunne trekkja seg ut.³⁷⁰ Resolusjonsforslaget frå Japan var meint som eit kompromiss mellom dei tre forslaga som allereie var forkasta. Målet for Japan var å halda fokuset på å finne ei løysing innafor FN-systemet ved å gje generalsekretæren autorisasjon til å gjere det han sjølv meinte var naudsynt for å gjennomføre resolusjonen frå den 11. juni. Dette skulle sikre Libanon sin integritet og sjølvstende og gjere det mogleg for USA å trekkja seg ut.³⁷¹

På førespurnad frå den canadiske representanten om korleis generalsekretæren såg føre seg at det nye resolusjonsforslaget kunne gjennomførast, svara Hammarskjöld at resolusjonen frå 11. juni ikkje opna for å skipa ein væpna FN-styrke for å trygge grensa i Libanon. Det nye forslaget frå Japan opna heller ikkje for ein væpna FN-styrke, dessutan meinte Hammarskjöld at ein slik styrke fort kunne verta pasifisert og lite nyttig i område kontrollert av opposisjonen. Derimot vurderte Hammarskjöld planane som no låg føre for forsterkinga av UNOGIL som særst lovande og planane ville gjera observatørane til eit høveleg verkty for å utføra resolusjonen av 11. juni.³⁷²

Det japanske forslaget til resolusjon lei same lagnad som dei andre resolusjonane desse dagane.³⁷³ Forslaget gav likevel Hammarskjöld ein god indikasjon på kva tiltak han potensielt kunne spela på for å betre situasjonen, utan å bryte med meiningane til representantane i Tryggingsrådet.

Generalsekretær Dag Hammarskjöld tek initiativet

Etter seks dagar med debatt knytt til krisa i Libanon og den amerikanske intervensjonen, hadde ikkje dei ti medlemslanda i Tryggingsrådet kome fram til noko løysing, trass i fem forslag til resolusjonar. Dei to supermaktene stod i vegen for ei løysing. Det var utenkeleg for Sovjetunionen å godkjenne ein resolusjon som ikkje fordømde intervensjonen, likeins som USA ville nytte vetoretten sin mot eit forslag som kravde at marinesoldatane måtte trekkjast

³⁶⁹ S/PV.834, 18. juli 1958, side 9-11, §65-70, *SCOR*, Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁷⁰ *Ibid.*, side 15, §87.

³⁷¹ S/4055/rev.1, 21. juli 1958. *Japan: revised draft resolution*. Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁷² *Memorandum frå møte mellom Sobolev og Hammarskjöld den 20. juli 1958*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104. ; S/PV.835, §24-37, side 7-9, *SCOR*, 21. juli 1958, Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁷³ S/PV.837, 22. juli 1958, side 3, §8-9, *SCOR*, Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

ut endeframt. Når Tryggingrådet ikkje var i stand til å presentera eit løysningsforslag til krise i Libanon, var eit ekstraordinært særskild møte i Generalforsamlinga det neste naturlege steget, men generalsekretær Dag Hammarskjöld braut inn i debatten.

Hammarskjöld synte til forslaga om å ta debatten til Generalforsamlinga og la til at i høve krise i Libanon var tida ein viktig faktor og at han i så måte såg det som essensielt at FN tok nokre praktiske skritt mot løysinga av krise. Hammarskjöld peika på nokre tidligare stadfestingar ytra av han sjølv når det kom til tolkinga av oppgåvene og avgrensingar knytt til rolla til generalsekretæren:

I added that I believed that it is in keeping with the philosophy of the Charter that the Secretary-General also should be expected to act without any guidance from the Assembly or the Security Council should this appear to him necessary towards helping to fill any vacuum that may appear in the systems which the Charter and traditional diplomacy provide for the safeguarding of peace and security.³⁷⁴

Situasjonen i Libanon og at Tryggingrådet mangla evne til å gjere noko konstruktivt opna dermed, i følgje Hammarskjöld, for at han sjølv skulle hindra ei vidare forverring av situasjonen i Midtausten. Generalsekretæren gjekk vidare og forklarte kva han ville gjera: vidareutvikla UNOGIL så langt som resolusjonen av 11. juni opna for i tråd med Charteret til FN og i tråd med meiningane ytra av medlemmene i Tryggingrådet. Avgjerslene "(...) will be recognized by you as being in the best interests of the Organization and, therefore, of the cause of peace."³⁷⁵

Presidenten i Tryggingrådet, A. Araujo frå Colombia, tok ordet og oppsummerte at trass i at rådet ikkje var i stand til å koma med ein resolusjon, vart ikkje FN redusert til ein tilskodar føre krise i Libanon: den komande innsatsen til generalsekretæren i samspel med UNOGIL, den sovjetiske invitasjonen til toppmøte i regi av FN for å tona ned sabelraslinga og med ihuga innsats frå alle partar kunne få situasjonen over i ein positiv retning.³⁷⁶ Deretter nytta han høve til å heva møtet i Tryggingrådet og ikkje setje fastsetja ein dato for neste møte.³⁷⁷

Målet var å trekkja ut marinesoldatane, men som me har sett ovanfor var det ikkje enkelt å få til, trass i at USA ville trekkja ut soldatane snarast råd. For USSR handla det om å ikkje gje etter for krava til USA og dermed implisitt godta den amerikanske intervensjonen. For

³⁷⁴ Ibid., side 2-3, §12.

³⁷⁵ Ibid., side 3-4, §12-16.

³⁷⁶ Sovjetunionen sendte brev til leiarane for stormaktene den 19. juli og inviterte til ein hastekonferanse for å drøfte faren for storkrig. Nikita Khrushchev meinte at intervensjonane til Storbritannia og USA i høvesvis Jordan og Libanon, synte ein aggressiv haldning som kunne føre til storkrig. Møte skulle hindre at noko slikt skjedde. Det vart aldri noko konferanse då amerikanarane ville halde saka innanfor FN.

³⁷⁷ S/PV.837, 22. juli 1958, side 4-7, §18-28, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

USA handla det om å ikkje trekkja seg ut før noko var nådd, for då ville dei tapa ansikt og intervensjonen kunne verta omtala som ikkje naudsyn. Hammarskjöld såg dette og tok initiativ for å prøva å skapa ein situasjon der USA kunne trekkja seg ut med æra i hevd, medan det ikkje måtte ta for lang tid då USSR var særst negativ til amerikanske marinesoldatar i Libanon. Det mest nyttefulle tiltaket var å forsterke UNOGIL slik at observatørane kunne erstatta USA i Libanon

Hammarskjöld tolka si eigen rolle som generalsekretær på ein måte som var noko utanom det vanlege. Tradisjonelt hadde generalsekretæren ei administrativ rolle, men dette endra seg gradvis og under Hammarskjöld fekk generalsekretæren ei politisk og diplomatisk rolle. I Charteret til FN, artikkel 99, kapittel 15, står det:

The Secretary-General may bring to the attention of the Security Council any matter which in his opinion may threaten the maintenance of international peace and security.³⁷⁸

Denne arbeidsskildringa av rolla til generalsekretæren vart tolka mykje breiare av Hammarskjöld; generalsekretæren skulle ikkje berre utføra resolusjonar som vart fremja av Tryggingrådet og Generalforsamlinga, men òg handla i tråd med charteret, gjerne på eige initiativ.³⁷⁹ I situasjonen som utvikla seg i Tryggingrådet meinte Hammarskjöld at Tryggingrådet hadde feila og sidan framtida til Libanon og potensielt verdsfreden stod på spel, ville Hammarskjöld handla på eige initiativ.

I eit topp hemmeleg telegram til Gruppa skriv Hammarskjöld den 2. august initiativet: "As I have to work, so to say, extra-constitutionally, I must at least maintain a semblance of a cover in decisions taken by the Security Council."³⁸⁰ Dette skalkeskjulet måtte vera UNOGIL.

Den nye rolla til UNOGIL

Hammarskjöld hadde lenge hatt von om at eit utvida FN-engasjement i Libanon gjennom å forsterka UNOGIL og eit aktivt stillediplomati, på sikt kunne løysa krisa i Libanon. Allereie i ein samtale med Henry Lodge den 16. juli ytra Hammarskjöld at han ynskte minst to veker for å prøve å finna ei løysing saman med UNOGIL og libanesarane.³⁸¹ Dei same intensjonane

³⁷⁸ *Charter of the United Nation*. Kapittel 15, artikkel 99. <http://www.un.org/en/documents/charter/> (Kontrollert 14.05.10)

³⁷⁹ Leland, M Goodrich. 1962, side 722. For meir informasjon om endringa i generalsekretæren si rolle under Dag Hammarskjöld. Sjå Zacher 1966, "The Political Role of the Secretary-General", side 722.

³⁸⁰ UNOGIL 470, 2. august 1958. *Telegram frå Generalsekretæren til gruppa*. Top Secret. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³⁸¹ *Notes from a Telephone Conversation, Department of State, Washington, July 16, 1958-10:40 a.m.* Funnen i Eisenhower Library, Dulles Papers, General Telephone Conversations. Glennon & Smith 1992, side 252, dokument 145.

vart presenteret i eit telegram til Gruppa den 16. juli:

My attitude now is that UNOGIL is UN beach-head in Lebanon and the main element on which we can build, in creating a situation enabling the US to withdraw.³⁸²

Det vart klart for Hammarskjöld at ei løysing på krisa innan rammene til Tryggingrådet var utenkeleg grunna dei to motstridande interessene som vart representert av USA og Sovjetunionen.

I think that if this matter is put to a formal political decision, we would repeat again and again what happened in the Security Council; that is to say, there is no resolution which can reasonably cover the two lines, nor could either line count on unanimity among the permanent members.³⁸³

Etter at debatten i Tryggingrådet kollapsa fekk Hammarskjöld høve til å prøve ut planen. I samsvar med UNOGIL og deira framlagde plan for utviding vart det sendt førespurnadar til fleire nasjonar om å medverka med fleire observatørar og overvåkingsfly.

Ein viktig, men ikkje så tydeleg del av planen til Hammarskjöld, var å spreia observatørar utover i Libanon og ikkje berre langs grensa. Ovanfor den libanesiske regjeringa skulle ein forklare utplasseringa med at UNOGIL trengde ei indre *forsvarsrekke* for å observere potensielle smuglarar og infiltratørar som dukka opp inne i landet og ikkje berre langs grensa. I følge Hammarskjöld kunne dette

(...) give a formal justification for the location of UNOGIL personnel at various interesting points in the country, while maintaining the façade of fighting solely against infiltration and smuggling.³⁸⁴

Tanken med denne utplasseringa rundt om i landet var å ha ein positiv psykologisk effekt på innbyggjarane og "(...) in that way we might help toward stabilising the development although this in no way explicitly is our task."³⁸⁵

Planen til Hammarskjöld om å ekspandere UNOGIL vart teken godt i mot hjå amerikanarane. Om føremiddagen den 14. juli då intervensjon i Libanon vart diskutert, ytra utanriksminister Dulles at situasjonen i Libanon var av ein natur som gjorde det lett å involvera seg, men då òg enno vanskelegare å trekkja seg ut att.³⁸⁶ Difor vart president

³⁸² UNOGIL 276, 16. juli 1958. *Telegram frå Generalsekretæren til gruppa*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³⁸³ J.Nr 03042/1958 *Telegram Consultative Group on the United Nation Operation in Lebanon*. New York, 25 juli 1958-3 p.m. side 15. Confidential. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

³⁸⁴ UNOGIL 470, 2. august 1958. *Telegram frå Generalsekretæren til gruppa*. Top Secret, side 1. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

³⁸⁵ Ibid., side 2.

³⁸⁶ *Memorandum of a Conference With the President, White House, Washington, July 14, 1958-10:50 a.m.* Top Secret. I

Eisenhower og rådgjevarane einige om at USA måtte prøve å få i stand eit FN-engasjement i Libanon som kunne erstatte marinesoldatane snarast råd.³⁸⁷ Det same synet materialiserte seg i resolusjonsforslaget frå USA den 17. juli.³⁸⁸

Ut i frå debatten i Tryggingrådet verkar det ikkje som om Sovjetunionen var kritiske til UNOGIL i seg sjølv, men dei stemde likevel imot å heva møtet om ettermiddag den 22. juli då dei meinte at det var feil å avslutte sesjonen i Tryggingrådet utan å setja ein dato for neste møte.³⁸⁹ I augo til sovjetarane var ikkje krisa i Libanon løyst før den amerikanske intervensjonen vart fordømd av FN, likevel tok det tretten dagar før Sovjetunionen kalla inn til nytt møte. Det kan indikera at Sovjetunionen òg ynskte å gje Hammarskjöld nokre dagar til å styrke UNOGIL for såleis å leggja til rette for attendetrekking av dei amerikanske marinesoldatane.

Generalsekretær Hammarskjöld synte ei pragmatisk tilnærming og meinte at UNOGIL var det einaste som på ein truverdig måte kunne tryggja tilhøva i Libanon og leggja til rette for at USA kunne trekkja seg ut snarast råd. Rapportar frå arbeidet til Gruppa etter den 15. juli fortel at Gruppa engasjerte seg i libanesisk politikk ved å jobbe aktivt opp mot libanesiske politikarar og amerikanske representantar i Libanon.³⁹⁰ Å engasjera seg i libanesisk politikk kjem ikkje under den vanlege måten å tolka resolusjonen frå 11. juni på, men i ei veldig brei tolking kan involvering i libanesisk politikk til ein viss grad koma inn under setninga: "(...) to ensure that there is no illegal infiltration of personnel or supply of arms or other materiel across the Lebanese borders."³⁹¹ Rett nok fortel resolusjonen at det var ei observatørgruppe som skulle reisa, men den fortel ikkje noko om korleis gruppa skulle "ensure that there is no illegal infiltration", i tillegg til å overvaka grensa til Syria ville ein endring av politikken i Libanon òg ha ført til mindre infiltrasjon.

Som me har sett ovanfor var involvering i libanesisk politikk ein del av planen til generalsekretær Dag Hammarskjöld. Då var det naturleg for generalsekretæren og sende sine menn i Libanon i møte med libanesiske politikarar for å hjelpa til med å skapa ei endring som på sikt kunne få ein ende på krisa. Gruppa hadde mange møter med Chamoun, Chehab og

Eisenhower Library, Whitman File, Eisenhower Diaries. Glennon & Smith 1992, side 214, dokument 124.

³⁸⁷ *Memorandum of a Conference With the President, White House, Washington, July 14, 1958-2:35 p.m.* Top Secret. I

Eisenhower Library, Whitman File, Eisenhower Diaries. Glennon & Smith 1992, side 216. dokument 127.

³⁸⁸ S/4050/rev.1, 17. juli 1958. *United States of America; Revised draft resolution*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁸⁹ S/PV.837, 22. juli 1958, side 8, §35-6, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

³⁹⁰ Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Onsdag 16. juli 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL

³⁹¹ S/4023, 11. juni 1958. *Resolution adopted by the Security Council at its 825th meeting on 11th June 1958*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

leiarar frå opposisjonen der dei tydeleg ytra personlege meiningar om kva utvikling som var ynskjeleg. Mellom anna skriv Dayal i sjølvbiografien sin at han ved fleire høver hadde vitja Chehab:

(...) to try and persuade him to forsake his soldierly scruples and, as a matter of patriotic duty, save his country from worse perils by agreeing to stand for election to the Presidency.³⁹²

Likeins fortel Bull om møter med admiral Holloway og den amerikanske ambassadøren der utviklinga i Libanon vart diskutert.³⁹³



Bilete 4: Observasjonspost i nærleiken av Tripoli. Foto: Tor Hoff.

³⁹² Dayal 1998, side 381.

³⁹³ Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Søndag 20. juli 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL

Kapittel 5: Krisa vert løyst

*Jumblatt chanting in Vedic hymns,
By fierce Druzes surrounded,
The Army would not venture near,
The government was confounded.*

*In Tripoli and in Saida too,
Loud was the noise of battle,
It was heard for days on end,
The din of machine gun rattle.³⁹⁴*

Innleiing

Den amerikanske intervensjonen endra krisa fullstendig og for FN gjekk krisa over i ein ny fase. Intervensjon i regi av UAR var det nesten slutt på og dei fleste i den libanesiske opposisjonen såg fram til valet på ny president. Den nye presidenten måtte følgja ei kompromisslinje for å lukkast med å få ein ende på krisa internt i landet. Eit av dei store problema i så måte var 15000 amerikanske marinesoldatar sitt nærvere.

Krisa kjem til å gå mot ei løysing i dette kapittelet og avhandlinga tek føre seg valet på ny president, korleis FN si Generalforsamling kom fram til ein resolusjon og kva innverknad denne fekk for rolla til FN i Libanon.

Presidentval –generalen som ikkje ville vera politikar

Kandidatar, kven høvar best?

I følgje den libanesiske grunnlova skal nasjonalforsamlinga velja ein ny president kvart sjette år, normalt i slutten av juli og i 1958 vart datoen sett til 24. juli. Som avhandlinga allereie har synt var det nett usemje knytt til dette valet som vert ståande att som ein av dei viktigaste faktorene til at krisa i Libanon braut ut. Ynskje til Chamoun om å stilla til attval var i strid med grunnlova og på ingen måte i samsvar med interessene til opposisjonen.³⁹⁵ Men, den 9. juli gjekk Chamoun ut og medelte ovanfor pressa at han ikkje ville stille til attval.³⁹⁶ Dermed

³⁹⁴ Dikt funnen i både Dag Hammarskjöld og Odd Bull sine private arkiv. Hammarskjöld fekk det tilsendt av Dayal som òg gjev inntrykk av å vera forfattaren. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958, Correspondance, L179:105

³⁹⁵ Salibi 1964, side 168.

³⁹⁶ *The Times (London)*, "Mr. Chamoun to leave Presidency", 9. juli 1958.

hadde han følgt opp hovudkravet frå opposisjonen, men det var ikkje nok for å få ein ende på krisa; opposisjonen akta å kjempa heilt til president Chamoun gjekk av som president. I følgje The Times sin korrespondent i Beirut rekna opposisjonen Chamoun som ein diktator, dominert av utanlandske krefter, dessutan var dei engstelege for at Chamoun skulle utnemna ein av sine egne som president.³⁹⁷

Åtte månadar før valet, hadde ikkje amerikanarane nokon særskild favorittkandidat.³⁹⁸ For amerikanarane var det viktigast at den komande presidenten haldt fram med ei politisk linje som var venleg ovanfor vesten og hadde brei støtte i folket.³⁹⁹ Då Chamoun informerte amerikanarane om at han hadde planar om å stille som presidentkandidat støtta amerikanarane dette, men utover sommaren vart situasjonen i Libanon verre, og for USA vart det vanskeleg å støtta Chamoun sin plan om attval sidan presidenten sleit med oppslutnaden hjå folket

I augo til den avtroppande presidenten var det i vekene før intervensjonen berre general Chehab som var i stand til å vinne nok stemmer i nasjonalforsamlinga. Dette var trass i at Chamoun var sær s lite nøgd med korleis general Chehab hadde handtert krisa, og særskild at generalen fleire gonger hadde nekta å utføre ordre om å kjempe mot opposisjonen.⁴⁰⁰

Den amerikanske diplomaten Robert Murphy vart sendt som ein særskild politisk utsending til Libanon for å skipa betre relasjonar mellom amerikanske diplomatar og militære og deira respektive libanesiske motpartar. Etter nokre dagar sendte Murphy ein rapport heim til det amerikanske utanriksdepartementet der han forklarte korleis han oppfatta situasjonen og korleis amerikanarane burde gå fram for å løyse krisa. Murphy vurderte at den amerikanske intervensjonen aleine ikkje kunne betra situasjonen generelt i regionen og heller ikkje hadde ført til noko fundamental endring i det libanesiske politiske klimaet. Når det gjaldt førehandsvona om at amerikanske marinesoldatar skulle avlasta den libanesiske hæren i Beirut, slik at general Chehab kunne sloss mot opposisjonen i andre delar av landet, var i følgje Murphy langt frå røynda. Chehab var ikkje i stand til å utføra noko større aksjon grunna frykta for splitting i egne rekker.⁴⁰¹

Valet av ein ny president burde gjennomførast i samsvar med den libanesiske grunnlova

³⁹⁷ *The Times (London)*, "Determination to oust President", 10. juli 1958.

³⁹⁸ Eveland 1980, side 267.

³⁹⁹ *Memorandum From the Officer in charge of Lebanon-Syria Affairs (Waggoner) to the director of the Office of Near Eastern Affairs (Rockwell). Washington, January 17, 1958.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/1-1758. Glennon & Smith 1992, side 5-7, dokument 3.

⁴⁰⁰ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. July 10, 1958-8 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1058. Glennon & Smith 1992, side 204-5, dokument 119.

⁴⁰¹ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. Eyes only Secretary from Murphy. July 19, 1958-5 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-1958. Glennon & Smith 1992, side 333, Dokument 197.

og Murphy meinte at dette ville redusere dei fiendtlege aktivitetane til opposisjonen.⁴⁰² Denne linja vart godteken av det amerikanske utanriksdepartementet og Murphy byrja arbeidet med å leggja til rette for presidentval. Gjennom møter med opprørsleiarane Kamal Joumblatt, Rachid Karamé og Saëb Salam hevdar Murphy i sjølvbiografien sin at han fekk forklart at amerikanarane berre hadde venlege intensjonar i Libanon, og det viktigast var å få velt ein ny president. Opposisjonen mistenkte USA for å ynskja å setja inn ein president som var venleg mot vesten, men Murphy meinte han vann forståing hjå opposisjonen. Nedgang i skytinga retta mot marinesoldatane etter desse møta tolka Murphy som ei stadfesting på at opposisjonen hadde skjønna intensjonane til amerikanarane.⁴⁰³ Under dei same møta fekk Murphy eit inntrykk av at alle libanesiske politikarar, uavhengig av om dei var i posisjon eller opposisjon, var oppteken av at valet måtte arrangerast snarast råd.⁴⁰⁴ Ovanfor Galo Plaza ytra Murphy den 19. juli at han ville søkja ein provestleg løysing på problema i Libanon. Plaza svara at dersom den nye presidenten ikkje vart eit resultat av eit internt kompromiss mellom regjeringa og opposisjonen, måtte dei amerikanske marinesoldatane førebu seg på å eit seks år langt opphald i Libanon.⁴⁰⁵

Trass i at dei fleste var samd i at valet burde arrangerast snarast råd vart valet utsett til den 31. juli av presidenten i nasjonalforsamlinga, Adel Osseiran, då det synte seg vanskeleg å samle alle representantane. Den sitjande regjeringa hadde utskrive arrestordre på fem representantar,⁴⁰⁶ men no, etter ordre frå Chamoun, måtte Osseiran ordne med immunitet.⁴⁰⁷

Fleire presidentkandidatar vart fremja, mellom anna tidligare president Béchara el-Khoury, Salim Lahoud, den uavhengige Raymond Eddé og general Chehab.⁴⁰⁸ Det vart etter kvart klårt at general Chehab var den einaste kandidaten som kunne nå ein viss grad av konsensus både hjå opposisjonen og hjå støttespelarane til Chamoun.⁴⁰⁹ Allereie under generalsekretær Hammarskjöld si vitjing til Beirut den 25. juni, fortalte Plaza at Joumblatt

⁴⁰² Ibid., side 344.

⁴⁰³ Murphy 1964, side 451-3.

⁴⁰⁴ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. Eyes only, Secretary from Murphy. July 24, 1958-4 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 110.13-MU/7-2458 Glennon & Smith 1992, side 386-9, dokument 227.

⁴⁰⁵ UNOGIL 422, 19. juli 1958. *Telegram frå Galo Plaza til Generalsekretæren.* I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴⁰⁶ Qubain 1964, side 155-6.

⁴⁰⁷ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. Secretary from Murphy. July 28, 1958-6 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-2858. Glennon & Smith 1992, side 407-8, dokument 239.

⁴⁰⁸ *Bishar el-Khoury*; maronitt og president i Libanon frå 1943 til 1952 då Chamoun stod i bresjen for å kasta han. Under krisa i 1958 var han med i Nasjonalfronten i opposisjon til Chamoun. *Salim Lahoud*; maronittisk politikar som sat i fleire regjeringar, både før og etter krisa som representant for Chamoun sitt parti. *Raymond Eddé*; ikkje medlem av opposisjonen og rekna som nærast nøytral under krisa.

⁴⁰⁹ J.Nr 018307/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 26. juli 1958*, side 2. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

ville støtte general Chehab som presidentkandidat.⁴¹⁰ *Chargé d'affaires* Leif Edwardsen fekk stadfesta frå opposisjonsleiar Saëb Salam den 24. juli at general Chehab framleis hadde opposisjonen sin utvitydige respekt og tillit.⁴¹¹ Odd Bull fekk liknande stadfestingar den 15. juli frå opposisjonsleiar Hamadé som haldt til nord for Tripoli. Bull skriv at opposisjonsleiarane var lei av krigshandlingane og ville støtte opp under valet den 24. juli.⁴¹²

General Chehab sjølv var i utgangspunktet skeptisk til å stille som president. Etter at Chehab vart sjef for hæren i slutten av juli 1945 hadde han utvikla hæren til å verta den einaste nøytrale statlege institusjonen i Libanon, noko Chehab synte gjennom handteringa av krisa i 1958, men òg i 1952 då Chehab nekta å gå til åtak på opposisjonen etter ordre frå dåverande president el-Khoury.⁴¹³ I følgje *Chargé d'affaires* Leif Edwardsen var det med jamne mellomrom i byrjinga av krisa rykte om at Chehab kom til å ta over makta. ”Om han gjoer det, er det ikkje av maktsyke eller av lignende beveggrunner, men fordi han vil mene at den historiske utvikling tilskynder ham det.”⁴¹⁴ Den same haldninga synte Chehab ovanfor Bull i eit møte den 27 juni då Chehab ytra at han helst ville halde seg nøytral, men kunne stille til presidentval, for landet si skuld.⁴¹⁵ Trass i at Chehab ikkje var den mest provestlege kandidaten stod han fram som den beste høveleg kandidaten og det vart lagt eit massivt press frå alle hald på Chehab om at han burde stilla til val.

Den 28. juli vart det klart at Chehab ville stilla til val som presidentkandidat i Libanon,⁴¹⁶ og at den vakleворne president Chamoun ville gje si støtte.⁴¹⁷ Chehab og president Chamoun byrja arbeidet med å overtala representantane i nasjonalforsamlinga, høvesvis opposisjonen og dei lojale, om at dei måtte støtta kandidaturet til Chehab. Då Chamoun presenterte Chehab som presidentkandidat føre ei gruppe loyalistar om morgonen den 30. juli, vart han møtt med stor usemje. Chehab var kalla for ein svekling og at han eigentleg var amerikanarane sin representant. Chamoun svara at dersom representantane ikkje følgde rådet og stemde på

⁴¹⁰ *Memorandum og ymse notat. Skriven av Hammarskjöld. Dato ukjend, men etter all sannsyn mellom den 24. til 26. juni.* Secret. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:104.

⁴¹¹ J.Nr 02901/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 26. juli 1958,* side 1. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

⁴¹² Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Tysdag 15. juli 1958.* I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.

⁴¹³ Qubain 1964, side 24.

⁴¹⁴ J.Nr 02491/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 2 juli 1959-* 17:00, side 3. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

⁴¹⁵ Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Fredag 27. juni 1958.* I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.

⁴¹⁶ UNOGIL 508, 28. juli 1958. *Telegram frå Odd Bull til Generalsekretæren.* Top Secret. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴¹⁷ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. Secretary from Murphy. July 28, 1958-6 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-2858. Glennon & Smith 1992, side 407-8, dokument 239.

Chehab ville han trekkja seg som president før perioden var over. Dette ultimatumet sikra Chehab støtte hjå storparten av loyalistane til Chamoun.⁴¹⁸ Chehab hadde møter med Kamal Joumblatt, Rachid Karamé og andre frå opposisjonen og fekk arbeida fram eit kompromiss der Chamoun fekk høve til å sitja som president ute heile den eigentlege perioden og kravet om endefram attendetrekking av amerikanske soldatar vart trekt attende.⁴¹⁹

Valet

På sjølve valdagen den 31. juli reiste Robert Murphy til Jordan for å gje eit inntrykk av at USA ikkje hadde tvinga gjennom ein særskild presidentkandidat.⁴²⁰ Det er klart at USA helst ville ha ein president som kunne føre vidare den utanrikspolitiske linja til Chamoun, noko dei òg ytra ovanfor Chamoun i byrjinga av krise.⁴²¹ Når det til slutt vart tid for val av ein høveleg kandidat ser ein i dokumenta frå det amerikanske utanriksdepartementet at amerikanarane heller var interessert i å støtte ein kandidat som var i stand til å skape stabilitet i landet, sjølv om kandidaten ikkje vart rekna som ein god ven av vesten og USA. I eit telegram til utanriksminister Dulles synte Ambassadør McClintock til ein stamtale med Charles Malik den 30. juli.

I then pointed out that in all objectivity situation of Lebanon Government had not changed since insurrection commenced on May 8: The Government was powerless to enforce its decisions. It depended for its instrument of force upon the Lebanese military and general Chehab.⁴²²

Dermed var det berre ein kandidat som var i stand til å utretta noko, altså general Fuad Chehab. Chehab var populær hjå både opposisjonen og delar av posisjonen, nettopp for måten hæren hadde halde seg nøytral på.⁴²³ Gruppa meinte òg at general Chehab var den beste kandidaten, dei sendte jamvel eit gratulasjonstelegram.⁴²⁴ *Chargés d'affaires* Leif Edwardsen, Dayal og general Odd Bull var samt i at Chehab som president var den beste løysinga på krise

⁴¹⁸ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. July 30, 1958-9 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-3058. Glennon & Smith 1992, side 411-12, dokument 242.

⁴¹⁹ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. Secretary from Murphy. July 30, 1958-6 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-3058. Glennon & Smith 1992, side 407-8, dokument 239.

⁴²⁰ *Telegram From the Department of State to the Embassy in Lebanon. For Murphy. July 25, 1958-10:38 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-3058. Glennon & Smith 1992, side 400-1, dokument 234.

⁴²¹ *Telegram From the Department of State to the Embassy in Lebanon. June 29, 1958-11:25 a.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-2858. Glennon & Smith 1992, side 185, dokument 111.

⁴²² *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. July 30, 1958-9 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-3058. Glennon & Smith 1992, side 411-12, dokument 242.

⁴²³ Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Fredag den 18. juli 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL

⁴²⁴ UNOGIL 545, 31. juli 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

i Libanon.⁴²⁵

Under valet stilte den libanesiske hæren opp mannsterke i gatene i Beirut for å halde ro og orden. Korrespondent til Times Magazine i Beirut fortel om merkverdige scenar utanfor nasjonalforsamlinga i Beirut:

The Eagle-beaked boss of Baalbek's rebels [Sabri Hamadé] strode up to the Foreign Minister Charles Malik, target of the most savage opposition attacks, and with a big smile, shook hands. In trooped other rebels, all wanted by the cops, to be greeted with handshakes, wisecracks and even embraces by some of their erstwhile bitter enemies. Of the 66 members, only ten were missing.⁴²⁶

Chehab og Raymond Eddé stod att som einaste kandidatar i valet. For å vinne måtte ein kandidat vinna to tredjedelar av stemmene, og etter at stemmene frå den fyrste runden var talt opp mangla Chehab ei stemme for å vinne. Den andre og endeleg runden enda med 48 stemmer til Chehab, sju til Eddé og ei blank.⁴²⁷ Dermed kunne Chehab førebu seg på å overta makta den 24. september.

Ein ny runde i FN

Den andre rapporten frå UNOGIL

Den 26. juli sendte UNOGIL den andre rapporten til generalsekretæren som omhandla perioden frå 2. til 15. juli. Gruppa konkluderte: "It is clear that it [smugling av våpen] cannot be on anything more than a limited scale, and is largely confined to small arms and ammunition."⁴²⁸ Gruppa meinte at avgrensa intervensjon var noko ein måtte rekna med under borgarkrigsliknande tilhøve. Dessutan hadde observatørane ikkje vore i stand til å stadfesta om nokon hadde teke seg over grensa for å slåss, og Gruppa avsluttar med at observasjonane som vert omtale i rapporten speglar alle hendingar observatørane rekna som signifikant i høve deira oppdrag. "The observations therefore accurately reflect the situation in regard to the questions of the 'illegal infiltration of personnel or smuggling of arms of other materiel across the Lebanese borders'"⁴²⁹

⁴²⁵ Dayal 1997, side 381; J.Nr 018307/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 26. juli 1959*, side 2. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303; *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Side 6. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

⁴²⁶ *Time, The Weekly Newsmagazine*, "Lebanon: A Vote for Peace", 11. august 1958.

⁴²⁷ Qubain 1964, side 156

⁴²⁸ S/4069, 30. juli 1958. *Second Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*, §62, side 21. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴²⁹ S/4069, 30. juli 1958. *Second Report of the United Nations Observation Group in Lebanon*, §66, side 22. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

Leif Edwardsen har oppsiktsvekkjande ytringar i eit telegram til utanriksdepartementet i Oslo med omsyn til konklusjonen i den andre rapporten.

Det mest forbloeffende ved rapporten er jo dens konklusjon. Denne avviker fullstendig fra den nærmest enstemmige oppfatning innen corps diplomatique i Beirut, fra allmenn libanesisk opinion og hva verre er, fra flertallsopinionen blant de militære observatoerer! Dette kan hoeres sterkt ut, men jeg tror det er dekning for det.⁴³⁰

Edwardsen held fram med å syna til samtalar med observatørar.

Flere av de mest erfarne militære observatoerer her har nærmest gitt inntrykk av at Gruppen har gjort hva den har kunnet for aa bevise at der ikkje fantes infiltrasjon. De mener at de selv har sett og hoert saa meget at helt andre konklusjonar enn Gruppens kunne vaert trukket.⁴³¹

Desse kommentarane frå Edwardsen setter arbeidet til Gruppa i eit dårleg lys. Dette er fyrste gong Edwardsen kritiserar Gruppa i rapportane til Utanriksdepartementet, men det er klårt at han ha ein heilt annan oppfatning av mengda av våpen som vert smugla inn. At rapporten til UNOGIL ikkje var i samsvar med ”allmenn libanesisk opinion” er ikkje sjokkerande, men at Edwardsen baserar oppfatinga si på ”flertallsopinionen blant de militære observatoerer” er merkeleg sidan korkje Dayal eller Bull rapporterar om usemje mellom Gruppa og fleirtaler av observatørane når det kom til konklusjonen.

Den andre rapporten kom til å verta ivrig nytta i det komande møte i Generalforsamlinga i FN, men som debatten syner nytta alle representantane rapporten frå UNOGIL, uavhengig av kven dei støtta.

Tryggingrådet

Den 5. august kalla den sovjetiske representanten til FN, Sergei Lvovich Sobolev, Tryggingrådet saman for å drøfte eit sovjetiske forslaget om å kalla saman Generalforsamlinga i ei ekstraordinær særskild samling for å drøfte kravet om attendetrekking av amerikanske soldatar frå Libanon.⁴³² To dagar etter vart Tryggingrådet samla og Sobolev la fram ei lang argumentasjonsrekkje for at USA måtte trekkja seg ut i frå Libanon. Sobolev peika på den andre rapporten frå UNOGIL og deira konklusjon:

In no case have United Nations observers, who have been vigilantly patrolling the opposition held areas

⁴³⁰ J.Nr 02906/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 28 juli 1958*, side 1. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

⁴³¹ *Ibid.*, side 2.

⁴³² S/4078, 5. august 1958. *Letter dated 5 August 1958 from the representative of the USSR addressed to the president of the Security Council*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

and have frequently observed the armed bands there, been able to detect the presence of persons who indubitably entered from across the border for the purpose of fighting.⁴³³

Den andre rapporten vert referert til av alle representantar og alle nytta rapporten for å byggje opp under eigne argument, avhengig om dei støtta den amerikanske intervensjonen eller ei; Loufti frå UAR tolka rapporten i retninga av at UNOGIL hadde lukkast med å observere grensa,⁴³⁴ medan den libanesiske representanten, Azkoul, meinte at observatørane ikkje hadde observert infiltrasjon då UNOGIL anten hadde hatt førebyggjande effekt, eller, ikkje kunne stadfesta infiltrasjon då infiltratørane opererte i skjul for observatørane ikkje.⁴³⁵

Etter nokre timar med diskusjon der representantane frå stormaktene var ueinige om plassering av komma og formuleringar, vart Tryggingrådet einige om å overføre handteringa av krisa i Midtausten til Generalforsamlinga den 8. august.⁴³⁶

Generalforsamlinga

Sobolev starta med eit åtak på USA og skulda dei for drive aggressiv framferd i Libanon, men han hadde von for at Generalforsamlinga ville finne ei løysing ved å fjerna trusselen som Sobolev meinte at USA utgjorde for fred i både Midtausten og verda.⁴³⁷ Lodge svara at det heile tida hadde vore intensjonen til USA å trekkja attende soldatane anten når den libanesiske regjeringa kravde det, eller når FN var i stand til å verna om sjølvstende til Libanon.⁴³⁸

For amerikanarane var situasjonen i Libanon særskild. Presidenten som hadde insistert på militær intervensjon var på veg ut av presidentpalasset, erstatta av general Fuad Chehab som i utgangspunktet var sær negativ til intervensjonen. Haldninga som Chehab hadde til amerikanarane hadde derimot endra seg og på valdagen fortalde han den amerikanske ambassadøren at han ikkje ville setja eit krav om beinveges attendetrekking.⁴³⁹

I Generalforsamlinga ytra generalsekretær Dag Hammarskjöld at ein gjerne kunne skipa FN-organisasjonar av same lest som UNEF og UNTSO, men når alt kom til alt var det berre

⁴³³ S/PV.838, 7. august 1958, side 7, §28, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10) For UNOGIL sin rapport, sjå: S/4069, 30. juli 1958. *Second report of the United Nations Observation Group in Lebanon*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴³⁴ S/PV.838, 7. august 1958, side 26, §130, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴³⁵ *Ibid.*, side 23, §111, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴³⁶ Dersom Tryggingrådet ikkje klarer å finne ei løysing på ein konflikt eller hending som utgjer ein trussel mot fred og tryggleik skal FN si Generalforsamling samlast i eit ekstraordinært, særskild møte. Sjå Petersen 1959.-

⁴³⁷ A/PV.732, 8. august 1958, side 3, §22-5, *Third Emergency Special Session*, Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴³⁸ *Ibid.*, side 3, §28.

⁴³⁹ *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut July 31, 1958-9 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-3158. Glennon & Smith 1992, side 415-6, dokument 244.

dei einskilde statane og deira politikk som kunne tryggja freden i regionen.⁴⁴⁰ Slik gav Hammarskjöld ein invitasjon til dei arabiske landa om å ta initiativet og gå saman om å tryggja freden og integriteten til kvart einskilde land. I mappa til Dag Hammarskjöld frå tida då Generalforsamlinga diskuterte krisa i Libanon finn ein mange dokument frå *Asian-African Conference* frå 1955,⁴⁴¹ og det tydeleg at generalsekretæren var inspirert av denne konferansen. Fokuset på økonomisk og kulturelt samarbeid samstundes som landa skulle stå saman mot imperialisme og innverknaden frå stormaktene, finn ein både i konferansen i 1955 og i talen til Hammarskjöld føre Generalforsamlinga i 1958.

Etter nokre dagar med pause for å gje medlemslanda i FN høve til å granska og diskutera situasjonen med sine respektive heimland, gjekk president Eisenhower opp på talarstolen og tok opp att linja til Hammarskjöld om arabisk samarbeid. Eisenhower fremja ein ide om ein regional institusjon som skulle arbeida for regional utvikling på alle plan basert på respekt for integriteten og sjølvstende til kvar einskilde nasjon. Saman med ein uttrykkingstyrke leia av FN skulle dette arabiske samarbeidet vere eit verkty for fred i Midtausten.⁴⁴² Utanriksminister Andrei Gromyko frå Sovjetunionen svara at økonomisk utvikling var noko alle ynskte, men det viktige var å få amerikanske soldatar i Libanon til å trekkja seg ut.⁴⁴³ Vidare fremja han eit forslag til resolusjon som kravde endefram attendetrekking av USA og oppbyggjing av UNOGIL.⁴⁴⁴

Det "norske" resolusjonsforslaget

Resolusjonsforslag til Sovjetunionen var ikkje tåleleg for USA og dermed sette amerikanarane i gong eit stort diplomatisk press for å finna ei anna løysing. Den 12. august møttes Dulles og Gromyko på kontoret til sovjetarane i FN-byggingen. Gromyko gjorde det klart at USA måtte trekkja seg ut endeframt, og dersom dette var intensjonen til USA, ville han ha klarleik i kva som stod i vegen for evakuering av marinesoldatane. Dulles svara at UNOGIL måtte endra karakter og ein måtte få klarleik i kva som var intensjonane til UAR:

If there were assurance from Lebanon's neighbours and the character of the Observer Group

⁴⁴⁰ A/PV.732, *Third Emergency Special Session*. §39, side 4, 8. august 1958, Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴⁴¹ *Asian-African Conference* vart arrangert i Bandung (Indonesia) i april 1955 og vert reka som eit viktig steg mot skipinga av *Non-Aligned* rørsle.

⁴⁴² A/PV.733, 13. august 1958, side 9-10, §42-46, *Third Emergency Special Session*, Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴⁴³ *Ibid.*, side 15, §111-2.

⁴⁴⁴ *Ibid.*, side 16-6, §119.

strengthened, the resulting situation would permit our withdrawal.⁴⁴⁵

Dermed hadde USA og Sovjetunionen teke nokre viktige skritt mot ei dugande løysing basert på hinta til generalsekretær Dag Hammarskjöld i talen den 8. august om at den viktigaste faktoren for ei løysing var instillinga til landa som var innblanda.

Dulles tok kontakt med Hans Engen den 14. august og spurde om ikkje Noreg kunne leia ei gruppe land som saman kunne fremja ei resolusjon basert på faktorane Dulles hadde presentert for Gromyko; byggja ut UNOGIL og få UAR til å avstå frå infiltrasjon og innblanding i interne tilhøve i Libanon.⁴⁴⁶ Saman med representantane frå Canada, Colombia, Danmark, Liberia, Panama og Paraguay presenterte Engen eit kompromissforslag der alle medlemstatar skulle stadfesta at dei ville avstå frå handlingar som kunne undergrava fridommen og integriteten til andre statar og at alle medlemstatar måtte sjå til at dette vart overhaldt i Midtausten. Vidare bad resolusjonen generalsekretæren om å sjå til at Charteret vert følgt i Libanon, då med tanke på sjølvstende og integritet, slik at amerikanske soldatar vart trekt ut i samsvar med brevet frå den amerikanske utanriksministeren den 18. august.⁴⁴⁷ I det nemnte brevet som var adressert til Generalforsamlinga skreiv utanriksminister Dulles, at amerikanske soldatar skulle verta trekt attende så snart den libanesiske regjeringa bad om det eller når deira nærvere ikkje var naudsynt som eit resultat av FN, eller andre, sine handlingar.⁴⁴⁸

Dag Hammarskjöld hadde ei viktig rolle i formuleringa av den norske resolusjonsforslaget. I følgje Biografien til Brian Urquhart om Hammarskjöld hadde Hans Engen og Hammarskjöld middag saman den 17. august samstundes som dei arbeidde med forslaget. Etter middag gjekk dei to skandinavane i teateret, men i drosjebilen mista dei forslaget til resolusjon. Hammarskjöld rekonstruerte forslaget på eige hand då han returnerte til husværet seinare på kvelden.⁴⁴⁹ Det er tydeleg at Hammarskjöld hadde store forventningar til det norske resolusjonsforslaget, for i eit brev til utanriksminister Mahmoud Fawzi den 18. august, skriv Hammarskjöld at forslaget er viktig, og dersom det ikkje gjekk gjennom i Generalforsamlinga visste ikkje generalsekretæren korleis det heile skulle ende.⁴⁵⁰

⁴⁴⁵ *Memorandum of a Conversation, Dulles With Gromyko, New York, August 12, 1958.* Secret. I arkivet etter Department of State, Conference Files: Lot 63 D 123, CF 1087. Glennon & Smith 1992, side 466, dokument 268.

⁴⁴⁶ *Memorandum of a Conversation, Dulles with Engen, New York, August 14, 1958.* Secret. I arkivet etter Department of State, Conference Files: Lot 63 D 123, CF 1087. Glennon & Smith 1992, side 474, fotnote 3.

⁴⁴⁷ Qubain 1964, side 265-6.

⁴⁴⁸ A/PV.741, 19. august 1958. *Third Emergency Special Session. UN Headquarters New York.* Side 15-21. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, Third Emergency Special Session General Assembly, L179:102.

⁴⁴⁹ Urquhart 1973, side 290

⁴⁵⁰ *Brev frå Generalsekretær Hammarskjöld til utanriksminister Fawzi.* 18. august 1958. I KBSt Dag Hammarskjölds

*Det arabiske resolusjonsforslaget: "The Good Neighbor Resolution."*⁴⁵¹

Parallelt føregjekk det eit aktiv arbeid med å få UAR til å avstå frå å infiltrere. Dulles og Lodge hadde eit møte med utanriksminister Fawzi den 18. august, det fyrste møte mellom USA og UAR sidan Suezkrisa. Fawzi meinte at det norske forslaget ikkje var tydeleg nok når det gjaldt attendetrekking av marinesoldatane fordi resolusjonen opna for implisert godkjenning av amerikansk intervensjon. Forsterkinga av UNOGIL var UAR derimot veldig positive til og UAR "(...) will offer friendly advice to Lebanon to calm the situation down, particularly after Chehab is in."⁴⁵² Dulles ville ha ei stadfesting frå UAR om at dei ville halda seg vekk frå libanesisk politikk og at dette var avgjerande for at USA kunne trekkja seg raskt ut. Dersom UAR heldt seg vekk og UNOGIL vart bygd ut raskt, meinte Dulles at marinesoldatane kunne vere på veg ut innan den 30. september. Fawzi svara at UAR ynskte ingenting i Libanon, men han meinte at ein ny resolusjon var den beste løysinga.⁴⁵³

Slik vart ideen om ein resolusjon skriven av dei arabiske statane fødd. Den amerikanske delegasjonen til FN hadde fleire møter representantar frå Libanon, Jordan og UAR om ordlyden i resolusjonen.⁴⁵⁴

Dermed var det to resolusjonar som låg føre Generalforsamlinga i dte siste møte den 21. august. Etter at representanten frå Sudan, Mahgoub, hadde fremja den arabiske resolusjonen ytra Hans Engen at den arabiske resolusjonen var ei signifikant og særskilt velkomen utvikling. Difor annonserte han at sjølv om den norske resolusjonen skulle fyrst til avstemminga, ville Noreg og støttespelarane bak den norske resolusjonen gje det arabiske forslaget førerretten til avstemming.⁴⁵⁵

Den arabiske resolusjonen vart støtta av Irak, Jordan, Libanon, Libya, Marokko, Saudi Arabia, Sudan, Tunisia, UAR og Jemen. Då Mahgoub presenterte resolusjonen omtala han resolusjonen som "(...) the beginning of a glorious future."⁴⁵⁶ Resolusjonen var mykje lik på det norske forslaget, men la meir vekt på relasjonen mellom dei arabiske landa. Samhandling mellom statane representert i Den arabiske liga skulle tona ned den internasjonale spenninga

samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10. - July 20. L179:104.

⁴⁵¹ Forslaget til resolusjon fekk hadde dette tilnamnet i samtida. Reedman 1959. "Recent United Nations Activities in the Middle East" *Middle East Report 1959*.

⁴⁵² *Memorandum of a Conversation, Dulles and Lodge with Fawzi, New York, August 18, 1958*. Confidential. I arkivet etter Department of State, Conference Files: Lot 63 D 123, CF 1097. Glennon & Smith 1992, side 492, dokument 279.

⁴⁵³ *Ibid.*, side 495.

⁴⁵⁴ A/3876, 18. august 1958. *Letter from the Secretary of State of America [Dulles] adressed to the President of the General Assembly*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, Third Emergency Special Session General Assembly, L179:102.

⁴⁵⁵ A/PV.746, august 1958, side 17, §18-20, *Third Emergency Special Session*, Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴⁵⁶ *Ibid.*, side 17, §15.

og dei arabiske landa skulle fornya forsikringane om å respektera styresette til kvarande og avstå frå handlingar, som var meint for å endre etablerte system eller regjeringar. Resolusjonen retta seg så mot alle medlemslanda i FN og bad dei om å respektere den territoriale integriteten til alle land og ikkje blanda seg inn i landa sine indre tilhøve. Til slutt omtala resolusjonen hendingane i Libanon og retta ein førespurnad til generalsekretæren om at han, saman med dei involverte statane, måtte finna adekvate løysingar slik at charteret til FN vart følgt, ”(...) and thereby facilitate the early withdrawal of the foreign troops from the two countries.”⁴⁵⁷

Resolusjonen vart teken godt i mot av nesten alle; Dulles meinte ein kunne vere vonefull for framtida på grunn av resolusjonen,⁴⁵⁸ Gromyko meinte resolusjonen var eit viktig steg på vegen for å minske spenninga i Midtausten,⁴⁵⁹ medan israellarane såg på resolusjonen med atterhald då dei ikkje såg nærare relasjonar mellom arabarlanda som gagneleg for den strategiske situasjonen til Israel.⁴⁶⁰

Libanon og UAR var saman om resolusjonen og det må reknast som ei positiv utvikling av relasjonen mellom dei to landa. Det var berre om lag to månadar sidan Libanon hadde skulda UAR for å intervensera i Libanon sin indre tilhøve føre Tryggingrådet og Den arabiske liga. Rett nok hadde det vore eit politisk skifte i Libanon, og sjølv om general Chehab ikkje overtok makta formelt før etter den 23. september, er det klart at han naut stor påverknadskraft allereie like etter valet. I høve debatten i Tryggingrådet i byrjinga av august sendte Chehab instruks til den lebanesiske representant i rådet, Azkoul, om at han ikkje måtte reisa spørsmålet om intervensjon i regi av UAR.⁴⁶¹ For Chehab var det viktig å syna at det no var ei ny politisk retning i Beirut. Den nye retninga kjem klårt fram i telegram frå Galo Plaza til Dag Hammarskjöld der han syner til Chehab sitt ynskje om forsoning:

If Lebanon's old position is stated in the Security Council it would clash violently with his appeasement policy vis-à-vis Nasser's UAR.⁴⁶²

Azkoul følgde tilrådinga frå general Chehab og ytra seg i eit mildare ordelag då han tala om

⁴⁵⁷ A/3905, *Resolutions adopted by the General Assembly during its Third Emergency Special Session from 8 to 21 August 1958*. Side 1, 1237 (ES-III) Questions considered by the Security Council at its 838th meeting on 7th August 1958. Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴⁵⁸ A/PV.746, 21. august 1958, side 173, §51, *Third Emergency Special Session*, Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴⁵⁹ *Press-Release USSR Mission to the United Nation. August 22 1958*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) July 22- December. L179:105.

⁴⁶⁰ A/PV.746, 21. august 1958, side 181, §155, *Third Emergency Special Session*, Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 13.05.10)

⁴⁶¹ UNOGIL 626, 8. august 1958. *Telegram frå Galo Plaza til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴⁶² *Ibid.*

UNOGIL og skulda ikkje UAR direkte for å driva intervensjon.⁴⁶³ Likeins var støtta som UAR gav til resolusjonen ein klår nedtrapping av konflikten då dei implisitt lova å ikkje har noko form for ambisjonar i Libanon.

Komande president Chehab nærma seg òg president Nasser indirekte gjennom Generalsekretær Hammarskjöld. I eit topp hemmeleg telegram vidareformidla Galo Plaza ein førespurnad frå Chehab:

President Chehab would appreciate action from you to influence President Nasser in connection with a need to withdraw from Lebanon particularly in Basta area Syrian and Egyptian elements.⁴⁶⁴

I følge Chehab utgjorde dei nemnte infiltratørane ein trussel, ikkje fordi talet på personar var så høgt, men fordi dei var særskild trenar i bomber og terrorisme. Same dag skreiv Hammarskjöld eit brev til president Nasser. Hammarskjöld skreiv at det var gode sjansar for at krisa var på veg mot ein ende og at alle måtte gje Chehab best mogleg utgangspunkt for å retta opp i ting. Hammarskjöld peika på at dette gjaldt særskild haldninga til nokre særskilde opposisjonsgrupper og nokre forstyrrende utanlandske element i Libanon.

I base myself on a general impression which, of course, may be mistaken. With this reservation I wish to add that I have in mind especially such specialists – I guess only a few – in bombing, mining and similar activities, who may be found, for example, in the Basta quarter, although not of Lebanese nationality. A quick withdrawal of such elements from the area would seem strongly indicated.⁴⁶⁵

Hammarskjöld nemner ikkje at førespurnaden kjem frå Chehab, men sjølv om Hammarskjöld hevdar å basera seg på “general impression” syner han til særskilde infiltratørar med trening som held til ein særskild stad. I den tredje rapporten frå UNOGIL rapporterte Grappa at natta til den 3. september vart det observert ein konvoi med åtte militære lastebilar med 240 uidentifiserte personar som køyrde i retning av Syria, eskortert av jeepar frå den libanesiske hæren. Grappa hadde ikkje fått svar frå offisielt libanesisk hald kva for eit følgje dette var, men dei hadde fått uoffisielle rapportar som stadfesta, at det var utlendingar frå delar av Beirut som var under opposisjonen sin kontroll som vart sendt ut.⁴⁶⁶ Om utskipinga av utanlandske opprørarar har direkte samband med førespurnaden frå Hammarskjöld til Nasser kan ein ikkje slå fast, men det syner i alle høver at UAR ynskte å

⁴⁶³ S/PV.838, 7. august, side 28, §126, *SCOR*, Tryggingrådet, <http://documents.un.org/>.

⁴⁶⁴ UNOGIL 629, 8. august 1958. *Telegram frå Galo Plaza til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴⁶⁵ *Brev frå Generalsekretær Hammarskjöld til president Nasser, 8. august 1958*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) July 22- dec. L179:105.

⁴⁶⁶ S/4100, 29. september 1958. *Fourth report of the United Nations Observation Group in Lebanon, §t 45, side 16*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

trekkja attende eigne innbyggjarar etter at situasjonen roa seg og landa i regionen vart einige om ein resolusjon.

Dag Hammarskjöld får initiativet

For tredje gong sommaren 1958 vart initiativet lagt i hendene til generalsekretær Dag Hammarskjöld. I motsetnad til den 21. juli då Tryggingsrådet ikkje klarte å einast om ein løysing og generalsekretæren tok initiativet, sat Hammarskjöld no med ein etter måten tydeleg resolusjon. Resolusjon frå den tredje ekstraordinære særskilde Generalforsamlinga påla alle nasjonar å syna respekt for kvarandre, implisitt at UAR ikkje skulle involvere seg i Libanon. Samstundes førespurde resolusjonen Hammarskjöld om å arbeida saman med dei involverte nasjonane og slik sørgja for at tilhøva var i samsvar med FN sitt Charter og slik leggja til rette for at attendetrekking av marinesoldatane.⁴⁶⁷

Innan den 30. september skulle generalsekretæren senda ein rapport til Generalforsamlinga om tilhøva i regionen og korleis resolusjonen vart implementert. Dette gav Hammarskjöld ein dryg månad til å utføre mandatet på. Denne tidsfristen vart sett for å gjera Sovjetunionen til lags, for utan ein tidsfrist ville Generalforsamlinga implisitt ha godteke amerikansk intervensjon, noko Sovjetunionen ikkje kunne gå med på. I eit brev til utanriksminister Mahmoud Fawzi skriv Hammarskjöld om forventningne til tida fram mot september, basert på indikasjonar frå USA:

(...)I feel, under these circumstances, sure that my report on 30 September will be a very positive one as to the time for the completion of withdrawals.⁴⁶⁸

Hammarskjöld skreiv vidare at grunna uroa som etter all sannsyn vil kome i ein kort periode etter at Chehab tok over makta den 23. september, kunne ein ikkje forventa at alle utanlandske soldatar hadde reist innan den 30. september.

Generalsekretæren kom til å arbeida på to plan for å løyse krisa, høvesvis gjennom internasjonal diplomati og lokalt i Libanon. I Libanon vart dette ei vidareføring av planane frå slutten av juli; forsterka UNOGIL og spreia observatørane utover heile landet. Dette skulle ha ein preventiv effekt på eventuell infiltrasjon og ikkje minst ha ein roande effekt på situasjonen

⁴⁶⁷ A/3905, Resolutions adopted by the General Assembly during its Third Emergency Special Session from 8 to 21 August 1958. Side 1, 1237 (ES-III) Questions considered by the Security Council at its 838th meeting on 7th August 1958. Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

⁴⁶⁸ Brev frå Hammarskjöld til Fawzi, 18. august 1958. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:105.

i Libanon.⁴⁶⁹ I ein samtale mellom den komande president Chehab, Galo Plaza og general Bull den 8. august, ytra Chehab fleire gonger "(...) that UNOGIL had been a great help in many ways; particularly it had calmed the local situation considerably, he was very grateful for its presence here."⁴⁷⁰ Difor var Hammarskjöld allereie klar over at UNOGIL hadde hatt ein god verknad i Libanon, så lokalt i Libanon var planen å føra vidare strategien med å ha observatørar spreidd rundt i landet.

Den 26. august byrja Hammarskjöld på ein to veker lang tur i Midtausten der han vitja Kairo, Amman, Baghdad og Beirut. Hovudfokuset låg på Amman⁴⁷¹ sidan situasjonen i Beirut, i følgje Chehab, hadde betra seg veldig mykje etter møtet i Generalforsamlinga i august.⁴⁷² Det siste stoppet var i Beirut frå den 9. til 12. september. Hammarskjöld skriv i eit memorandum at general Chehab og president Chamoun var oppsiktsvekkjande samde i korleis situasjonen skulle handterast. Når det gjaldt attendetrekking av marinesoldatane meinte Chamoun, at det måtte skje gradvis for ikkje å hissa opp dei kristne elementa medan Chehab meinte at USA burde trekkjast attende snarast råd etter at han sjølv hadde teke over makta. I staden meinte Chehab at ei forsterking av UNOGIL og generalen sin eigen plan for ei ny regjering ville vere nok til å pasifisere landet. Hammarskjöld konkluderte med at "As regards Lebanon, it seemed clear in current circumstances that an enlargement of UNOGIL would be sufficient for the purposes of the resolution."⁴⁷³

Konklusjonen til Hammarskjöld om korleis den arabiske resolusjonen skulle gjennomførast og dermed føra til ein ende på krisa, var ikkje så ulik generalsekretæren sin plan då han tok initiativet etter at Tryggingrådet feila den 21. juli. (jamfør delkapittel *Generalsekretær Dag Hammarskjöld tek initiativet* i kapittel 5.) For at USA skulle kunne trekkja seg ut og den politiske situasjonen i Libanon kunne verta normalisert, måtte UNOGIL forsterkast. Den 11. september låg planen for utvidinga klar. Den hadde Gruppa utarbeida i samråd med Hammarskjöld då han vitja Beirut i midten av september. Planen fortel at ferdig

⁴⁶⁹ UNOGIL 470, 2. august 1958. *Telegram frå Generalsekretæren til gruppa*. Top Secret, side 1. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴⁷⁰ *Møtereferat frå møte mellom Odd Bull, Plaza og Chehab, 8 august 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.UNOGIL 626, 8. august 1958. ; *Telegram frå Plaza til generalsekretæren*, side 2. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴⁷¹ Resolusjonen frå 21. august handla om både Libanon og Jordan. Jordan vart på denne tida rekna som ein veldig svak stat utan noko lovande framtid. Generalsekretær Hammarskjöld ynskte å plassere høgtstående FN representantar i dei arabiske hovudstadane for å oppretthalde kontakt på eit høgt nivå. Målet var at dette skulle minske sjansen for nye konflikhtar. For UAR og Irak var det utelukka med ein representant i deira respektive hovudstatar, medan i Amman vart det skipa eit FN-kontor med ein høgtstående representant som rapporterte direkte til generalsekretæren.

⁴⁷² *Telegram From the Embassy in Lebanon to the Department of State. July 24, 1958-3 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/8-2458. Glennon & Smith 1992, side 522-3, dokument 294.

⁴⁷³ *Notes on Secretary-general visit in Jordan, UAR, Irak and Lebanon. 27. august – 12. September 1958*. Side 10-11. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:105.

utbygd skulle UNOGIL telja 826 observatørar fordelt på 53 observasjonspostar, der 27 skal vera på eller rett ved grensa til Syria. Kvar post skulle ha tolv FN-observatørar og kvart av dei fem administrative områda skulle ha 31 FN-observatørar til fordeling og nytte der dei høva best.⁴⁷⁴

Beirut

Påtroppande President Chehab tek over makta

I Beirut var Chehab i gong med å konsolidere makta som komande president trass i at den formelle overtakinga ikkje ville skje før den 23. september. I følgje korrespondentar og Gruppa i Libanon returnerte livet i Beirut attende til det normale allereie dagen etter valet; jerndørene føre butikkane vart lyfta og handelen vakna til liv.⁴⁷⁵

Chehab gjekk inn i forhandlingar med opposisjonen og det var tydeleg at storparten av opposisjonsleiarane òg var interessert i å få ei ende på krisa. Den 4. august gav Rachid Karamé i Tripoli ordre om å leggje ned våpna,⁴⁷⁶ medan tre dagar etter opna den same opposisjonsleiaren vegen frå Tripoli og austover til grensa for ålmenn ferdsel.⁴⁷⁷

Trass i generelle forbetringar tok valden ein ny form. Kidnappingar, skyting og ran gjorde situasjonen uviss. I følgje Chehab og Bull var ikkje denne valden av ein politisk karakter. I staden var det ein konsekvens av over to månadar med streik, som hadde ført til at mange mista jobben og dermed var det mange desperate væpna menn som prøvde å brødfø familien sin ved å utføra ran og krevja lausepengar. Tradisjonelle stammefeidar hadde òg bløma opp i kjølvatnet av krisa.⁴⁷⁸ Difor vart det viktig å få landet på fote snarast råd. I denne prosessen vart opposisjonen særskild viktig og det vart lenge gjort freistnader på å forma ei mellombels regjering, då den sitjande statsminister Sami Solh hadde nekta å ta del i valet den 31. august og vart dermed heilt utan legitimitet.⁴⁷⁹ Ei mellombels regjering vart det aldri noko av og Chehab byrja heller å førebu den komande regjeringa. Chehab hadde tre prinsipp som

⁴⁷⁴ *Plan for Expansion of UNOGIL. 11. September 1958.* I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:105.

⁴⁷⁵ *The Times (London)*, "Crisis takes a holiday in Beirut. Rapidly returning confidence." 1. august. 1958; *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958.* Side 33. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

⁴⁷⁶ Qubain 1964, side 156

⁴⁷⁷ *Telegram from the embassy in Lebanon to the Department of State, August 7, 1958-11 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/8-758. Glennon & Smith 1992, side 438, dokument 259.

⁴⁷⁸ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958.* Side 33. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.; *Telegram from the embassy in Lebanon to the Department of State, August 15, 1958-4 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/8-758. Glennon & Smith 1992, side 478, dokument 274.

⁴⁷⁹ *The Times (London)*, "Crisis takes a holiday in Beirut. Rapidly returning confidence", 1. august 1958

politikarar som ville inn i regjeringa måtte halde seg til: nasjonal einskap, gjenoppretting av fred og hardt arbeid.⁴⁸⁰

Den 25. august arrangerte Sami Solh eit møte heime hjå seg sjølv i Basta-området i Beirut. Dei fleste opposisjonsleiarane møtte fram og saman presenterte dei ein plattform med fire punkt: 1) general Chehab burde få USA til å trekkja seg ut endeframt. 2) generalen si fyrste regjering måtte vera bygd opp av folk frå opposisjonen. 3) UNOGIL burde òg trekkjast ut endeframt. 4) streiken skulle halda fram grunna president Chamoun sitt krav om å sitja som president fram til den 23. september. Opposisjonsleiarane ytra òg at Rachid Karamé burde leie den fyrste regjeringa under Chehab.⁴⁸¹

Dagen etter hadde general Chehab invitert opposisjonen til eit møte. I følgje den amerikanske ambassadøren var Chehab svært hissig då han tok i mot Rachid Karamé, Abdullah Yafi, Sabri Hamadé og Kamal Joumblatt. Chehab hadde ynskja ein stadfesting frå opposisjonen om at streiken skulle enda og våpna leggjast ned, i staden fekk han presentert dei fire punkta. Generalen meinte at dette ikkje var konstruktivt og berre ville gje ammunisjon til kristne loyalistar, som ynskte å hemna seg på den muslimske opposisjonen. For å forklare si eiga haldning, satt Chehab hardt mot hardt og sa beint fram at han ikkje kom til å be USA om å trekkja seg ut før det var slutt på valden.⁴⁸² Dermed gav han opposisjonen høve til å koma med eit initiativ, noko dei til ein viss grad gjorde sidan alle butikkar fekk halde ope frå den 3. september.⁴⁸³

Admiral Holloway og ambassadør McClintock laga ein avtale med Chehab der USA skulle trekkja ut ein bataljon med marinesoldatar den 15. september og enno ein bataljon like etter at Chehab hadde innteke presidentpalasset. Ovanfor opposisjonen skulle ein få det til å framstå som at Chehab hadde insistert på dette og såleis gje han ein liten fordel.⁴⁸⁴

Om morgonen den 23. september vart general Fuad Chehab teken i eid som president og gav ein tale der nasjonal einskap, lækja sår, atterreisa økonomien og skipa gode diplomatiske relasjonar til nabolanda stod sentralt. Dagen etter gjekk Chehab ut med den nye regjeringa

⁴⁸⁰ *Telegram from the embassy in Lebanon to the Department of State, August 30, 1958-4 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/8-3058. Glennon & Smith 1992, side 544, dokument 307.

⁴⁸¹ *The Times (London)*, "No interim new governemnt in Lebanon. Leaders' cabinet-making for change of presidency", 25. august 1958.

⁴⁸² *Telegram from the embassy in Lebanon to the Department of State, August 27, 1958-5 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783C.00/8-2758. Glennon & Smith 1992, side 530, dokument 299.

⁴⁸³ Qubain 1964, side 156.

⁴⁸⁴ UNOGIL 625, 8.august 1958. *Telegram frå Galo Plaza til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.; *Telegram from the embassy in Lebanon to the Department of State, August 30, 1958-4 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/8-3058. Glennon & Smith 1992, side 543, dokument 307.

leia av statsminister Rachid Karamé. Dei andre åtte ministrane var alle utanom ein frå opposisjonen.

Loyalistane gjer opprør

Regjeringa til Rachid Karamé vart teken særst dårleg i mot av tilhengjarane til Chamoun. Den nye opposisjonen med Falangistane⁴⁸⁵ i spissen meinte at den nye regjeringa var ein siger for opprørarane, noko dei ikkje kunne akseptera. Valden auka og kidnappingar langsetter konfesjonelle linjer vart særleg utbreidd. Offera vart torturerte ved at dei til dømes vart brennmerka med eit kross og ofte enda det med drap.⁴⁸⁶ I følgje Bull var dette den mest skremmande tida i Libanon då konflikten no såg ut til å utvikle seg til open kamp mellom kristne og muslimar.⁴⁸⁷ På ny vart barrikadane reist i Beirut, denne gongen var det områda rundt Falangistane sitt hovudkvarter, Achrafia vest i Beirut, som vart stengt av.⁴⁸⁸

Observasjonspostar til UNOGIL rundt om kring i landet melde om rolege tilhøve etter at Chehab kom til makta, det verkar som om Beirut var scenen for det nye opprøret og ikkje grenseområda.⁴⁸⁹ Falangistane erklærte streik den 24. september, ein streik som i følgje Gruppa var veldig effektiv. Denne gongen ville ikkje hæren halde seg passiv. Då åtte soldatar vart skutt og døydde, gav militærsjefen i Beirut ordre om å skyte alle som bar våpen, alle bygningar som det vart løyst skot frå måtte venta seg å verta åtaka av hæren og pansra bilar skaut mot dei kringsette bygningane til opposisjonen.⁴⁹⁰ Gruppa oppfatta kampane i Beirut den 24. september for å vera dei hardaste sidan byrjinga av mai månad; om lag 30 vart drepne og mange skada. Gruppa hevder at hadde det ikkje vore for hæren si handfaste handtering kunne situasjonen verkeleg ha utvikla seg dramatisk.⁴⁹¹

Situasjonen i Beirut hadde endra seg drastisk; opposisjonen vart brått i posisjon, og dei som streika var ikkje lenger hovudsakleg muslimar, men kristne. Ein ny del av byen var stengt for ålmenta. Bull fortel om ei ny rolle for FN-observatørane som ikkje ein kunne finne i resolusjonar eller i dei eigentlege funksjonane til UNOGIL:

⁴⁸⁵ Òg kjent som *al-Kataeb* eller *Phalanges Libanaises*. Vart stifta av Pierre Gemayel i 1936 som nytta tyske fascistparti som modell. Offisielt er partiet ope for alle men det er i all hovudsak maronittar som støttar Falangistane. Var sterk motstandar av fransk mandatstyre og arabiske nasjonalisme. Partiet hevda seg lite før 1958 då dei stod fram som ein viktig støttespelar for Chamoun.

⁴⁸⁶ Agwani 1964, side 158-9.

⁴⁸⁷ Bull 1973, side 36.

⁴⁸⁸ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Side 37. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304 (Achrafia: sjå kart i vedlegg 1.)

⁴⁸⁹ UNOGIL 1016, 24. september 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴⁹⁰ Ibid.

⁴⁹¹ UNOGIL 1023, 25. september 1958. *Telegram from Blickenstaff til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

(...) nemlig å være en slags katalytl mellom to stridende parter, i reglen mellom regjeringsvennlige og opposisjonen, men ofte for å bilegge familiefelder som i denne tiden blusset opp med betydelig styrke. Denne oppgaven ble løst på en glimrende måte av observatørene. Praktisk talt daglig ble de bedt om å megle, og utføre denne delikate og ofte vanskelige jobb på en førsteklasses måte.⁴⁹²

Framstilling til Bull av den nye rolla til FN-observatørane er noko roseraudt men det syner i det minste at planen til Hammarskjöld om å auke nærveret til UNOGIL i heile landet hadde ein positiv og pasifiserande effekt. Det var ikkje lenger så mykje snakk om infiltrasjon då den nye opposisjonen ikkje hadde nære allierte i Syria som kunne hjelpe til med våpen.

Bortsett frå å ha ein dempande effekt gjennom nærveret til UNOGIL, kunne ikkje FN gjere så mykje med misnøya som den nye opposisjonen synte ovanfor den ferske regjeringa. Den 30. september rapporterte Hammarskjöld til Generalforsamlinga i FN om implementeringa av resolusjonen av 21. august. Hammarskjöld skreiv at resolusjonen ikkje opna for forhandlingar frå generalsekretæren si side, i staden kommuniserte Hammarskjöld med dei arabiske regjeringane for å høyra kva dei sjølv meinte måtte til for å implementere godt naboskap. Utan å leggje fram noko formell framstilling til implementering høyrde Hammarskjöld på ideane. I Libanon innførte han nokre praktiske arrangement i form av å byggje ut UNOGIL. Vidare syner Hammarskjöld til resolusjonen av 11. juni og at UNOGIL utførte resolusjonen på ein glimrande måte. I den noverande situasjonen i Libanon meinte han at Gruppa og FN-observatørane "(...) adequately helps in upholding the purposes of the charter in relation to Lebanon."⁴⁹³ Vidare konkluderte Hammarskjöld med at no når alle landa var innstilt på å syna respekt for grensene til kvar einskilde stat, og når USA snart kom til å trekkja seg heilt ut av Libanon, vurderte han dei vesentlege delane av resolusjonen for å vere implementert. Likevel skreiv Hammarskjöld at UNOGIL framleis skulle vere utplassert i Libanon for å følgje opp all potensiell intervensjon.⁴⁹⁴

*"No Victor, no Vanquished"*⁴⁹⁵

I Beirut var det klårt at falangistane ikkje ville gje seg før ein ny regjering var på plass. Den

⁴⁹² Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958. Side 33. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.; UNOGIL 726, 18. august 1958. *Telegram frå gruppa til Bunche*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103

⁴⁹³ A/3934/Rev. 1 29. september 1958. *Questions considered by the Security Council at its 838th meeting on 7 august 1958. Report of the Secretary-General*. Side 12. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958, Security Council Documents, L179:100.

⁴⁹⁴ Ibid. side 14.

⁴⁹⁵ Omgrepet som kan reknast som Chehab sitt motto under forminga av ei nasjonal regjering som alle kunne samlast under. I følgje Qubain (1964, side 160) var "ingen vann, ingen tapte" –innstillinga ein føresetnad for at falangistane gjekk med på den nye regjeringa og vart såleis ei rettleiing for fred. Salibi 1964, side 204.

29. september ytra falangistane i ei pressemelding at dei ikkje hadde noko imot statsminister Rachid Karamé, men dei ville gjere motstand heilt til ei regjering basert på ei 50/50 fordeling var på plass. Dette vart avvist av Karamé.⁴⁹⁶ Dermed heldt uroa fram i Beirut.

I periferien må det ha vore vesentleg rolegare, sidan Bull skreiv i eit telegram til generalsekretæren den 7. oktober at han rekna talet på observatørar som høgt nok.⁴⁹⁷ UNOGIL var altså i stand til å implementert resolusjonen med om lag 500 menn, mot 826 som det vart lagt opp til ein månad tidligare.⁴⁹⁸ Dagen etter gav det amerikanske utanriksdepartementet ut ei pressemelding om at det no var avgjort at dei resterande marinesoldatane skulle trekkjast ut innan slutten av oktober.⁴⁹⁹

Den 9. oktober stilte Rachid Karamé og regjeringa seg til president Chehab sin disposisjon og presidenten avsette regjeringa. Samstundes gjekk det rykte i Beirut om at presidenten ville skipa ei militærregjering. Dette temaet diskuterte Chehab med Dayal om lag den 9. eller 10. oktober.

He [Chehab] stated that he had been unable to influence effectively leaders of the various factions towards a compromise settlement because of their ingrained confessionalism and factionalism.⁵⁰⁰

Ideen om å skipa ei militærregjering vart akseptert av både Karamé og leiaren for falangistane, Pierre Gemayel, men vart avslått av tidligare president Chamoun. Chehab konkluderte med at ei militærregjering ikkje ville løysa noko og at det var avgjerande å få skipa ei nasjonal samlingsregjering. Dayal skriv i telegrammet at Chehab den 11. oktober skal ha pressa statsminister Karamé og Gemayel til å finne fram til ei løysing basert på nasjonalpakta. ”If they [Gemayel og Karamé] did not, he [Chehab] said there was no choice for him to resign.”⁵⁰¹

Trusselen frå Chehab hadde tydelegvis ein innverknad på dei to kamphanane som diskuterte seg fram til ei løysing etter fire dagar. Den 14. oktober presenterte Karamé ei ny regjering med berre fire medlemmer, to frå kvar leir. Karamé sjølv heldt fram som statsminister,

⁴⁹⁶ Qubain 1964, side 160.

⁴⁹⁷ UNOGIL 1127, 7 oktober 1958. *Telegram frå Bull til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁴⁹⁸ S/4114, 17. november 1958. *Fifth report of the UNOGIL*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

⁴⁹⁹ *American Foreign Policy: Current Documents 1958. Oktober den 8., 1958*. Editorial Note. Glennon & Smith 1992, side 599-600, dokument 346.

⁵⁰⁰ UNOGIL 1154, 11. oktober 1958. *Telegram frå Dayal til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁵⁰¹ Ibid.

medan Pierre Gemayel, Raymond Eddé og Hussein Oueini⁵⁰² delte dei andre ministerpostane mellom seg.⁵⁰³ Same dag annonserte falangistane at streiken var over og tilhøva i heile landet gjekk raskt attende til det normale.⁵⁰⁴ Nokre dagar etter at den nye regjeringa kom i stand rapporterte Gruppa at spenninga i landet sank over natta og at alle partar verka nøgd med situasjonen.⁵⁰⁵

I tråd med tidligare planar reiste dei siste amerikanske soldatane frå Beirut den 25. oktober. Korrespondenten frå London-avisa The Times oppsummerte intervensjonen slik:

So the last of the brutal American aggressors has gone and Lebanon is herself again, a noble and integral part of the glorious world of Arabism. Or was it the saviours of her independence and integrity who departed from Beirut harbour yesterday morning in line astern, six grey shadows slipping over the blue horizon each outlined in white by her company, standing at attention in a farewell salute? It still depends, as throughout the past five months of strife, to whom you talk. The difference now is that passions are almost spent and pragmatism – the other side of the Levantine character – can rear its head, unabashed by recent orgies and eager for the old, Phoenician, money-making fray.⁵⁰⁶

Korrespondent til The Times har mykje rett i si skildring av den amerikanske intervensjon. For Chamoun *var* USA redninga frå arabisk nasjonalisme, i alle fall for ei stund, medan for opposisjonen var intervensjonen eit prov på at politikken til Chamoun var støtta av vesten og dermed eit brot med nasjonalpakta. Den politiske linja Chehab la seg på låg ein stad i mellom arabisk nasjonalisme og samarbeid med vesten.

Den 25. oktober var USA i stand til å trekkja seg ut av Libanon med storparten av æra i hevd. Bull fortel at dagen før Admiral Holloway reiste frå Beirut saman med dei siste marinesoldatane, vitja han Bull og ytra følgjande kommentar før han gjekk frå hotellet: ”Og denne mann (Chamoun) hadde den frekktet å tilkalle amerikanske væpnede styrker for å beskytte sine egne personlege interesser. [oversatt av Odd Bull]”⁵⁰⁷ Dette syner kva sjefen for den 6. flåte tykte om den amerikanske intervensjonen; i augo til admiralen var det ingen reel trussel mot Libanon, men ein President som ynskte å ta vare på personlege interesser i form av politisk makt i Libanon.

Chargé d'affaires Leif Edwardsen fortel i eit telegram til det norske

⁵⁰² Hussein Oueini var ein forretningsmann og sunnimuslim. Var ein del av opposisjonen under krisa i 1958.

⁵⁰³ *The Times (London)*, “New Lebanese Cabinet”, 14. oktober 1958.

⁵⁰⁴ Qubain 1964, side 161.

⁵⁰⁵ UNOGIL 1182, 17. oktober 1958. *Telegram frå gruppa til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁵⁰⁶ *The Times (London)*, “Business as usual in Lebanon. U.S. Troops Depart”, 26. oktober 1958.

⁵⁰⁷ *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Side 50. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. I Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

utanriksdepartementet den 26. juli om den britiske ambassadesekretæren sitt inntrykk av den amerikanske intervensjonen:

'Det fantastiske er', sa ambassaderaaden, 'at hele verden tror det ligger en master-plan bak det hele. Kruttsjof tror det, Nasser tror det og Saeb Salaam tror det, men planen finnes bare ikke. Den amerikanske ambassadør og Mr. Murphy aner ikkje fra time til time hva de skal ta seg til. Om fem dager er det presidentvalg, og den 1. august kan det utmerket godt hende at en ny enstemning valgt statssjef med folkets fulle tilslutning vil kreve marinesoldatene ut av landet uten opphold. I mellomtiden vil de ingenting ha gjort, de har ikke en gang stoppet infiltrasjonen!'⁵⁰⁸

Den britiske ambassaderåden hadde rett i at USA ikkje fekk slutt på infiltrasjonen. I tråd med avtalar inngått med Chehab rett etter intervensjonen, og for ikkje å blande seg for mykje inn i arbeidet til UNOGIL, vart marinesoldatane stasjonert på flyplassen og i hamna i Beirut. Mellom desse stadane var det utplassert sjekkpostar og militære vaktar for å verna logistikkrutene frå hamna til flyplassen, men marinesoldatane var aldri utanfor bygrensene. Ambassaderåden syner òg til at ambassadør McClintock og Murphy ikkje hadde ein plan. Planen for den militære delen av intervensjonen var klår og kanskje den enklaste delen av oppdraget. Verre var det å løyse krisa i Libanon. Telegramma frå den amerikanske ambassaden til utanriksdepartementet syner at dei arbeidde etter innfallsmetoden og dei gir eit inntrykk av å ikkje ha ein klår agenda, men prøvde heller å finna ei løysing som gjorde at dei kunne trekkja seg ut snarast råd.⁵⁰⁹ Det same syner seg i debatten knytt til UNOGIL både i Tryggingrådet, Generalforsamlinga og ikkje minst i korridorane i FN-bygget. USA vurderte eit forsterka UNOGIL som avgjerande for å løysa krisa og såleis gje marinesoldatane eit høve til å trekkja seg ut.

No når UNOGIL hadde fått vesentleg fleire observatørar og krisa i Libanon var over kunne USA fullføre attendetrekkinga, då var det heller ikkje noko nytte i nærveret til UNOGIL då oppdraget med å dekkja retretten til marinesoldatane var fullført.

UNOGIL vert avvikla

Sidan situasjonen i Libanon rakst vart betre og alle marinesoldatane hadde reiste, sendte Gruppa den 8. november eit telegram til generalsekretæren om at ein kunne byrja å senda

⁵⁰⁸ J.Nr 018307/1958 *Telegram frå ambassadesekretær Leif Edwardsen til Det kgl. Utenriksdepartement, Beirut, 26. juli 1958*, side 2. Strengt Fortolig. Funnen hjå Riksarkivet i UD-sakspapir, 1950-59, eske 1303.

⁵⁰⁹ Sjø til dømes *Telegram from the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut, July 24, 1958-7 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/7-2458. Glennon & Smith 1992, side 391-2, dokument 229. Eller *Telegram from the Department of State to the Embassy in Lebanon, Washington, July 25, 1958-10:38 p.m.* Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 110.12-MU/7-2558. Glennon & Smith 1992, side 400-1, dokument 234.

heim observatørar, 200 mann i fyrste omgang.⁵¹⁰ Chehab var einig i attendetrekkinga og det fyrste flyet med observatørar vart sendt ut av Beirut nokre dagar seinare.⁵¹¹ Under eit møte mellom president Chehab og general Bull den 11. november spurde Bull om kva som kunne ha skjedd dersom UNOGIL ikkje allereie hadde vore på plass i Libanon då amerikanarane kom. Chehab svara at då måtte USA ha hærteke heile landet og ein kunne ha enda opp med ein situasjon mykje lik den i Korea nokre år i førevegen,⁵¹² altså væpna kamp.

I eit møte mellom Dayal og den ferske utanriksministeren, Hussein Oueini, den 8. november vart det lagt planar for attendetrekking av UNOGIL. Oueini ytra at regjeringa no var innstilt på å trekkja attende klagen på UAR som dei sendte til Tryggingrådet i byrjinga av juni. Dette ville dei gjera rundt den 20. november, og i samband med dette ynskte regjeringa at FN offisielt skulle annonsere at dei kom til å trekkja attende UNOGIL innan den 23. november. Denne dagen var nasjonaldagen til Libanon og libanesarane ville ikkje ha framande soldatar på eigen jord når dagen skulle feirast. Oueini meinte at prosessen ville gå smertefritt dersom Gruppa sendte den siste rapport til Tryggingrådet i midten av november, då helst ein rapport som konkluderte med at resolusjonen var implementert og oppdraget utført.⁵¹³

Dermed sendte Gruppa den femte og siste rapporten som vart teken i mot i Tryggingrådet den 17. november. Dei rapporterte at alle opprørar la ned våpna i byrjinga av oktober og at hæren var godt i gong med å ta attende kontrollen over heile landet. Observatørane var spreidd over heile landet og mot slutten av oktober køyrde observatørane i gjennomsnitt 13620 km kvar dag, og i same månad flaug overvåkingsflya og helikoptra 305 oppdrag, i alt 767 timar. Når det gjeld observasjonar ynskte Gruppa å gjere det klart at:

(...) no cases of established or suspected infiltration of armed men or smuggling of materiel have been noted by its Observers during the period [21. september til 14. november] under review.⁵¹⁴

Gruppa hadde noterte ein jamn nedgangen i våpenberande menn sidan september, særskild etter at den andre regjeringa til Chehab kom i stand. Dessutan hadde det vore nokre dømer på *deinfiltrasjon* av personar som etter all sannsyn hadde teke seg ulovleg inn i landet.

⁵¹⁰ UNOGIL 1294, 6. november 1958. *Telegram frå gruppa til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁵¹¹ UNOGIL 1334, 11. november 1958. *Telegram frå Blickenstaff til Bunch*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁵¹² Generalmajor Odd Bull si dagbok, *Tirsdag den 11. november 1958*. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.

⁵¹³ UNOGIL 1315, 8. november 1958. *Telegram frå Dayal til Generalsekretæren*. I KBSt Dag Hammarskjölds samling, ME-conf. Leb., 1958 Coded Cables. (From/To U.N. – UNOGIL). L179:103.

⁵¹⁴ S/4114, 17. november 1958. *Fifth report of the UNOGIL*. Tryggingrådet, side 5, §13, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

Eit slikt døme var 365 drusarar som marsjerte frå Chouffjella og inn i dei sørlege delar av Bekaadalen. Der vart 250 av dusarane henta av lastebilar og køyrd til grensa, medan resten gjekk til andre drusarlandsbyar i nærleiken. Sidan Gruppa ikkje hadde funne prov for noko infiltrasjon den siste tida og den generelle tryggingssituasjonen i Libanon hadde betra seg mykje, konkluderte dei slik:

(...) the Group has come to the conclusion that its task under the 11 June resolution may now be regarded as completed.⁵¹⁵

I relasjon til resolusjonen til Generalforsamlinga av 21. august, meinte Gruppa at resolusjonen var implementert då ”(...) the withdrawal of foreign troops from Lebanon was completed before the end of October.”⁵¹⁶ I lys av dette meinte Gruppa at oppdraga var utført og dei råda til at UNOGIL burde trekkjast attende.⁵¹⁷

Dagen i førevegen mottok presidenten i Tryggingrådet eit brev frå den libanesiske regjeringa der dei la vekt på at normale relasjonar no var skipa mellom Libanon og UAR og difor ynskte regjeringa at Tryggingrådet måtte sletta klagen av 22. mai retta mot UAR.⁵¹⁸ Generalsekretær Hammarskjöld synte til rådet frå Gruppa om å trekkja attende UNOGIL og vurderte sjølv resolusjonen av 11. juni for utført. Difor ville han no sørgje for at klagen vart sletta og at det vart laga ein plan for attendetrekkinga av UNOGIL.⁵¹⁹

Planen for attendetrekking låg klar den 21. november. Alle observasjonspostane skulle stengjast ned innan utgangen av november medan dei resterande 375 observatørane skulle reisa heim i tre bolkar innan den 10. desember.⁵²⁰ Verdens Gang (VG) rapporterte den 26. november 1958:

De første norske Libanon-offiserene i FN's tjeneste er allerede komme hjem, og resten følger eller slag i slag får VG opplyst i forsvaret. I alt har 51 nordmenn tjenestegjort i Libanon, hvor general Odd Bull var øverste sjef for observatørene i det praktiske arbeide i marken.⁵²¹

⁵¹⁵ Ibid., side 7, §20.

⁵¹⁶ Ibid., side 7, §21.

⁵¹⁷ S/4114, 17. november 1958. *Fifth report of the UNOGIL*. Tryggingrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

⁵¹⁸ S/4113, 17. november 1958. *Latter dated 16 November 1958 from the minister of foreign affairs of Lebanon to the President of the Security Council*. <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

⁵¹⁹ S/4115, 17. november 1958. *Letter dated 17 November 1958 from the Security-general, adressed to the President of the Security Council*. <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

⁵²⁰ S/4116, 21. november. *Report by the Secretary-General on the plan for withdrawal of the UNOGIL submitted in pursuance of the resolution of the Security Council of 11 June 1958 (S/4023)*. <http://documents.un.org>

⁵²¹ *Verdens Gang* (VG), ”De første norske Libanon-offiserer hjemme igjen”, 26. November 1958.

Kapittel 6: Oppsummering og konklusjon

*Both sides observed a gentleman's code,
That while bullets may patter,
It'd be very wrong indeed,
Were any blood to spatter.⁵²²*

Ein intern konflikt utanom det vanlege?

Det siste verset i diktet til Rajeshwar Dayal byrjar med at “Both sides observed a gentleman's code,(...)”. Det kan vel trygt slåast fast at ”gentleman’s code” ikkje er det fyrste som slår ein når det gjeld interne konflikter på kanten til borgarkrig. Men krisa i Libanon var noko utanom det vanlege. Til dømes åt Generalsekretær Dag Hammarskjöld lunsj med utanriksminister Charles Malik den 23. august der Malik fortalde om opposisjonsleiarane Kamal Joumblatt, Rachid Karamé, Sabri Hamadé og Saëb Salam: ”He [Charles Malik] described each of them as good Lebanese patriots, good friend of his and devoted to their country, with each having a particular complaint.”⁵²³

I følgje statsvitaren Fahim I. Qubain vart krisa i 1958 kalla for ”The Revolt of the pashas.”⁵²⁴ Krisa var ikkje primært eit folkeleg opprør mot president Chamoun. Det var heller leiarane i opposisjonen som ikkje var nøgd med politikken som Chamoun førte. Dei same leiarane var samstundes landeigarar og tradisjonelle leiarar som klarte å mobilisere støtte i folket, noko som vart enkelt då opposisjonen støtta seg til folkehelten president Nasser. Dette sette støtta frå UAR i eit noko merkeleg lys då det var nettopp jordeigarar og den tradisjonelle eliten president Nasser sjølv hadde gjort opprør mot.

Det fører oss vidare inn på rolla til UAR under krisa i 1958. Om president Nasser hadde ambisjonar om å innlemme Libanon i UAR kan ein ikkje gje eit sikkert svar på utan tilgjenge til egyptiske arkiv. Likevel talar møte mellom Nasser og Dag Hammarskjöld og ytringane av Nasser i det offentlege rom, for at Nasser ikkje ynskte å innlemma Libanon i UAR. Men, det bør ikkje vere noko tvil om at Nasser var særskild misnøgd med utanrikspolitikken til Chamoun. Den omfattande radiopropagandaen og støtta til opposisjonen står som ei prov på dette.

⁵²² Dikt funnen i både Dag Hammarskjöld og Odd Bull sine private arkiv. Hammarskjöld fekk det tilsendt av Dayal som òg gjev inntrykk av å vera forfattaren. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958, Correspondance, L179:105

⁵²³ *Dag Hammarskjöld sitt notat etter lunsj med Charles Malik*. 23. august 1958. I KBSt Dag Hammarskjöld's samling, ME-conf. Leb., 1958, (correspondance, statement, etc.) June 10- July 20. L179:105.

⁵²⁴ Qubain 1961, side 39.

Når det gjeld infiltrasjonen i regi av UAR stiller avhandlinga seg saman med forskingsfronten; det er ingen tvil om at det var infiltrasjon, verre er det å finne ut kor mykje det var snakk om. Nasser innrømma at han gav ordre om ein massiv infiltrasjon *etter* at den libanesiske regjeringa klaga på UAR til Den arabiske ligaen og FN. Likevel gjekk Nasser med på å innstille infiltrasjonen etter press frå generalsekretær Hammarskjöld. Kjelder frå både FN og det amerikanske utanriksdepartementet rapporterte om ein merkbar reduksjon i smuglinga og ein nedtoning av propagandaåtaka nokre dagar etter samtalen mellom Nasser og Hammarskjöld. FN-observatørane som stod meir eller mindre langsetter grensa og må slik ha hatt ein positiv effekt på infiltrasjonen. Det er høgst sannsynleg at opposisjonen nekta observatørane tilgjenge til grenseområda nettopp fordi det føregjekk smugling av våpen, men, etter at UNOGIL fekk tilgjenge den 15. juli vart det gjort få observasjonar av infiltratørar og smugling.

Tala på infiltratørar varierar sterkt. I eit møte den 15. juni med ambassadør McClintock ytra Chehab (som då var sjef for hæren) at i følgje etterretninga var det ikkje fleire enn om lag 300 syrarar og kanskje 500 drusarar i Libanon.⁵²⁵ Avhandlinga har synt at infiltrasjonen etter alt å døme auka etter den 15. juni og ti dagar seinare hevda president Chamoun på ein pressekonferanse at talet på infiltratørar var 24-30% av om lag 12000 opprørar, altså omlag 3500 infiltratørar.⁵²⁶ Bull skriv i eit fortruleg brev til Hammarskjöld den 6. februar at han mot slutten av operasjonen hadde freista å finna ut kor mange infiltratørar som hadde teke del i opprøret. President Chehab meinte at talet var om lag 3000 medan innanriksminitsar Raymond Eddé meinte det var snakk om 1000 personar. I følgje Bull syner desse tala at libanesarane sjølv ikkje hadde noko særskild god oversikt over graden av infiltrasjon. Grappa sjølv vurderte talet på infiltratørar til å vere 1200 der to tredjedelar var drusarar.⁵²⁷ I sjølvbiografien sin fortel Bull at han under ei vitjing til Beirut nokre år seinare fekk høve til å presenterer korleis Grappa vurderte talet på infiltratørar for opposisjonsleiaren Saëb Salam. Salam smilte og svarte at det var færre enn 1200⁵²⁸

Den interne konflikten i Libanon handlar, som forskingslitteraturen om emnet syner, om den nasjonale identiteten til Libanon.⁵²⁹ Skal Libanon, og dermed identiteten til nasjonen,

⁵²⁵ *Telegram from the Embassy in Lebanon to the Department of State, Beirut June 15, 1958-2 p.m.* Top Secret. I arkivet etter Dep. St., CF, 783A.00/6-1558. Glennon & Smith 1992, side 124-4, dokument 80.

⁵²⁶ *President Camille Chamoun's News Conference of June 25, 1958.* I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.

⁵²⁷ *Brev frå Bull til Hammarskjöld, 6. februar 1959.* Fortrueleg. I Riksarkivet i arkivet etter generalmajor Odd Bull. Arkivboks 3, mappe: UNOGIL.

⁵²⁸ Bull 1973, side 34.

⁵²⁹ Sjølv om det er ikkje er konsensus om korleis krisa vart løyst er Attié 2004, Kanaan 2005 og Qubain 1964 samd om at brot med nasjonalpakta, og dermed usemje om kva den nasjonale identiteten skulle innehalda, var ein avgjerande faktor

vere knytt til Europa eller dei arabiske nabolanda? I forskingslitteraturen knytt til borgarkrig heiter det gjerne at motstandarar som sloss om identitet har større vanskar med å finna ei løysing enn motstandarar som kjemper om politiske eller økonomiske saker.⁵³⁰ Den libanesiske krise enda hausten 1958, men konflikten langsetter konfesjonelle linjer, slik ein såg i det tre veker lange kontraopprøret like etter at Chehab kom til makta, var eit frampeik på dei gruelege borgarkrigane som kom til å herje i Libanon frå 1975 til 1991.

Kva innverknad hadde FN og UNOGIL på løysinga av krise i 1958?

Avhandlinga har gjort greie for rolla til generalsekretær Dag Hammarskjöld og UNOGIL i krise generelt og med særskild omsyn til korleis krise vart løyst. Kjeldene som ligg til grunn for avhandlinga har aldri før vorte nytta for å finna svar på liknande problemstillingar, vidare har det heller aldri vorte freista å studera denne rolla. FN har tidlegare berre vorte handsama i eit par linjer i forskingslitteraturen.

Ein sentral observasjon i denne avhandlinga er at UNOGIL og generalsekretær Hammarskjöld innverka på krise på to forskjellige måtar ved å arbeida parallelt på eit nasjonalt- og internasjonalt nivå. Det må òg presiserast at krise kan delast inn i to fasar: den fyrste fasen var knytt til resolusjonen av 11. juni og den andre kom som ein følgje av den amerikanske intervensjonen og resolusjonen av 21. august, difor er det høveleg å snakka om *før og etter* den amerikanske intervensjonen.

Mellom den 11. juni og 15. juli var det på det meste 100 observatørar som ikkje hadde fullstendig tilgjenge til grensa før den 16. juli. Det var difor avgrensa kor mykje infiltrasjon UNOGIL var i stand til å observere, dette kjem òg fram i den fyrste rapporten frå Gruppa. I denne fasen hadde Hammarskjöld ein større innverknad på krise enn Gruppa, gjennom det diplomatiske presset han retta mot Nasser. Ein må heller ikkje undervurdere den moralske innverknaden FN-observatørane må ha hatt på UAR og ikkje minst på opposisjonen som tok i mot støtte.

Likevel utvikla det seg til dårlege relasjonar mellom den libanesiske regjeringa og FN. Ut i frå kjeldene kjem det tydeleg fram at president Chamoun forventet ein FN-styrke som skulle stenga grensa og ikkje berre observera. Det førte til at den libanesiske regjeringa paradoksalt nok prøvde å undergrave arbeidet til UNOGIL, trass i at FN hadde ein merkbar effekt på infiltrasjonen.

for at opprøret kom i gong.
⁵³⁰ Walter 2002, side 12.

Likevel intervenerte USA den 15. juli etter invitasjon frå Chamoun. Bakgrunnen for intervensjonen er gjort greie for i avhandlinga og alt tyder på frykta for å mista innverknadskraft og posisjon i regionen var hovudårsaka til at amerikanarane intervenerte.

Etter den amerikanske intervensjonen vart rolla til UNOGIL fundamentalt endra. Hammarskjöld var godt informert om at USA ville ut av Libanon snarast råd og generalsekretæren tok dermed initiativet då Tryggingrådet feila i å finna ei løysing. Hammarskjöld meinte at nærveret til FN var avgjerande på tre måtar. For det fyrste verka UNOGIL som ei motvekt til amerikanarane internt i Libanon, dette var særskild viktig for opposisjonen sin del. For den andre var ei forsterking av UNOGIL avgjerande for å gje USA eit påskot til å trekkja seg ut snarast råd. Dette heng tett saman med det tredje: for Sovjetunionen og andre som ikkje ville godta ein amerikansk intervensjon i Libanon, var det greitt å kunna peika på at så snart UNOGIL var i stand til å verne integriteten til Libanon, skulle USA trekkja seg ut.

Planen til Hammarskjöld for korleis ein skulle leggje til rette for attendetrekking av marinesoldatane og samstundes trygge sjølvstende og integriteten til Libanon vart ført vidare og stadfesta i resolusjonen den 21. august. UAR skulle halde seg vekke frå indre tilhøve i Libanon, medan Hammarskjöld skulle sjå til at charteret til FN vart følgt i Libanon og slik sørgja for at USA kunne trekke seg ut:

(...) such practical arrangements as would adequately help in upholding the purposes and principles of the Charter in relation to Lebanon and Jordan in the present circumstances, and thereby facilitate the early withdrawal of the foreign troops from the two countries;⁵³¹

For Hammarskjöld var UNOGIL desse praktiske arrangementa.

Den breie tolkinga av rolla til Hammarskjöld, og ikkje minste det aktive presset og forhandlingane Gruppa utførte i Libanon, er det vanskeleg å finne dekning for i resolusjonen av 11. juni. Enklare vart det då resolusjonen av 21. august vart vedteken. Desse ekstraordinære oppgåvene som Gruppa og Hammarskjöld tok på seg kan, som Ann Hughes hevdar, bere preg av å vera politisk vurdert eller syna mangel på objektivitet.⁵³²

Som avhandlinga syner var det lite som tyda på at sjølvstende til Libanon nokon gong verkeleg var i fare. Kjeldene syner at Gruppa og Hammarskjöld raskt vart klar over dette og

⁵³¹ A/3905, *Resolutions adopted by the General Assembly during its Third Emergency Special Session from 8 to 21 August 1958*. Side 1, 1237 (ES-III) Questions considered by the Security Council at its 838th meeting on 7th August 1958. Generalforsamlinga, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 12.05.10)

⁵³² Sjøå kapittel 1 under delkapittel; *Den libanesiske krisa handsama i forskingslitteraturen*.

tok dermed ein kontekstualisert tilnærming til korleis krisa skulle løysast. Ann Hughes kallar dette for mangel på objektivitet, men det kan òg kallast pragmatisme i ein kontekst som endra seg så dramatisk som den gjorde i Libanon. Fyrst var det ein intern konflikt der den eine parten fekk støtte frå nabolanda og brått vart Libanon ein kasteball i den kalde krigen mellom USA og Sovjetunionen.

Å løyse ei så komplisert krise kan ikkje tileignast ein aktør. Det er ingen tvil om at viljen til kompromiss hjå libanesarane sjølv var avgjerande for at krisa var løyst. Amerikansk diplomati, særskild Robert Murphy som var president Eisenhower sin utsending til Libanon, var òg viktig, men då helst for å klargjere motivet for den amerikanske intervensjonen. For, som avhandlinga har synt, var krisa reint internt på god veg til å enda *før* amerikanarane kom; opposisjonen såg fram til valet, president Chamoun hadde annonsert at han ikkje kom til søkje ein ny runde som president og infiltrasjonen var minimal. *Etter* at amerikanarane gjorde landgang vart stemninga i internt i Libanon dårleg att og UNOGIL vart ei brikke i eit stordiplomatisk spel. For at USA kunne trekkja seg ut måtte UNOGIL forsterkast og framstå som ein truverdig vernar av sjølvstende og integriteten til Libanon.

Basert på kjeldene presentert i avhandlinga vil eg konkludera med at oppfatning av korleis FN og UNOGIL medverknad til løysinga av krisa i 1958 er undervurdert i den tidligare forskingslitteraturen. Bull nyttar omgrepet ”betydelig”⁵³³ for å skildra rolla til FN og UNOGIL i løysinga av krisa, avhandlinga syner at omgrepet *avgjerande* er meir høvande.

⁵³³ Bull 1973, side 10.

Bibliografi

Arkivkjelder

Stockholm, Kungliga Biblioteket

Dag Hammarskjölds Samling. Middle East Conflict (Lebanon):

L179:100 United Nations Security Council 1958.

L179:101 United Nations Press Release 1958.

L179:102 United Nations Third Emergency Special Session, General Assembly 1958.

L179:103 Coded Cables, from/to U.N. UNOGIL 1958.

L179:104 Correspondence, statements etc. june 10 – july 20 1958.

L179:105 Correspondence, statements etc. july 21 – dec. 1958.

Oslo, Riksarkivet

Utanriksdepartementet, saksarkiv:

3F31747 UD 1950-59 eske 1302 (17/5-58 til 19/6-58)

3F31747 UD 1950-59 eske 1303 (20/6-58 til 5/7-58)

3F31747 UD 1950-59 eske 1303 (6/7-58 til 27/7-58)

3F31747 UD 1950-59 eske 1303 (25/7-58 til 19/8-58)

3F31747 UD 1950-59 eske 1304 (23/11-58 til 19/8-58)

Private arkivet etter Odd Bull:

2F37652 Arkivboks 3 Midt-Østen.

Forsvarets Krigshistoriske avdeling:

Serie Ed, eske 152, merka XII-6508 FN-aksjonen i Libanon.

Publiserte FN-kjelder

FN er i gong med å digitalisere alle offisielle dokument og gjere dokumenta tilgjengelege for alle som er interessert. Alt som har kome etter 1993 er publisert medan det som er eldre kjem til etter kvart. Difor var storparten av alle dokumenta eg hadde trong for fritt tilgjengelege

gjennom søkemotoren ein finn på vevesida: <http://documents.un.org/advance.asp>.

Publiserte arkivsamlingar

Agwani, M. S. (red.) 1965. *The Lebanese Crisis, 1958. A Documentary Study*. London: Asia Publishing House.

Glennon, John P. og Smith, Louis J. (redaktører). 1992. *Foreign Relations of the United States, 1958-1960. Volume XI. Lebanon and Jordan*. Washington D. C: United States Government Printing Office.

Publiserte kjelder

Bøker

Bull, Odd. 1973. På Post i Midt-Østen. I FN's Fredsbevarende Tjeneste. Oslo: Gyldendal Norske Forlag.

Chamoun, Camille. 1963. *Crise au Moyen-Orient*. Paris: Editions Callimard.

Dayal, Rajeshwar. 1998. *A Life of Our Times*. New Delhi: Orient Longman.

Eveland, Wilbur Crane. 1980. *Ropes of Sand. America's Failure in the Middle East*. London & New York: W. W. Norton & Company.

Joumbblatt, Kamal. (Oversatt av Michael Pallis). 1982. *I Speak for Lebanon*. London: Zed Press.

Malik, Charles. 1963. *Man in the Struggle for peace*. New York: Harper & Row Publishers.

Murphy, Robert. 1964. *Diplomat Among Warriors*. New York: Pyramid Books.

Aviser

Time, The Weekly Newsmagazine, "Lebanon: Bloodletting", 26. mai, 1958.

Time, The Weekly Newsmagazine. "Lebanon: The Marines Have Landed", 28. juli 1958.

Time, The Weekly Newsmagazine, "Lebanon: The Search", 4. august 1958

Time, The Weekly Newsmagazine, "Lebanon: A Vote for Peace", 11. august 1958.

The New York Times, "Eisenhower sends marines into Lebanon; Recognizes Risks. President Says More Troops Will Go if The Are Needed", 16. juli 1958.

The Times (London), "Mr. Chamoun to leave Presidency", 9. juli 1958.

The Times (London), "Determination to oust President", 10. juli 1958.

The Times (London), "Crisis takes a holiday in Beirut. Rapidly returning confidence".
1. august. 1958

The Times (London), "No interim new government in Lebanon. Leaders' cabinet-making for
change of presidency", 25. august 1958.

The Times (London), "New Lebanese Cabinet", 14. oktober 1958.

The Times (London), "Business as usual in Lebanon. U.S. Troops Depart", 26. oktober 1958.

Verdens Gang (VG, Noreg), "De første norske Libanon-offiserer hjemme igjen."
26. November 1958.

Litteraturliste

Bøker

Abul-Husn, Latig. 1998. *The Lebanese Conflict. Locking Inward*. London: Lynne Rienner
Publishers.

Attie, Caroline. 2004. *Struggle in the Levant: Lebanon in the 1950s*. London: I. B. Tauris
Publishers.

Bull-Hansen, Haakon. 2008. *I Krig for Fred. 12 personlige fortellinger fra Koreakrigen til
Afghanistan*. Oslo: Kagge Forlag.

Butenschøn, Nils A. 2008. *Midtøsten. Imperiefall, statsutvikling, kriger*. Oslo:
Universitetsforlaget.

Choueiri, Youssef M. 2003 (publisert første gong i 1989). *Modern Arab Historiography.
Historical discourse and the nation-state*. London: RoutledgeCurzon

Cleveland, William L. 2004 (Third edition). *A History of the Modern Middle East*. Oxford:
Westview Press.

Entelis, John P. 1974. *Pluralism and Part Transformation in Lebanon*. Netherlands: Leiden,
E. J. Brill.

Gendzier, Irene L. 2006. *Notes from the Minefield. United States Intervention in Lebanon and
the Middle East 1945-1958*. New York: Columbia University Press.

Heiberg, Marianne og Holst, J. Johan. 1985. "Keeping the Peace in Lebanon: Assessing

- International and Multinational Peacekeeping.” NUPI-notat, Nr. 357. Oslo: Norsk Utenrikspolitisk Institutt.
- Heikal, Mohamed. 1972. *Nasser. The Cairo Documents*. London: New English Library.
- Kalawoun, Nasser M. 2002. *The Struggle for Lebanon. A Modern History of Lebanese-Egyptian Relations*. London: I. B. Tauris Publishers.
- Kanaan, Claude B. 2005. *Lebanon 1860 – 1960. A Century of Myth and Politics*. London: Saqi.
- Kjeldstadli, Knut. 1992. *Fortida er ikkje hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvamme, Daniel. 2007. *Za'ama systemet i Libanon 1943-1975. –ein historiografisk analyse*. Masteroppgåve i historie ved Universitetet i Bergen.
- Lehmann, Vidar. 2010. *Blå Beret, Raud Jord. Feltlege i FN-tjeneste*. Oslo: Spartacus
- Louis, Roger Wm. & Owen, Roger (redaktørar). 2002. *A Revolutionary Year. The Middle East in 1958*. London: I. B. Tauris Publishers.
- Marki, Petter. 2003. *De Forente Nasjoners Fredsbevarende Observatøroperasjoner*. Oslo: Forsvarets Kompetansesenter for internasjonal virksomhet.
- Miller, Richard I. 1962. *Dag Hammarskjöld And Crisis Diplomacy*. New York: Pyramid Books.
- Mohn, Albert Henrik. 1959. *Arabiske korsveier. Fra Algerie til Kuwait*. Oslo: Gyldendal Norske Forlag.
- Nasser, Abdul Gamal. (Oversatt av Harald Heyerdahl Hørbye.) 1959. *Egypt's frigjøring. Revolusjonens filosofi*. Oslo: Frank Haakerud & CO. A.S.
- Phares, Walid. 1995. *Lebanese Christian Nationalisme. The Rise and Fall of an Ethnic Resistance*. London: Lynne Rienner Publishers.
- Qubain, Fahim I. 1961. *Crisis in Lebanon*. Washington D.C: The Middle East Institute.
- Said, Edward. 2004 (publisert fyrste gong i 1978). *Orientalismen. Vestlige oppfatningar av Orienten*. Oslo: Cappelen.
- Salibi, Kamal S. 1964. *The Modern History of Lebanon*. New York: Caravan.
- Salibi, Kamal S. 1976. *Crossroads to civil war, 1958-1976*. New York: Caravan.

- Salibi, Kamal. 1988. *A House of Many Mansions. The History of Lebanon Reconsidered*. Berkely: University of California Press.
- Sands, William (red.) 1959. *Middle East Report 1958. Nationalism, Neutralism, Communism – The Struggle for Power*. Washington D. C.: The Middle East Institute
- Traboulsi, Fawwaz. 2007. *A History of Modern Lebanon*. London: Pluto Press.
- Urquhart, Brian. 1973. *Hammar skjold*. London: The Bodley Head.
- Walter, Barbara F. 2002. *Committing to Peace. The Successful Settlement of Civil Wars*. Princeton: Princeton University Press.
- Yaqub, Salim. 2004. *Containing Arab Nationalism. The Eisenhower Doctrine and the Middle East*. North Carolina: The University of North Carolina Press.

Artiklar

- Agwani, M. S. 1962. "The Lebanese Crisis of 1958 in Retrospect." *International Studies*. Vol. 4. Nr. 4. Side 329-48
- Cleveland, Harlan. 1963. "Crisis Diplomacy." *Foreign Affairs*. Vol. 41. No. 4 (juli). Side 638-49.
- Curtis, Gerald L. 1964 "The United Nations Observation Group in Lebanon." *International Organization*. Vol. 18. Nr. 4 (haust). Side 738-65.
- Goodrich, Leland M. 1962. "The Political Role of the Secretary-General." *International Organization*. Vol. 16. No. 4 (haust). Side 720-35.
- Hoff, Tor 1998. "United Nations Observer Group in Lebanon (UNOGIL). Et 40-års minne." *Den blå beret, Sjekkposten*. Nr. 2, 1998.
- Hottiger, Arnold. 1961. "Zu'ama' and Parties in the Lebanese Crisis of 1958." *Middle East Journal*. Vol. 15. Nr. 2 (vår). Side 127-40.
- Hughes, Ann. 2002. "'Impartiality' and the UN Observation Group in Lebanon, 1958." *International Peacekeeping*. Vol. 9. Nr. 4. Side 1-20. London: Routledge.
- Huseby, Christine. 2004. "Norsk helikopterbidrag I UNOGIL 1958." Semesteroppgåve (Modul 2, KS 2/I), Luftkrigsskolen.
- Lash, Joseph P. 1962. "Dag Hammar skjold's Conception of his Office." *International Organization*. Vol. 16. Nr. 3 (sommar). Side 542-66.

- Little, Douglas. 1990. "Cold War and Covert Action: The United States and Syria, 1945-1958." *Middle East Journal*. Vol. 44. Nr. 1 (vinter). Side 51-75.
- Little, Douglas. 1990. "Pipeline Politics: American, TAPLINE, and the Arabs." *The Business History Review*. Vol. 64. No. 2, American Business Abroad. Side 255-85.
- Nathanson, Nathaniel L. 1965. "Crisis at the United Nations: The Price of Peace-Keeping." *The University of Chicago Law Review*. Vol. 21. No. 4 (sommar). Side 621-58.
- Neack, Laura. 1995. "UN Peace-Keeping: In the Interest of Community or Self?" *Journal of Peace Research*. Vol. 32. Nr. 2. Side 181-96.
- Nir, Omar. 2004. "The Shi'ites during the 1958 Lebanese Crisis." *Middle Eastern Studies*. Vol. 40. Nr. 6. Side 109-29.
- Petersen, Keith S. 1959. "The Uses of the Uniting for Peace Resolution since 1950" *International Organization*. Vol. 13. No. 2. Side 219-232.
- Potter, Pitman B. 1958. "Legal Aspects of the Beirut Landing." *The American Journal of International Law*. Vol. 52. Nr. 4. Side 727-30.
- Redman, John. 1949. "Recent United Nations Activities in the Middle East" *Middle East Report 1959*. Edited by William Sand. Washington, D.C: The Middle East Institute.
- Regan, M. Patric. 1996. "Conditions of Successful Third-Party Intervention in Intrastate Conflicts." *The Journal of Conflict Resolutions*, Vol. 40, No. 2 (juni), side 336-59.
- Salibi, Kamal. 1966. "Lebanon under Fuad Chehab 1958-1964." *Middle Eastern Studies*, Vol. 2. No. 3. Side 211-226.
- Shulimson, Jack. 1966. "Marines in Lebanon 1958." *Marine Corps Historical Reference Pamphlet*. Washington D. C: Historical Branch, G-3 Division Headquarters, U. S. Marine Corps.
- Tandon, Yashpal. 1967. "Consensus and Authority Behind United Nations Peacekeeping Operations." *International Organization*. Vol. 21. Nr. 2 (våren). Side 254-83.
- Wright, Quincy. 1959. "United States Intervention in the Lebanon." *The American Journal of International Law*. Vol. 53. Nr. 1. Side 112-25.
- Zacher, Mark W. 1966. "The Secretary-General and the United Nations' Function of Peaceful Settlement." *International Organization*. Vol. 20. Nr. 4 (haust). Side 724-49.

Vedlegg:


Vedlegg 1.



Vedlegg 1: Kart over Beirut, delt inn i sonar kontrollert av høvesvis opposisjonen og Falangistane.⁵³⁴

⁵³⁴ Henta frå *Rapport om min tjeneste i FN som medlem av observatørgruppen i Libanon 15.6 – 15.12 1958*. Bilag 1. Av generalmajor Odd Bull. Merka 1826/59. Strengt Fortrolig. Sendt til utanriksdepartementet den 13. juni 1959. Funnen i Riksarkivet, UD-saksarkiv, 1950-1959, eske 1304.

Vedlegg 2:



Vedlegg 2: Kart over Libanon og observasjonspostane til UNOGIL.⁵³⁵

⁵³⁵ S/4100, 29. september 1958. *Fourth report of the UNOGIL*. Tryggingsrådet, <http://documents.un.org/advance.asp> (Kontrollert 16.05.10)